

Innhold

Årsmøtet 2006	s 2
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2006	s 6
Arbeidsplan 2006/2007	s 8
Styresaker	s 10
Næringspolitiske saker	s 10
Organisasjonssaker	s 24
Andre saker	s 30
Arbeidet i utvala.....	s 42
Organisasjonsarbeidet	s 46
Rekneskapen 2006	s 54
Leiarane i lokallaga	s 56
Medlemsoversikt	s 57
Gardsreknesapslaga i Rogaland	s 58



Tekst til framsidebiletet:

I samband med to dagars styremøte i september lagt til Egersund, var og dei tilsette inviterte til å vera med. Her frå ein kort tur opp på Varberg i Egersund der ein fekk god oversikt over heile byen og naturen rundt. Her ser ein mot aust. På biletet ser ein framme frå venstre: Vigdis B Nes, Anne B Kyllingstad og Arna Høyland.

Bak: Tjalve Lekvam, Sigmund Slettebø, Kirsten Meyer-Knudsen, Signe Henriksen, Svein Helge Harbo, Arnstein Gilje, Ingar Naustvik og Målfrid Husebø.



Verdiskaparen som er til for bøndene

TINE Rådgiving

- ✓ **GRUNNPAKKE**
 - Husdyrkontroll
 - Enkel produksjonsgjennomgang
- ✓ **ØKONOMI**
 - Effektivitetsanalyse
 - TINE Produksjonsplan (ØRT)
 - Driftsplan
- ✓ **FÖRING**
 - Kraftförlister
 - Föringstrategier
 - TINE Optiför
- ✓ **HELSE**
 - Aktiv HelseTeneste for Storfe (AHTS)
 - Mindre sjukdom - betre fruktbarhet
 - Samarbeid med helsetenesteveterinærar

- ✓ **TEKNIKK**
 - TINE Lausdrift
 - Funksjonstest/mjølke-maskinkontroll
 - Robot
- ✓ **AVL**
 - Utvida avlsplan

**Vil du ha betre
produksjonsresultat?**

**Prøv TINE
Rådgiving**



Årsmøtet 2006

Årsmøtet til Rogaland Bondelag vart halde på Quality Airport Hotell, Sola 17. og 18. mars 2006. Ordstyrar Olav R. Husveg.

Namneopprop

80 utsendingar frå 35 lokallag møtte, sju frå styret, tre medlemmer av årsmøtet til Norges Bondelag i tillegg til dei som møtte på anna grunnlag, to frå Rogaland Bygdekvinnelag, to frå Rogaland Bygdeungdomslag, tre andre medlemmer av årsmøtet til Norges Bondelag busett i Rogaland, samt møteleiaren – totalt 98 røysteføre. I tillegg møtte medlemmer av valkomiteen, gjester, presse og tilsette ved kontoret. I frå Norges Bondelag deltok leiар Bjarne A. Undheim. Han møtte og som delegat.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar Kjell Høyvik ønska velkommen til årsmøtet og sa fram minneord om tidlegare fylkessekretær/ organisasjonsleiar Rasmus Berg som døydde 28. januar 2006. Minnestunda vart avslutta med stillhet. Deretter overlot han ordet og leiinga av møtet til ordstyraren. Han refererte kort innkallinga og saklista og erkjente årsmøtet som lovleg sett og gjorde det ope for presse og gjester, men med høve til å lukka det. Til å skriva under møteboka saman med ordstyraren, vart Sven P. Erga, Orre og May Ann M. Levik, Forsand valde.

Leiaren sin tale

Innleiingsvis kom Kjell Høyvik inn på mediakjøret om fugleinfluensaen og kjøttdeigen til Gilde. - Det følest for meg at ”ingenting er som før”, sa han og understreka av vi som produsentar må skjerpa oss heile tida. Vi har ikkje noko å gå på. Forbrukarane må vi ha på lag og vi må vera opne og ærlege. Ut frå usikkerheten og tilnærma forvirring som har oppstått i denne saka, må det vera eit klart krav at ein snarast får ei avklaring om kor bakteriane kjem frå uttrykte han. Gilde har gjort ein stor jobb her for å få ei avklaring – andre må og gjera sitt.

Han kom inn på kravet om lausdrift for alle mjølkekyr inn 2024 og var redd dette kravet ville føra til avskalling

mjølkeprodusentar - særleg i distrikta. Enten må det verta opning for dispensasjon for kravet om lausdrift for bruk opp til ein viss storlek eller ei generell lemping på krava.

I samband med jordbruksforhandlingane til våren trekte han fram følgjande tre hovudpunkt:

- Klar inntektsauke for bøndene
- Betring av velferdsordningane
- bøndene skal ha det som folk flest
- Større økonomiske rammer til investeringar på bruket

Til slutt understreka han at vi som bønder må vera meir flinke på det menneskelege planet til å ta vare på kvarandre og gje kvarande ros. Er det naboar som gjer det godt så ros dei. Er det nokon som slit eller har andre problem – gi dei ei hjelpende hand eller berre vis at du er der.

Årsmelding for 2005

Nestleiar Sigmund Slettebø gjekk kort gjennom.

Rekneskap for 2005

Organisasjonssjefen gjekk gjennom rekneskapen og nemnde hovudpunktene.

Ordstyraren opna for debatt på leiaren sin tale, årsmeldinga og rekneskapen.

Hovudpunkt i debatten:

- Fleire retta takk til leiaren for god tale og til styret/administrasjonen for godt utført arbeid gjennom året.
- Organisasjonen og næringa må ta HMS-arbeidet meir på alvor. Talet på ulykker i næringa er for høgt.
- Fleire peika på det urimelege med kravet om lausdrift for alle mjølkekryr innan 2024 og var redd det ville føre til stor økonomisk belastningar for næringa og avgang av fleire bønder. I denne samanhengen vart det av fleire også peika på at Rogaland måtte få større del av BU-midlane. Tildelinga må stå i forhold til produksjonsomfanget i fylket.
- Oppfordring om ei klarare satsing på familjebondbruket – dei mellomstore brukarane. Det vart og stilt spørsmålsteikn ved kor stor produksjon ein måtte ha



Arna Høyland som nyvald leiari i Rogaland under årsmøtet i 2006

for å få ei rimeleg inntekt av drifta på garden.

- Reglane for kvoteordninga vart nemnd og det vart uttrykt at leige av kvote er uheldig då den unge bonden (oftast) må betal leiga til den som går ut av næringa.
- Sterk oppfordring om at fylkeslaget må meir på banen i jordvernsaka.

Leiar i U-landsutvalet Dagny Matland som nett hadde vore i Kamerun og sett på prosjektet organisasjonane i Rogaland støttar, orienterte frå opplevelingane ho og dei andre i gruppa hadde. Ho gav klart uttrykk for at hjelpla kom godt fram og det hadde gitt resultat og nye område stod for tur. Ho takka for støtta og oppfordra lokallaga til fortsatt innsats for prosjektet.

Kjell Høyvik føretok til slutt ei kort oppsummering.

Ordstyraren tok så årsmeldinga og rekneskapen opp til avstemming. Begge vart einstemmig godkjende.

Bondepris til Helgø Matsenter

Før neste programpost overrekte Kjell Høyvik pris til Helgø Matsenter for deira omfattande engasjement for marknadsføring av lokal mat. I samband med overrekkinga av prisen – ein kalligrafi med tekst fritt etter Håvarmål - understreka leiaren at Helgø Matsenter hadde bidrige til å framheva Rogaland som matfylke og nemnde spesielt profileringa av Kvitsøy-lam, reker frå Jærens rev og anna snadder frå fylket gjennom ulike annonsekampanjar for lokalprodusert mat.

Teksten i kalligrafien teikna av Torhild Serigstad Opstad var:

*Betre bør du ber kje i bakken
enn mannevit mykje.
For Rogalandsgroda du hugblidt byr fram;
me takkar med fagre ord.
Du har vunne eit gjetord gjævt.*

Rogaland Bondelag

Dagleg leiar for Helgø Matsenter, Roald Helgø takka for rosen og kviterte med å slå fast at det å profilera lokal mat inneber eit konkurransefortrinn.

Forventningar til jordbruksforhandlingane og resultata i WTO – Landbrukspolitiske utfordringar framover?

Dette var temaet for innlegget til leiar i Norges Bondelag, Bjarne A. Undheim. Innleiingsvis trekte han fram landbruksrelaterte punkt frå regjeringa si Soria Moria-erklæring. Med desse som bakgrunn og med utspele elles frå regjeringa og andre gjennom media, understreka han at det hadde vorte skapt klare forventningar ute hjå bøndene til årets forhandlingar. Forventninga går og på at regjeringa vil snu landbrukspolitikken til større satsing på mellomstore bruk. Når det gjeld WTO-forhandlingane var det ei klar utfordring for organisasjonen å få til ein avtale som ville gi lønnsam produksjon for bønder. Leiaren var usikker på kva tid ein ville koma i mål med ein nye WTO-avtale.

Forutan at lønnsemenda innan mjølkeproduksjonen må betrast framheva han også sterkt kombinasjonsbruka sin plass og at ein ved oppretthalding av desse bruken, tek ein i vare viktige deler av mangfaldet innan landbruket. Ang jordbruksforhandlingane understreka han også dei same tre hovudpunktene som fylkesleiaren tok fram i sin tale.

Han kom til slutt inn på saka ang. e.coli-bakterien og spørsmålet rundt fugleinfluensaen E-colie-bakterien er ei sak som og går på tilliten til norsk matvareproduksjon. Det er ei alvorleg sak som ut frå situasjonen i dag, nærmest ikkje har noko ende. Gilde har gjort ein god jobb. Ang. fugleinfluensaen orienterte han om arbeidet Norges Bondelag i samarbeid med departementet og andre hadde gjort for å få fram forskrifter som



Odd Sele, leiar i Bore Bondelag stiller fylkesmann Tora Aasland spørsmål etter innlegget hennar.

skal tre i kraft ved evt. registrering av eit tilfelle her til lands og spørsmål ang. erstatningar. Det siste er ikkje heilt ferdig ennå.

I den påfølgjande debatten vart desse punkta framheva:

- Konsesjonslova for kraftforkrevjande produksjonar må praktiserast likt over heile landet.
- Poengtering av at det er klare forventningar ute hjå bøndene til at årets forhandlingsrunde må føra til eit sårt etterlengta inntektsløft hjå bøndene og at avtalen må gi grep som også vil redda dei mellomstore brukna.
- For å få innfridd punkta i Soria Moria-erklæringa må landbruket gjennom organisasjonane ”klemma” regjeringa slik at målsetningane dei sjølv har sett, skal verta ein realitet. Det er nå vi må handla var utfordringa.
- Bondelaget må ikkje vera ”tannlaus” overfor regjeringa.
- Opplegget med samdrifter innan landbruket er kome for å verta og det må vera mest mogleg ro om regelverket for desse.
- Det vart stilt spørsmål om kor lenge dei spesielle støtteordningane for Q-meieriet skal halda fram. Ein fødselshjelpsperiode på 8 år bør vera lenge nok.
- Marknadsreguleringsordninga på egg må ikkje fjernast.

I oppsummeringa etterpå kommen-

terte Bjarne Undheim dei fleste innleggja og runda av med at ein må vera optimistiske og ha tru for at regjeringa har politisk vilje til å følgja opp lovnadane sine.

Lukka møte

Etter denne bolken vart årsmøtet lukka – berre årsmøtedelegatane og tilsette ved kontoret hadde høve til å vera til stades. Temaet var: **Orientering og drøfting av evt. opplegg for markering i samband med jordbruks- og WTO-forhandlingane.**

Leiaren i Norges Bondelag understreka først verdien av å ha eit aksjonsapparat og opplegg klart dersom det vert eit brot i forhandlingane til våren. Sigmund Slettebø – nestleiar i fylkeslaget gjekk gjennom opplegg ang. **Den store norske matvaredagen** som skulle gjennomførast i forkant av at kravet vert lagt fram.

Under middagen om kvelden vart premieringa av medlemsvervinga i 2005 delt ut. Lokallaget som hadde størst %-vis auke var Kvitsøy Bondelag med ein auke på 28,6 %. Dei fekk diplom og premie på 750 kr. Bjerkreim Bondelag hadde størst netto auke med total 24 medlemmer. Dei fekk og diplom og 750 kr.

Gaven for beste verva gjekk til Hermund Lende, Time med 10 nye medlemmer i løpet av 2005 og personar som hadde verva 5 nye medlemmer eller flei-

re var det Stein Pettersen, Bjerkreim med 8 nye. Begge desse fekk bonde-lagsgenser.

Signe Henriksen og Svein Helge Harbo fekk kvar overrett blomster og glasfat for 25 års arbeidsinnsats for Rogaland Bondelag.

Budsjett for 2006

Org.sjefen gjekk kort gjennom styret sitt forslag til budsjett for 2006.

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2006/2007

Styremedlem Arna Høyland gjekk gjennom hovudpunktene i styret sitt forslag til Arbeidsplan for fylkeslaget 2006 – 2007. Den bygger på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen **Vi får Rogaland til å gro.**

Det vart så opna for debatt. Sigmund Svendsen, Riska ba om følgjande tillegg til arbeidsplanen: **Affallshandtering og KSL-arbeidet må takast meir alvorleg.**

Ordstyraren tok begge sakene opp til avstemming og årsmøtet godkjende det framlagde budsjettet og arbeidsplanen med tillegg av Sigmund Svendsen sitt forslag.

Matfylket Rogaland – mine visjonar

var temaet fylkesmann Tora Aasland hadde fått til sitt foredraget. Ho peika på at fylket har rike og sterke tradisjonar både ang. produksjon og bruk av mat. Dette må ein på ulike måtar ta vare på. Eit ledd i det er og å praktisera eit aktivt jordvern i heile fylket. Fylkesmannen streka og under at ein måtte ha ein langsiktig tankegang for landbruket og

beklaga at den kom lite fram i media.

Ho peika og på at alliansebygging må vera eit viktig tema for landbruket framover. Det har ein kome eit godt stykke på veg med. Ho trekte fram at næringa måtte verta betre i å satsa på landbruksbasert næringsutvikling. I den samanhengen rosa ho Rogaland Bondelag sitt initiativ til å leggja forholda til rette for eit felles sekretariat for organisasjonane Bondens Marked, Norsk Bygdeturisme og Gardemat og Inn på tunet i Rogaland knytta til fylkesbonde-laget sitt kontor.

Ho understreka at vi må bruka ressursane der dei ligg og at vi må vera villege til flytta nokre grenser framover for å ha eit aktivt landbruk også i tida framover.

Etter innlegget vart det opna for innlegg og fleire nytta høve til å ta opp saker og kommenterte innlegget henna. Ho svara til slutt på desse.

Marknadsreguleringa i Norge - kvi-for er det viktig med eit sterkt samvirke dersom marknadsreguleringsordningane vert svekka?

var utfordringa redaktør Dag Raustein i Bondevennen hadde fått i oppdrag å svara på. Han gav først ei kort historisk tilbakeblikk på oppbygginga av ordninga i Norge og samvirkeorganisasjonane sin situasjon i dette. Han peika på at det er fire hovudpilarar i reguleringssystemet – mottaksplikt, forsyningsplikt, prisansvar og ansvar for og mynde til å setja i verk reguleringstiltak.

Skal norsk landbruk lukkast med marknadsreguleringa framover heldt han fram at:

- Samvirkeorganisasjonane må vera sterke nok og solidariske nok – ha ein vesentleg del av førsteutbudet.

- Berre eit sterkt samvirke kan driva produksjonsregulering
- Dersom marknadsreguleringa forsvinn vil produksjonen verta meir konsentrert og sentralisert.

Ut frå dette stilte han til slutt spørsmåla: Kven taper og kven vinn – på kort og lang sikt? Kva med legitimeten for landbruket ved ei slik utvikling? Sjølv var han sikker på at nokre få ville kunna vinna noko, men dei fleste ville tapa.

Støtteerklæring til Gilde Norsk kjøtt

Med grunnlag i fleire innlegg ang. e.colisaka under årsmøtet tok Willy Finnbakk, Norsvin opp spørsmålet om ikkje årsmøtet burde senda ei helsing til Gilde Norsk Kjøtt for det arbeidet dei har gjort i denne samanhengen. Med grunnlag i dette vedtok årsmøtet følgjande uttale til Gilde Norsk Kjøtt:

Årsmøtet til Rogaland Bondelag vil med dette gi uttrykk for sin takk og tillit til den måten leiinga og dei tilsette i Gilde Norsk Kjøtt har handtert problema angåande kjøttdeigsaka.

Vi vil og uttrykkja støtte til det arbeidet som er gjort og måten det er gjort på, for å sikra mattriggleiken.

Val

Leiaren i valnemnda Geirmund Øglend, Sandnes la fram valnemnda si innstilling. Det vart ikkje reist noko spørsmål til innstillinga og ordstyraren leia vala. Det kom ikkje forslag på motkandidatar til nokon av forslaga frå valnemnda. Der det ikkje er oppgitt stemmetal, vart vala gjort med akklamasjon.

Ved oppteljing var det 86 med stemmerett i salen.



StyreborDET under årsmøtet. Frå venstre: Svein Helge Harbo, sek. Arnstein Gilje, Anne B. Kyllingstad, Sigmund Slettebø Kjell Høyvik, Olav R. Husveg, dirigent, Arna Høyland, Tjalve Lekvam og Vigdis B. Nes.

Leiar for 1 år

Kjell Høyvik hadde sagt frå seg attval. Arna Høyland, Nærø vart vald til ny leiar.

To styremedlemmer for 2 år

Valde vart Sigmund Slettebø, Eigersund som representant for Dalane og Arnstein Gilje, Stavanger som representant for Jæren – begge for 2 år.

Nestleiar for 1 år

Sigmund Slettebø, Eigersund vart attvald.

Tre varamedlemmer til styret for 1 år

1. varamann :
Ingar Naustvik, Suldal
2. varamann :
Tanja Thunheim Hamre, Lund
3. varamann :
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

6 utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for to år med personleg vararepr.

Frå Nord – Rogaland:

Johannes Hustveit, Skjold med Torgeir Øverland, Sandeid som personleg vararepr.

Frå Ryfylke:

Tjalve Lekvam, Strand med May Ann M. Levik, Forsand som personleg vararepr.

Frå Jæren:

Peter Vagle, Varhaug med Miriam Sør-Reime, Nærø, som personleg vararep.

Berit Braut, Klepp med Atle Tjåland, Time som personleg vararep.

Leidolv Harboe, Sandnes med Odd Sele, Bore som personleg vararepr.

Ragnhild Dyngeland, Time med Christian Aasland Time som personleg vararepr. (for 1 år)

Fem vararepresentantar i nummerorden, for eit år

1. Ingar Naustvik, Suldal
2. Tanja Thunheim Hamre, Lund
3. Karl Magnus Kirkhus, Nord-Karmøy
4. Per Inge Egeland, Hjelmeland
5. Trond Vistnes, Randaberg

Ordstyrar til leiarmøtet i 2006

og årsmøtet i 2007

Kjell Høyvik, Tysvær med Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy som varamann.

Revisor for 2 år

Svein Levik, Forsand.

Fire medlemmer med personleg vararepr.

til valnemnda for årsmøtet i 2007 og 2008

Etter forslag frå årsmøtet vart følgjande valde:

Nord-Rogaland:

Louis Medhaug, Bokn

Vararepr.: John Egil Frøystad, Skåre

Ryfylke:

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Vararepr.: Atle Ravndal, Mosterøy

Jæren:

Arnstein Røyneberg, Sola

Vararepr.: Sigmund Svendsen, Riska

Dalane:

Øyvind Voilås, Eigersund

Vararepr.: Stein Pettersen, Bjerkreim

Leiar og nestleiar i valnemnda:

Leiar: Turid Siqveland, Varhaug

Nestleiar: Torstein Haukalid, Forsand

Ordet fritt og helsingar

Sigmund Slettebø peika på at valnemnda til neste årsmøte bør sjå på alderssamansettinga i styret og arbeida for å få yngre personar inn i styret. Fleire kom og med helsingar og takka for det omfattande arbeidet bondelaget utfører.

Den nye leiaren takka for tilliten ho vart vist.

Foto: Thorleifeldt



**"Bank kan jeg få
hvor som helst
men Sveinung gjør
det enkelt og
greit for meg."**



KLEPP SPAREBANK
Enkelt og greit

Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2006

Styret

Arna Høyland, Nærbø, leiar
Sigmund Slettebø, Eigersund, nestleiar
Arnstein Gilje, Stavanger
Tjalve Lekvam, Strand
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Rune Lode, Nærbø, RBU
Anne B. Kyllingstad, Orre, RBK

1.v.m. Ingar Naustvik, Jelsa
2.v.m. Tanja Thunheim Hamre, Lund
3.v.m. Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Arbeidsutvalet

Arna Høyland
Sigmund Slettebø
Sekretær: Svein Helge Harbo

Utval direkte tilknyta fylkeslaget:

Informasjonsutvalet
Sigmund Slettebø, Eigersund, - leiar
Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy
Kristin Søyland, Varhaug
Tjalve Lekvam, Strand
Arnstein Røyneberg, Sola
Sekretær: Gislaug Søyland Sele

Grøntutvalet
Jarle Wiig, Orre, leiar
Øystein T. Kleppa, Årdal
Stig Jakob Hanasand, Rennesøy
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Arne Vagle, Jæren Forsøksring
Sekretær: Svein Helge Harbo

Verveutvalet
Ragnhild Dyngeland, Time, leiar
Sigbjørn Rangen, Varhaug
Jon Arne Vadla, Sjernarøy
Sekretær: Signe Henriksen

Samarbeidande utval

U-landsutvalet
RBK Dagny Matland, Nord-Karmøy,
leiar
RB Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Samarb.rådet Terje Øen, TINE Meieriet
Sør
Rog. 4H Åse Marit Hodnefjell
Sekretær: Gislaug Søyland Sele

*Kjell Høyvik hadde
ikkje noko i mot å gje
frå seg roret til den
første kvinnelege
leiaren i Rogaland
Bondelag, Arna
Høyland.*
Foto: Bondevennen



Jordvernutvalet

Arnstein Gilje, Stavanger leiar
Christian Aasland, Time
Andreas Joa, Sola, Jordvernforeninga
Erik Thoring, Naturvernforbundet i
Rogaland
Sekretær: Svein Helge Harbo

BSF-styret

Norsvin Rogaland Sigmund Rangen,
leiar
Rogaland Bondelag: Vigdis B. Nes
Prior Norge avd. Hå: Reidun T.
Kristiansen
Rogaland Bygdekvinnelag: Kari Skeie
Sekr. BSF-instruktør Målfrid Husebø

Samarbeidsutval Rogaland Bondelag / Gjensidige Forsikring, Rogaland

Arna Høyland, Nærbø
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Svein Helge Harbo

Desse har representert Rogaland Bondelag i følgjande utval og organ i 2006

Styret i RBU
Arnstein Gilje, Stavanger

Styret i RBK
Sigmund Slettebø, Eigersund

Utsendingar til RBU sitt årsmøte

17. - 18. februar
Miriam Sør-Reime, Nærbø
Peter Vagle, Varhaug

Utsendingar til RBK sitt årsmøte

22. - 23. mars
Tjalve Lekvam, Strand
Christian Aasland, Time

Utsendingar til BSF sitt årsmøte
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Solveig Høyland, Orre

Styret i Samarbeidsrådet for landbruksorg. i Rogaland

Kjell Høyvik, Tysvær
Arna Høyland, Nærbø (frå mai 2006)

**Medlem i Innovasjon Norge,
styret i Rogaland**
Kjell Høyvik, Tysvær

Kontaktperson for Landbruks HMs -teneste
Tjalve Lekvam, Strand

Agrovisjon 2007
Hovudkomite og konferansekom.
Arnstein Gilje, Stavanger
Sosialkomite: Arna Høyland, Nærbø

Rogaland Viltforum
Svein Helge Harbo

Heimevernets distriktsråd
Tjalve Lekvam, Strand

Regionalt miljøprogram
Styringsgruppa: Arna Høyland, Nærø
Prosjektgruppa: Svein Helge Harbo

EB-utvalet i Rogaland
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Olav Sande

Aksjon Jærvassdrag
Arnstein Gilje, Stavanger

Styringsgruppe for frivillede tiltak
Arnstein Gilje, Stavanger

Verdiskapingsforum Mat
Arna Høyland, Nærø

Fagforum for mat og drikke A/S
Arna Høyland, Nærø

Styringsgr. - felles prosjekt for NBG, BM og Inn på tunet
Svein Helge Harbo

Fagforumstyret Naturbruk - Rogaland
Sigmund Slettebø, Eigersund/Svein Helge Harbo

Utvål for vurdering av læreplan for Naturbruk - VG3
Leidulf Harboe, Sandnes

Referansegruppe for vindkraftutbygging
Olav Sande

Styringsgruppe for tursti langs Figgjo-vassdraget
Bjarne Brunes, Sandnes

Floghavregruppe i regi av FMLA
Sven Dysland, Bore

Rådgivande utval for Jærstrendene
Arild Ånestad, Bore

Strandsoneutvalet - Finnøy
Olav Sande

Faste repr. i styret, representantskapet og utval i Norges Bondelag busett i Rogaland:

Styret i Norges Bondelag
Bjarne A. Undheim, Time, leiar
Tor Audun Bilstad, Orre (fram til juni)
Tor Inge Eidesen, Haugesund (frå juni)

Leiar i Norges Bondelag Bjarne Undheim under hovudinnlegget sitt på årsmøtet til Rogaland Bondelag.

Representantskapet
Bjarne A. Undheim, Time
Tor Audun Bilstad, Orre (fram til juni)
Tor Inge Eidesen, Haugesund (frå juni)

Valnemnd for Norges Bondelag
Kjell Høyvik, leiar

Landbruket HMS- teneste
Myrthel Grødem, Nærø, leiar

Grøntutvalet
Jarle Wiig, Orre

Samarbeidsutval NB og Gjensidige Fors.
Svein Helge Harbo



Utsendingane til Norges Bondelag sitt årsmøtet - 2006


Arna Høyland, Nærø
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal
Leidulf Harboe, Sandnes
Ragnhild Dyngeland, Time
Tjalve Lekvam, Strand
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Arnstein Gilje, Stavanger
Peter Vagle, Varhaug
Berit Braut, Klepp
Jostein Reianes, Mosterøy
Arild Hopland, Tysvær
Torgeir Øverland, Sandeid

Æresmedlemmer i fylkeslaget

Einar K. Time, Stavanger

JÆRBETONG AS

Njølstad - 4365 Nærø
Telefon kontor 51 79 18 00
Bestilling betong: Telefon 51 79 18 10 Fax: 51 79 18 02



VI LEVERER

- ✓ Ferdigbetong
- ✓ Sprøytebetong
- ✓ Betongbil m/pumpe
- ✓ Betongpeler
- ✓ Betongkontroll

Arbeidsplan 2006/2007

Arbeidsplanen bygger på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:

Vi får Rogaland til å gro

Konkrete tiltak knytte opp til ulike mål i strategiplanen:

Våre medlemmer

- Ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder pakke og følgje desse spesielt opp. Ta vare på eksisterande medlemmer.
- Informasjon til medlemmene gjennom ulike kanalar ved bruk av Bondevennen og Bondebladet
- Forbetra og følgje opp nettsidene til fylkeslaget
- Vera meir aktiv overfor media
- Styrkja samhaldet og solidariteten innad i organisasjonen og innan næringa totalt
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen

Lokallaga

- Halde god kontakt med lokallaga - vere bevisst på deira ønskjer/utfordringar
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivere til og etablera fellesstyre mellom lokallaga i ein kommune og mellom lag i regionane
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha 2 kontaktrundar med leiarane i lokallaga
- Oppmoda lokallaga til å etablera god kontakt med lokalpolitikarane
- Oppmoda lokallaga til å støtte opp om bygdeungdomslaget
- Bidra til at lokallaga gjennomfører opplegg i samband med møteopplegget LIV OG HELSE
- Arbeida meir aktivt med avfallshandtering og KSL

Næringspolitikk

- Arbeida for å betra situasjonen for bønder som driv med tradisjonell landbruksproduksjon
- Følgja opp saker som kjem frå enkelt-medlemmer og lokallaga

- Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side
- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag
- Arbeida for å auka tilslutnaden til Landbrukets HMS-tenesta
- Følgja opp saker som angår WTO-forhandlingane
- Bonden og kulturminnevern, følgje opp informasjonsopplegg frå Norges Bondelag

- Gi tilbod om kurs gjennom BSF, Bygdekompasset og Landbrukshelga
- Vera aktiv i utforminga av Agrovisjon 2007

Arealforvaltning

- Gi uttale til fylkesdelsplanar som omfattar arealdisponering og jordvern
- Oppfordre til engasjement i plan- og reguleringssaker på kommune- og fylkesnivå
- Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til utredning og behandling

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

- Gjennomføra styreutveksling med eit anna fylkeslag
- Gjennomføra kurs i styrearbeid
- Føreta evaluering av arbeidsmåte/situasjon i styret
- Gi tid til næringspolitiske diskusjonar og gje innspel på saker som bør utredast.
- Styresamling med tilsette

Styret har i løpet av året sett nærmare på strategi ang. nettverksbygging. Etter styret si vurdering har ein god kontakt med mange ulike organ i fylket - både private, politiske og offentlege organ.

Eit viktig element i det kontaktskapande arbeidet er at fylkeslaget er villeg til å delta på opplegg organisasjonen vert spurd om å delta på og at vi legg opp til eit konstruktivt samarbeid og debatt på tema som vert tekne opp.

Med grunnlag i drøftinga under styremøtet konkluderte styret at strategien for nettverksbygging i strategiplanen til fylkeslaget var tilfredsstillande for arbeidet på dette området med tilføying av følgjande punkta:

- Ha kontakt og samarbeid med skular og utdanningsinstitusjonar som Øksnevad vgd skule, Vinterlandbrukskulane og Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer.
- Møta på arenaer der vi kan få alliansepartar eller oppretta nye kontaktar som under det årlege Sola-møtet for politikarar og næringslivet og gjennom arbeidet til Verdiskapingsforum Mat.

Den politiske kontakten

- Gjennomføra minst eit møte med Rogalandsbenken og ha kontakt med stortingsrepresentantane etter behov
- Ha møte med fylkesutvalet og fylkeslandbruksstyret etter behov
- Målretta informasjon til fylkes- og stortingspolitikarar med til dømes e-post
- Planlegga aktivitetar før kommune- og fylkestingsvalet hausten 2007
- Utarbeida forslag til opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø
- Ta aktivt del i Nei til EU-arbeidet, ha kunnskap om EU og vere klar til ny EU kamp.
- Laga adressegrupper for e-postinformasjon

Nye satsingsområde/landbruksbasert næringsutvikling


- Arbeida vidare med prosjekt Landbruksbasert næringsutvikling.
- Vera aktiv deltar i Verdiskapingsforum for matnæringar
- Vera aktiv pådrivar i prosjektet Utmarksbasert reiselivsnæring i samarbeid med Skogeigarlaget Vest

Styret ser det elles som viktig at fylkeslaget tenkjer gjennom kva som må til for at andre organ er interessert i og vil ha kontakt og samarbeid med fylkesbondelaget. Fylkeslaget må gjera seg interessante.

Gjennom arbeidsåret har styret ved fleire høve gått gjennom arbeidsplanen for å sjå om ein har følgt opp planen og om nye saker har dukka opp og som burde setja på dagsorden. Som ein konklusjon ved slutten av året sa styret seg rimeleg godt nøgd med graden av oppfølging av tiltaka i arbeidsplanen. Årsmeldinga vitnar vel litt om det.

PUKKVERKET V/MOI

GRUS OG PUKK SAMT SILLA MATJORD HENTES/LEVERES



RING

IVAR MOBIL 928 07 129

ARVID MOBIL 928 07 121

RISA

VIERDAL ADVOKATFIRMA AS



TELEFON 51 91 75 00

KLUBBGATEN 6 • POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER • TELEFAKS 51 91 75 01

e-post: kontoret @vierdal.no • www.vierdal.no

VI KAN LANDBRUK!

FAST EIENDOM • ODELSRETT • SKATTERETT • ARV/GENERASJONSSKIFTE •

SAMLIVSBRUDD • EKSPROPRIASJON/SKJØNN • ERSTATNINGER •

GJELDSFORHANDLING

ALMINNELIG PRAKSIS.

ADV. KÅRE VIERDAL, ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. FLEMMING M. KARLSEN

• ADV. HEGE OFTEDAL • ADV.FLM. RAGNHILD PEDERSEN, ADV.FLM. EIVIND SVERDRUP •

I KONTORFELLESKAP: ADV. KRISTIAN MONSEN.

Styresaker

I meldingsåret - 1. januar til 31. desember 2006 - har styret hatt 11 møte og arbeidsutvalet 4. Til nokre av møta hadde ein invitert personar/organisasjonar utanom. Nærare omtale av dette lenger bak i årsmelding.

Styret har i meldingsåret behandla 100 førebudde saker. Ein del av desse har vorte drøfta på fleire møte og ut frå nytt saksarkivsystem får same sak nytt nummer kvar gong saka har

vore opp til drøfting i styret. I tillegg har fleire saker frå året før, vorte drøfta i meldingsåret. Dessutan har styret hatt ei rekke referatsaker til orientering og delvis behandling.

I årsmeldinga omtaler vi dei viktigaste sakene. For saker styret har gitt uttale til, har ein teke med heile uttalen i viktige næringsspolitiske saker, medan vi har berre teke med hovudpunkta i andre.

Næringspolitiske saker

Uttale til jordbruksforhandlingane 2006	s 10	Krav landbruket står over Energikostnadane i veksthusnæringa	s 20
Grøntutvalet sin uttale	s 15	Prosjektsamarbeid med Sparebank 1 SR-Bank	s 21
Tiltak ved evt. brot i forhandlingane	s 16	Ledige næringsbygg i landbruket	s 22
Den store norske matdagen 2006	s 17	Veterinære tenester - ansvaret frå stat til kommune	s 22
Marknadssituasjonen for gris	s 18	Kapitaltilgangen frå private bankar til landbruket	s 22
Regionalt miljøprogram for Rogaland	s 18	Nedtrapping av tilskotet til Q-meieriet	s 23
Innspel til programarbeidet til fylkestingsvalet 2007	s 18		
Økologisk matproduksjon	s 19		

Uttale til jordbruksforhandlingane 2006

Med grunnlag i studieheftet "Jordbruksforhandlingane 2006" gjennomført lokallaga studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidinga av lokallaget sin uttale. Fylkeslaget fekk inn 27 fråsegn frå 45 lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt eige Grøntutval

og fleire organisasjonar. Alle innkomne fråsegn vart sendt ut til styret og lagt med som vedlegg til uttalen styret sende Norges Bondelag. Dessutan har styret hatt samrådingsmøte med landbruksorganisasjonane i fylket for å få deira innspel.

Hovudpunkt i kravet

- Ei klart generell betring av inntektsmulegheten for bøndene. Kronetillegget må minst vera på nivå med andre jamførbare grupper.
- Familiejordbruket må fortsatt vera



Frå styremøtet i Egersund. Frå venstre og rundt bordet: Tjalve Lekvam, Arnstein Gilje, Svein Helge Harbo, org.sjef, Arna Høyland, Olav Sande, Vigdis B. Nes, Sigmund Slettebø og Ingar Naustvik.

- grunnstammen i norsk landbruk
- Kombinasjonsbruk - bruk med to eller fleire produksjonar - må få betre økonomi t.d. ved at det første intervallet i ulike ordningar vert styrka
- Lønnsemda i mjølkeprosjonen må styrkast slik at det er økonomisk forsvarleg å byggja nytt fjøs til 25 - 35 kyr.
- Dei økonomisk rammevilkåra for storfekjøtproduksjonen må vera slik at ein dekkjer eige forbruk av mørkt kjøtt
- For svineprosjonen må ein evt. overproduksjon vera eit felles ansvar både for produsentane og for slakteria.
- Ordningar som stimulerer til beitebruk må styrkast.
- Avløysartilskotet til ferie og fritid må aukast med 10.000 kr pr bruk og maks refusjonstilstskot for sjukeavløsing må hevjest til 1200 kr pr dag.
- Tilgangen på BU- og andre investeringsmidlar må betrast vesentleg

Generelt ang. forhandlingane og kravet

Gjennom politiske signal i Soria Moria-erklæringa og seinare signal frå den politiske leiinga i Landbruks- og matdepartementet, er det bygd opp store forventningar til årets avtale. Næringsa treng ein avtale der bonden og hans arbeidsinnsats og inntektsmuleghet vert sett i fokus. Skal ein snu ein gryande pessimisme i næringsa til meir positiv haldning, må bøndene nå få klare signal om at politikarane vil satsa på landbruket. Det viktigaste er at det vert gjort grep som viser ein klar snunad så får ein heller nytt nokre år til å koma dit ein primært ønsker - på linje med andre grupper. Inntektsauken til bøndene må vera på minst same kronebeløpet som for andre grupper i tillegg til at ein må ta att noko av inntektsgapet til andre grup-

per. Landbruket må og få behalda produktivitetsveksten.

Strukturutviklinga har gått for fort - meir satsing på familiebruket

Innspela frå lokallaga og andre peikar klart på at strukturutviklinga dei siste åra har gått for fort og ein er bekymra for kor dette skal enda. Ein sterk strukturasjonalisering vil raskt føra til nedbygging i distrikta. I neste omgang vil det fjerna noko av den politiske legitimeten landbruket har i dag. Dette må næringa vera oppmerksam på. I Rogaland er det i dag ca 49.000 kyr og på dei nær 2.500 bruk som har ku i dag, er gjennomsnittet i underkant av 20 kyr. Dei siste 3 åra har det nærmest ikkje vorte oppført nye driftsbygningar for ku med mindre enn 50 båsar - oftast meir. Vert dette gjennomsnittsstørrelsen på mjølkebruka framover, er det berre plass til snaut 1000 mjølkebruk i fylket. Utviklinga går fort og ho vil vera vanskeleg å reversera.

For å halda oppe jordbruksdrifta i distrikta og i område med vanskeleg driftsforhold, må samlede ordningar som stimulerer til auka beitebruk - både på utmarks og innmark - styrkast.

Andre klare signal frå lokallaga er at det må satsas meir beivist på familie-jordbruket - dei mellomstore bruk. Det er her vi har hovudtungda av landbruket i heile landet. Det er og desse bruk som må vera basisen for norske landbruk framover.

Eit godt fagmiljø er og eit avgjeraende element for korleis bøndene oppfattar situasjonen innan næringa. Vi opplever at sjølv her i fylket er enkelte bygder snart utan mjølkeproduksjon. Tal for kjøp og sal av mjølkekvote viser og at det går ein viss straum av mjølk frå distrikta i

fylket til Jæren. Utviklinga for fleire av dei viktige husdyrprosjonane viser også at Jær-jordbruket styrker posisjonen sin på bekostning av resten av fylket.

Til trass for heller store satsingar på Jæren dei siste åra, viser tal NILF nett la fram at inntekta til bøndene på Jæren har gått ned dei siste par åra. Dette viser at sjølv eit aktive og intensivt landbruket har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. Fleire grunnar kan vera årsak til dette, men det gir klare signal og ikkje minst viser det at næringa ikkje har mykje å gå på.

Fylkeslaget vil og sterkt trekka fram situasjonen for kombinasjonsbruka - bruk med fleire produksjonar. Dei naturgitte vilkåra mange stader tilseier at det er agronomisk rett å drive med fleire produksjonar på bruk på Vestlandet framfor ei spesialisering. Kombinasjonsbruka har kome økonomisk uheldig ut dei siste åra og må nå prioriterast slik at dei får att noko av det dei har tapt ved utflatinga av ulike tilskotsordningar. Dette kan gjerast ved at satsane for det første intervallet i strukturretta tilskotsordningar vert høgare.

Norges Bondelag må arbeida for eit variert landbruk bygd på dei naturgitt ressursane kvar enkelt bruk har. Vi må ikkje dømma dei som vil satsa, men arbeida aktivt for å leggja forholda til rette for at og dei som har mindre bruk, kan få utvikla seg og få ei rimeleg inntekt å leva av.

WTO

Rogaland Bondelag ser svært positivt på at regjeringa har signalisert at tap/ inntstramingar næringa vil vera påført på grunn av WTO-forhandlingane, skal kompenseras. Det må ein minna regjeringa om, men ein må også i år stå fast på at ein ikkje må ta til med noko tilpassing

til ein tenkeleg WTO-løysing før avtalen er klar og ein veit kva ein skal tilpassa seg til.

Dei einskilde produksjonane Kumjølk og kvotesystemet

Målprisen på kumjølk bør ikkje endrast.

Det er klare signal frå lokallaga om at taket på medlemmer i ei samdrift bør aukast eller fjernast heilt. Maks kvote pr samdrift og pr bruk må derimot stå fast. Ei heving av maks kvote pr foretak vil stimulera ytterleg til strukturrasjonalisering. Ang. spørsmålet om leige av kvote, er det ulike syn hjå lokallaga. Rogaland Bondelag er skeptisk til å opna for leige av kvote. Dersom det likevel vert gjort må det vera under klare reglar. Leiga må føregå innafor dei same avstand som for deltakarar i ei samdrift, 17 km og at det er berre aktiv kvote som kan leigast.

Delen av mjølkekvote ein kan selja fritt - 60 % - må ikkje aukast. Eit høgt prisnivå på den frie kvoten påfører mjølkekprodusentane store kostnadane. Difor bør ein vurdera å innføra ein makspris på denne kvoten. Signalen frå lokallaga er klare på at kvotekjøp må kunna utgiftsførast.

Fortsatt er det ein del bruk som har sovande kvote. Ut frå usikker markedsituasjon framover for mjølk, er Rogaland Bondelag einig i at det skal vera begrensingar i kven som skal kunna ta denne kvoten i bruk, men for å styrkja mjølkekproduksjonen bør det verta lettare for aktive nabobruk til å ta i bruk ein sovande kvote ved å kjøpa jorda på garden og leggja den til sin eigen kvote. Ei særordning her bør derimot ikkje opna for at denne mjølkekvoten skal kunna seljast etter få år.

Dersom meieribruket finn det tenleg for sitt driftsopplegg vil Rogaland Bondelag støtta forslaget frå TINE Meieri Sør om å endra kvoteåret for kumjølk frå 1. april til 31. mars.

I frå lokallaga er det og klare ønskje om at det bør verta innført ein viss fleksibilitet i kvoteordninga slik at for mykje mjølk eit år kan overførast til neste år eller at unytta kvote eit år kan førast over til året etterpå. Ein fleksibilitet på +/- 5 % av kvoten er ønskeleg.

Satsane og intervalla for produksjons tilskotet for storfe bør endrast. Rogaland Bondelag vil føreslå at det for mjølkekjyr vert ei ny gruppe frå 26 kyr til 35 kyr og at satsen pr dyr her vert ca 1.000 kr og at satsen for intervallet frå 36 - 50 kyr vert same satsen som for storfe elles.

Geit

Målprisen på geitemjølk bør ikkje endrast. Geita står sentralt når det gjeld å utnytta utmarksressursane. Rogaland Bondelag ser det difor som viktig at ein opprettheld det geitemiljøet ein har i fylket og at det vert opna for nyetableringar i den grad marknadssituasjonen tillet det. Ut over ei slik endring bør kvoteordninga for geitemjølk ikkje justerast.

Drektige geiter over 9 månadar må gi rett til produksjonstilskot og særleg når meieriet ikkje tek i mot geitemjølk før 15. januar og at det av den grunn ikkje er aktuelt å la geitene kjea før etter årsskiftet. Sjølv om desse geitene ikkje mjølkar den 31.12, er dei likevel drektige på det tidspunktet. Ut frå dagens regelverk vert talet på geiter svært lågt ved årsskiftet og det fører til at produsentane taper produksjons- og avløysartilskot.

Storfekjøtt

Det bør arbeidast for å sikra marknadsdekning av norskprodusert storfekjøtt. Lønnsemda i produksjonen må betrast og eit ledd i det er å auka målprisen med kr 1,50 - 2,00. Rogaland Bondelag vil også i år førslå innføring av eit hannyrtilllegg på kr 500,- til okseslakt på 280 kg eller meir.

Det bør opnast for utbetaling av driftstillegg for kjøttproduksjon på bruk som har gått inn i samdrifter og der kjøttproduksjonen føregår som eit eige foretak på bruk tilknytta samdrifta, men som ikkje har mjølkekproduksjon.

Svineproduksjonen

Strukturutviklinga innan svinehaldet har gått langt og ein bør vurdera tiltak som bremsar denne utviklinga. Ut frå eit klart ønskje hjå lokallaga om å oppretthalda distriktsgrisen bør ein ikkje stimulera til ytterleg konsentrasjon av grisehaldet.

Signalen frå lokallaga er noko variert om ein bør redusera målprisen på gris eller ikkje - eit fleirtal går for at ein bør oppretthalda målprisen. Men med fare for overproduksjon utover hausten og at ein ikkje har kunna teke ut målprisen dei siste åra, er Rogaland Bondelag usikker på om ein bør endra måleprisen for svinekjøtt.

Med omsyn til framtidig overproduksjon må det vera eit mål å koma fram til ei ordning der alle produsentar og slakteri har eit felles ansvar for å løysa

overproduksjonen og dela kostnadane med den. Rogaland Bondelag støttar arbeidet til Omsetningsrådet på dette området og vonar at ein kjem fram til ei ordning og at det innafor jordbruksavtalen vert lagt til rette for nødvendige tiltak.

Sau

Forutan produksjon av kjøtt og ull har sau en svært viktig funksjon som landskapspleiar. Denne funksjonen vert for lite verdsett. Ut frå det vil Rogaland Bondelag føreslå at det vert gitt meir midlar til sau på beite slik at tilskotet vert hevja til 100 kr pr dyr.

Generelt må inntekta for sauehaldet betrast. Gjennom avtalen må ein få ei styrking av eksisterande ordningar for sau - også tilskotet til vinterfora sau. Målprisen må hevast med inntil 2 kr pr kg. Prisen på den beste ulla bør og aukast. Ein har hatt positiv effekt av å stimulera til kvalitetsproduksjon på lammekjøtt. Det bør ein satsast meir på og tilskotet pr lammeslakt bør hevjas til kr 150 for kvalitet O og betre. Strukturprofilen i tilskotsordningane for sau bør oppretthaldast.

Egg og fjørfe

For egg bør målprisen ikkje endrast. Norges Bondelag må arbeida aktivt for at ikkje egg og vert teken ut av marknadsordninga slik signala var under forhandlingane i fjar.

For fjørfekjøtt må målprisen oppretthalda så lenge produksjonen er knytta opp til marknadsordninga. Referanseprisen som skal fastsetjast etter att kylling går ut av marknadsordninga, må få ein funksjon som har lik effekt overfor tollfastsettinga som dagens målpris har.

Korn og kraftfor

Økonomien i kornproduksjonen må oppretthalda. Den økonomiske balansegangen mellom korndyrking og kraftforbrukaren må ikkje endrast. Nødvendig betring i kornøkonomien bør skje ved auka i arealtilskotet. Vert kornprisen hevja, må det dekkast opp med midlar til nedskrivning av norsk korn brukt til kraftfor. Ein reduksjon i målpisen må koma husdyrbruka til gode.

Også for korn bør strukturutviklinga bremsast og det bør ikkje gi tilskot for meir enn 1.000 dekar pr foretak.

Gjennom ei betre prisdifferensiering og ulike kvalitetstillegg for korn, må ein

styra produksjonen mot dei kornslaga og den kvaliteten kraftforprodusentane og bakeria har behov for. Fylkeslaget er samd i at det så langt det fagleg let seg gjera for kraftforprodusentane, må ein bruka opp det norskproduserte kornet først. For at kraftforprodusentane skal få nødvendig oversikt over kor mykje norskprodusert korn dei har til disposisjon, må det leggjast eit krav på kraftforprodusentane om å rapportera kor mykje dei har på lager innan ein fast dato om hausten. Marginane er små og kraftforprodusentane må få ein best mogleg oversikt over tilgangen på norskprodusert korn for å kunna produsera eit optimalt kraftfor til dyra heile året.

Det bør satsast meir på dyrking av proteinrike vekstar som erter og oljevekstar, der det er klimatiske forhold for det. Ei slik satsing må ikkje føra til auka kraftforpris. Vert det vedvarande overproduksjon av norsk korn, bør ein vurdera kontraktproduksjon.

Pelsdyr

Pelsdyrnæringa i fylket har hatt eit klart oppgang dei siste åra. Denne utviklinga må vi ta vare på og arbeida for at den kan vidareutvikla seg. Næringsa har fleire odds mot seg, men likevel har ho mange positive element i seg slik at næringa fortsatt må vera ein del av landbruket.

80 % av pelsdyrnæringa ligg i næringssvake område. Difor er det viktig at fraktilskotet på pelsdyrfor vert oppretthalden minst på dagens nivå slik at næringa også framover kan vera ein distriktsretta produksjon. Pelsdyrnæringa må få sin rettmessige del av BU-midlane. Næringsa står overfor heller store utfordringar knytta til krav ang. dyrevelferd.

Frukt, grønsaker og potet

Styret viste til Grøntutvalet sin uttale og støttar den. Den er gjengitt nedafor.

Tiltak som er felles for fleire produksjonar

Generelt vil Rogaland Bondelag peika på at ein bør arbeida aktivt for at rammevilkåra for næringa vert mest muleg stable frå år til år. Beløpsgrensa for produksjonstillegget bør stå fast på 200.000 kr pr foretak. Ang. botnfrådraget på kr 5.000,- vil styret rå til vert trappa ned og fjerna i løpet av ein 5-års periode.



Rogaland Bondelag sin delegasjon under WTO-markering i Oslo i førsten av juli 2006. Frå venstre: Jostein Bjarne Reianes, Mosterøy Bondelag, Sigmund Svendsen, Riska Bondelag, Odd Sele, Bore Bondelag og Olav Sande frå kontoret.

Velferdsordninga

Gode velferdsordningar er svært viktig for rekrutteringa til bondeyrket. Kostnadane til avløysing har auka kraftig. I frå lokallaga er det difor eit klare krav om at maks avløysartilskot til ferie og fritid må hevjest. Rogaland Bondelag vil føreslå at maksbeløpet pr foretak og år må aukast med minst 10.000 kr. Denne auken må ikkje gå på bekostning av andre ordningar, men dekkjast opp med auka overføringer frå staten og ved at ein får behalda midlane som vert frigjort ved at ferre sokjer om avløysartilskot.

Maks dagsats for sjukdomsavløysing må aukast til 1.200 kr pr dag. Ordninga må og forenklast mykje og særlig for dei som har arbeid utanom bruket. Rogaland Bondelag meiner det er urimeleg at lønnsinntekt utanom garden, skal trekkjast inn ved refusjon av kostnadane med sjukeavløysing i gardsdrifta.

Det er urimeleg at bøndene ikkje får refunderte avløysarmidlane - både til ferie og fritid og ved sjukdomsavløysing - før etter halvt anna år. Særleg urimeleg vert dette ved langtidssjukemelding.

Det er eit klart signal frå lokallaga om at det generelle kravet til dokumentasjon må oppretthaldast, men på likefot med samdrifter, bør partar i eit driftsfellesskap mellom generasjonar, kunne vera avløysarar for kvarandre og få utbetalta tilskotet utan dokumentasjon.

Det har vorte eit aukande problem med at kommunar kuttar ut ordninga med eigen landbruksvikar. Dette skapar problem for bøndene ved sjukdom. Fleire lag tek opp dette. Det må arbei-

dast for å betra dette oppleget t.d. ved å leggja meir press på kommunane med å ha eigen landbruksvikar eller at tilskotet kommunane får til dette, vert ført over til avløysarlaget og at dei tek over ansvaret med å skaffa sjukeavløysar.

Tilskotet over jordbruksavtalen til Landbrukets HMS-teneste må oppretthaldast då alle i jordbruket har fordelar av arbeidet HMS-tenesta utfører.

Tidlegpensjon for jordbrukarar må oppretthaldast. Ut frå innspel frå medlemmer vil styret be om at ein vurderer endring der den eine ektefelle er ein del yngre enn den andre - meir enn 5 år. Med krav om at det skal føregå generasjonsskifte og overdragelse av garden, kjem den yngste ektefellen dårleg ut når den eldste førtidspensjonerer seg ved 62 år.

Eit anna innspel er at der den eine ektefellen er noko yngre - mindre enn 5 år yngre - og ekteparet går inn i tobrukarpensjon. Her vil den yngste personen berre ha ein redusert pensjon etter at den eldste går ut av ordninga. Ved tobrukarpensjon skal kvar part ha 72.000 kr pr år - maks 360.000 kr for ein femårsperiode. I eit konkret tilfelle gjekk mannen inn i ordninga ved ein alder av ca 63 år og skal etter oppleget få utbetalta 252.000 kr for den tida han har fram til fullt 67 år. Det er og dette beløpet som vert delt på dei åra kona som er 58 år når dei går inn i ordninga, får utbetalta fram til ho er 67 år. Ho burde i sum fått 360.000 kr, medan ho i dette tilfellet får det same beløpet totalt som mannen - kr 252.000.

Auka tilgang på investeringsmidlar

Med aukande kapitalslit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Fordelinga av BU-midlar mellom fylka må og endrast. Det er svært urimeleg for eit aktivt landbruk i Rogaland, at dei får tildelt berre 6 - 7 % av samla midlar til investeringar når fylket står for 16 - 20 % av produksjonen innan husdyrhaldet.

Som påpeikt tidlegare må det vera familjejordbruksystemet som skal vera grunnstammen i det landbruket vi vil ha framover. Innan mjølkeproduksjonen må difor tankegangen ang. struktur ved tildelinga av midlar endrast kraftig. I dag krev bankar og andre finansieringskjelder at det ved nybygg vert bygd til 50 - 60 kyr og helst fleire, skal dei finna det økonomisk interessant å gå inn med lån. Rogaland Bondelag er svært bekymra for denne utviklinga. Ein driftstorleik tilpassa eit familiebruk med 25 - 35 kyr må vera det produksjonsomfanget ein bør kunna satsa på for bruk med berre mjølkeproduksjon. Den generelle lønnsesma i mjølkeproduksjonen må tillata investeringar for ein slik storleik.

BU-midlene må ikkje prioriterast til samdrifter eller store foretak. Ulike bruksstrukturar hjå søkerane må stillast likt. Investeringsvirkemidla må og tilpassast kombinasjonsbruken slik at den samla produksjonsinntekta på bruket må leggjast til grunn for å vurdera tålevna for investeringane i ein eller fleire produksjonar på bruket.

Av offentlege pålegg er kravet om lausdrift for kyr innan 2024 og krav om frittgåande høns før 2012 det som klart vil krevja størst uttelling. Ang lausdriftskravet må organisasjonen arbeida for enten eit unnatak for mindre bruk eller ei generell utsetting av kravet.

For eggproduksjonen gjekk det berre 4 år frå forskriftsendringa i 1998 kom til at næringa fekk nye krav over seg gjennom forskrifta av 2002 der det vert sett forbud mot tradisjonelt bursystem for verpehøns frå 2012. Dette har ført til at vel 40 % av buranlegga som er i bruk nå, er nyare enn 10 år. Samla for eggproduksjonen vil denne omlegginga kosta rundt 1 milliard kr og for ein konsesjonsbesetning på 7.500 høns vil eit nybygg ha ein kostnad på ca 3,4 millionar kr. Skal næringa nå denne fristen må minst eit slikt anlegg byggjast pr veke.

Etter Rogaland Bondelag si vurdering må det også her ligga eit klart ansvar på staten både til å hjelpe til med investeringsvirkemiddel for dei som vil fortsetja, men og opna opp for ei omstillingsordning for dei som ønskjer å gå ut av næringa innan 2011.

Rentestøtteordninga må oppretthaldast.

Andre investeringsretta tiltak som større avskrivningar, høve til fondsavsetningar med skattefordeler o.l. må det leggjast til rette for og innan landbruket slik at ein kan møta morgondagen betre rusta økonomisk, men og fordi den teknologiske utviklinga går svært raskt og utstyret ein nytta vert fort forelda.

Marknadsordninga - mjølk

Marknadsordninga for dei ulike produksjonane er generelt viktige og bør ikkje utholast med særordningar. Styremaktene bestemte for ein del år sidan at det skulle vera konkurranse inna meierisektoren og det vart brukt betydeleg med midlar først over jordbruksavtalen og seinare gjennom prisutjamninga, for å hjelpe opp ein konkurrent. Rogaland Bondelag har heile tida peikt på at konkurransen her som i andre opplegg, må skje på like vilkår. Etter rundt 8 år med ekstra overføringer til konkurrenten innan meierisektoren, meiner fylkeslaget at det bør avviklast slik at konkurransen vert på like vilkår.

Regionalt miljøprogram - RMP

Ordninga er rimeleg godt motteke av bøndene i fylket. Rogaland Bondelag er og positiv til det, omfanget av midlar ein til nå har nytta til fordeling gjennom det regionale miljøprogrammet, men vil sterkt rá frå at det vert kanalisert meir pengar gjennom denne ordninga enn det som vert gjort for inneverande år. Det same gjeld og SMIL-ordninga. Om organisasjonen har god kontakt og samarbeid med Fylkesmannen Landbruksavdelinga ved utarbeidinga av regelverket for RMP og med kommunane ang. SMIL-midlene, misser næringa ein del av kontrollen med desse midlane. Delar av dei vert og nytta til opplegg som ikkje fell bøndene direkte til nytta. Difor går Rogaland Bondelag mot utviding av desse ordningane. Ei evt. utviding må i så falla verta med hjelp av midlar utanom jordbruksavtalen.

Ved vidareføring av dagens RMP må det og gis klare fôringar frå sentralt hånd

om at ordningane må vera enkle og målretta.

Tilskota og nye brukarar

Etter dagens system får dei som startar opp som ny bonde ved årsskiftet, ikkje utbetalt noko produksjonstilskot før det har gått vel eit år - 14 månadar. På grunn av overtaking og oppstart er den økonomiske situasjonen for desse bøndene oftast svært stram. Betre vert det ikkje når vedkomande og må venta så lenge før han/ho får utbetalt dei første tilskota. Det må arbeidast for å finna ei ordning der desse kan få utbetalt eit forskot av det dei ventar å få ved første utbetaling. Det same gjeld og for refusjon av avløysarmidlar både til ferie og fritid og ved sjukdomsavløysing. Det er urimeleg at nyetablerte bønder ikkje får refundert sine avløysarsutgifter før etter halvtanna år.

Økologisk produksjon

Norsk landbruk må dekka den naturlege etterspørselen av økologisk dyrka matvarer.

Tilskotsordningane til denne produksjonen må ikkje gå på bekostning av tradisjonell produksjon, men vera slik at dei først og fremst er til hjelpe i startfasen og at dei dekkjer meirkostnadane og ekstraarbeidet ei slik produksjonsform har. På sikt må høgare kostnadar og svakare inntening, dekkast inn ved større uttak i markedet. Rogaland Bondelag er positiv til klyngeproduksjon. Vi har tru på at det vil skape eit berekraftig fagmiljø mellom produsentane. Det vil og oppretthalda motivasjonen for å driva økologisk.

Næringsutvikling

Styret vurderer næringsutvikling som svært viktig, men vil likevel peika på at utvikling av småskala matproduksjon og bygdeturisme m.m. har dei beste vilkåra for å lukkast når det er grunnfesta i eit aktivt landbruk. Planar gir liten utvikling, men den beste knoppskytinga oppstår når den kjem frå grasrota.

Bondelaget og landbruket må vera med å stimulera til aktivitet og utvikling av allsidige bygder rundt omkring i landet. Dei som har gode idear må få hjelpe til å utvikla dei. Slik vi ser det i dag er det ofte det offentlege systemet som er til størst hinder. Ein kan berre nemna utbygging av små kraftverk kor byråkratisk og vanskeleg det ofte er.

Grøntutvalet sin uttale

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag inviterte ulike organisasjonar og enkeltpersonar innan grøntsektoren i fylket for å drøfta ting som burde takast med i utvalet sin uttale til jordbruksforhandlingane. Utanom repr. frå utvalet, møtte representantar frå Jæren Gartnarlag, Jæren Forsøksring, Veksthusringen på Rennesøy, Bær- og fruktdyrkarlaget, Grøntuvalet til bondelag i Finnøy og i Klepp og fleire andre enkeltprodusentar. Følgjande uttale vart sendt frå Grøntutvalet

Tollvernet

For den grøne sektoren er tollvernet det klart viktigast og Norges Bondelag må slost kraftig for å oppretthalda eit høgt tollvern for alle produksjonane innan den grøne sektoren. Tolla for desse produkta er alt låge og det er lite å gå på slik at konkurransen med utlandet merkast godt svært snart. For tomatproduksjonen merka ein det kraftig ettersommaren og hausten 2004. Tollvernet er ein kompensasjon for meir-kostnadane her i landet - først og fremst for energi, kapital og arbeidskraft. Særleg dei to sistnemnde heng mykje saman med strukturen innan veksthusnæringa. Gjennomsnittsstørrelsen i Norge er ca 2.000 m² - ca 15.000 m² i Nederland. Tilsvarende situasjon gjeld og for fleire andre næringar innan sektoren.

Energi

30 - 40 % av kostnaden innan veksthusnæringa er energi -. Tradisjonelt har fyringsolje og el.kraft vore dei viktigaste energikildene. Det er fritak for El-avgift for veksthusnæringa - dette er og godkjent etter sak i ESA. Dei siste 8 - 9 åra har det skjedd ein storstilt omlegging til propan og vidare til naturgass.

Etter informasjon frå Rennesøy forsøksring veksthusrådgiving, var 2002 tilnærma normal ang. prisen på energi. I 2005 var desse kostnadane 33 % høgare og i januar 2006 79 % høgare jamfört med normalåret 2002. Stigninga i energikostnadane er såleis dramatiske og utgjer ein auke i kostnadane på kr 52.000 pr årsverk i 2005 og 123.000 kr/årsverk for 2006 dersom prisen for januar held seg.

I forhold til andre land er forskjellen dramatisk. Opplysninga frå Westland



Energi i Nederland viser at vi har 50 - 75 % høgare pris på naturgass. Skilnaden på naturgass skyldes for det meste infrastrukturen. Prisen på sjølve gassen er i og for seg ikkje så stor, 80 - 100 øre pr m³.

Investeringar som går på energisparande tiltak må stimulerast

Målpris

Med grunnlag i drøftingane under møtet vil utvalet rå til at målprisen i gjennomsnitt vert hevja med ca 4 %. Auken må i alle høve dekka den generelle kostnadsstigninga. Utvalet ser det og som viktig at ein er fleksibel i kor mykje målprisen skal aukast for dei enkelte produkta slik at produkt der ein jamt over har kunna teke ut ein høgare pris i markedet, bør få størst auke. For vareslag der prisen i markedet har lege under målprisen, bør auken ikkje vera så stor.

Areal- og kulturlandskapstilskotet

Det generelle tilskotet på 187 kr pr dekar bør få ein moderat auke.

For arealtilskotet retta mot dei ulike produksjonane rådde ein til at intervallet i dag frå 0 - 30 dekar vert endra til 0 - 50 dekar både for grønsaker og for frukt og ber. Ei slik endring vil ivareta dei fleste produsentane samtidig som det hjelper spesielt for dei mellomstore produsentane. Vert denne endringa gjort bør dekarsatsen vera den same.

For potet bør dekarsatsen på 50 kr hevjast vesentleg. Mekaniserings- og arbeidskostnadane for potetproduksjonen er opp i mot det same som for

enkelte av grønsakssлага t.d. gulrot, men og for korn. Ut frå det er det urimeleg at det er så stor skilnad. Også her bør det vera eit intervall med eigen sats for dei første 100 dekar og lågare sats for areal over 100 dekar. Det bør vera større samsvar mellom korn og potet i denne ordninga.

Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, ber, veksthusgrønsaker og potet

Med grunnlag i strukturrasjonaliseringa innan den grøne sektoren og ønskje om å satsa på dei som verkeleg vil fortsetja i næringa, vil utvalet rå til at intervalla ein får tilskot til vert utvida noko - pluss 15 - 20 % av dagens grenser - for alle produksjonane. Ei slik justering vil ikkje gå ut over dei små produsentane.

På fleire måtar vert produsentane oppfordra til direkte sal frå gard til forbrukar. Med grunnlag i dette og den generelle utvikling, bør dokumentert direktesal frå bruket/gartneriet verta godkjent kvantum for denne ordninga.

Tilskot til kvalitets- og salsfremjande tiltak

Utvalet stiller spørsmål om kva midlane avsett til Handlingsplan plantevernmiddel vert nyttta til. Næringa ser det som generelt viktig at denne potten vert styrka - planevernavgifta må ikkje aukast heller reduserast - og at det vert arbeidd aktivt med å utvikla effektive, men og miljøvenlege middel. Ang. utviklinga av nye plantevernmiddel bør ein kunna ha eit samarbeid med produksjonsmiljøa i dei andre nordiske landa.

Utvikling av friske plantemateriale

Utvalet ser det som viktig at denne posten vert stående og gjerne at den vert styrka. Med presset ein har innan produksjonen og kravet til friskt plantematerial, er det viktig at ein har ein aktiv forsking på dette området.

Opplysningskontoret for frukt, grønsaker og potet

Dette arbeidet må oppretthaldast og posten må vera på minst dagens nivå. Kontoret bør i større grad enn i dag, fokusera på norskproduserte varer.

Produsentsamanslutninga

Posten bør oppretthaldast og helst aukast. Næringa ser det som svært viktig at produsentane står best mogleg saman og at det vert lagt til rette for det.

Avsetningstiltak

Beløpet til avseningstiltak bør aukast.

Velferdsordningane

Desse må oppretthaldast. Utvalet vil på nytt føreslå at vekthusnæringa også kjem inn under ordninga for avløsing til ferie og fritid. Vekstsesongen innan vekthusnæringa omfattar heile året. Det er såleis ikkje noko pause i drifta. Utvalet vil berre peika på at sauehaldet er med i avløysarordninga. Det er greitt, men det vert noko feil når vekthussesongen er avskåren for å ta del i denne ordninga, medan sauene som i vesentlege deler av året er ute på beite og/eller i heia, har full utnytting av ordninga. Difor vil utvalet rå til at vekthusnæringa vert teke med i ordninga heile året.

Ang. avløsing ved sjukdom m.m. må ordninga gjelda på same vilkår for grøntsektoren som for andre produksjonar innan landbruket. Minstekravet er at ordninga må dekka den perioden av året ein har produksjon og arbeid med dei ulike produksjonane.

har eit produksjonsomfang på 15 - 20 % - for tunge veksthusproduksjonar ennå meir. Midlar til tradisjonelt landbruk - grøntnæringa inkludert - må prioritertast.

Det må og verta høve til å setja av midlar til fond med skattefordelar for seinare investeringar til ulike formål.

Avgifter innan næringa

Avgiftsbelastninga for næringa er stor. Generelt vil utvalet be om at det vert arbeidd aktivt for at dei ulike avgiftene vert reduserte eller heilt fjerna.

Erstatning etter offentlege pålegg som følgje av planteskadegjerarar

Dette er ei viktig ordning for heile næringa og særleg for dei produsentane som vert pålagde ei eller anna form for sanning. Ordninga må oppretthaldast og det må vera garantert nok midlar til at ein kan dekka opp behovet etter som ordninga vert teken i bruk.

Viktig med oppdaterte grunnlagsmaterial

Eit av signalene som kom fram under drøftingane i møtet var verdien av å ha gode og oppdaterte tal for kostnadane og inntektene i dei ulike produksjonane under forhandlingane. Innan enkelte produksjonar har næringa enhetskalikylar. Dette er berekningar som bør takast med i vurderingane av inntekts-situasjonen og -utviklinga for dei ulike produksjonane. Det er uheldig dersom ein har etterslep på kostnadssida i det materialet ein forhandlar ut frå.

BU-midlar og andre investeringsmidlar

Tilgangen av desse midlane til fylket må vera i samsvar med produksjonsomfanget ein har i Rogaland. Utvalet ser det som svært urimeleg at ein berre får tildelt 7 - 8 % av midlane medan fylket

Tiltak ved evt. brot i forhandlingane

Som vanleg vart fylkeslaga sterkt oppmoda til å utarbeida plan for opplegg dersom det skulle verta brot under jordbruksforhandlingane. Opplegget var at fylkeslaget skulle utarbeida detaljerte planar for tiltak ein ville gjennomføra innan 25. april. På sentralt hald skulle det utarbeidast informasjonsopplegg til bruk både sentralt og på fylkesnivå. I planane vart det også lagt inn at det

kunne vera aktuelt å gjennomføra ei samling av bønder til ei markering i Oslo kort tid etter eit evt. brot.

Fylkesstyret saman med administrasjonen, la konkrete planar og orienterte lokallaga om det så langt det var nødvendig for å gjennomføra opplegget på kort varsel etter eit evt. brot.

Tida frå forhandlingane startar og fram til sluttspunktum er sett er alltid

spennande. Ein er usikker på kva utfallet vert og heile organisasjonen må ha klar beredskap for å kunna gjennomføra tiltak. Bondelaget gjennomførde forhandlinga i år - Småbrukarlaget braut som kjent i siste fase - slik at alle aksjonsplanar vart lagt ned i skuffa for evt. bruk seinare år.

Den store norske matdagen 2006

Rogaland Bondelag markerte Den store norske matdagen på Jæren hotell 3. mai. Tema for dagen var presentasjon av ein stor befolkningsundersøking Norges Bondelag hadde utført. Undersøkinga var delt opp både på lands- og fylkesplan. Undersøkinga omhandla blant anna folks holdningar til norsk landbruk og norskprodusert mat.

Inviterte til denne markeringa var Fylkesordførar, fylkespolitikarar, offentlege etatar, samarbeidspartnarar i landbruket sine organisasjonar, media og andre. Av 45 inviterte møtte 17 personar.

Resultata av befolkningsundersøkinga om folks holdningar til norsk landbruk ble presentert av leiaren i Rogaland Bondelag, Arna Høyland. Jæren Hotell ved kokk Heine Grov, presenterte lunsjen med lokale råvarer.

Arrangementet fekk god omtale i media.

Lokallaga blei også bedne om å markera denne dagen. Fleire lag hadde møte med til dømes ordførar, lokalpolitikarar og administrasjon der det blei orientert om landbruket si verdi-



Smaksbombene fra Rogaland gjekk ned på høgkant på Rogaland Bondelag si markering av Den store matdagen. Frå venstre Odd Arild Kvaløy, fylkesutvalet i Rogaland Fylkeskommune, Tor Audun Bilstad og Ola Bekken fra Felleskjøpet Rogaland Agder og Arna Høyland, fylkesleiar i Rogaland Bondelag. Foto: Bondevennen

skaping i kommunen. Det blei overlevert matkorg med lokalprodusert mat.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE, SCHMIDT OG BACHMANN

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no

Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
bjorn.o.vikse@adv-vhbl.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
jens.otto.haugland@adv-vhbl.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
ole.johan.berge@adv-vhbl.no

Advokat Frank Schmidt

Tlf.: 52 70 87 65
Mobil: 412 74 145
frank.schmidt@adv-vhbl.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
trond.jarle.bachmann@adv-vhbl.no

Marknadssituasjonen for gris

Rogaland Bondelag har gjennom året sett med uro på overproduksjonen innan svinenæringa og fryktar at dersom omfattande virkemiddel ikkje vert sett i verk, vil det ramma heile næringa alvorleg og særleg distriktsgrisen og mindre bruk i distrikta.

Under styresamling 22. og 23. september i Egersund vart saka teken opp som eiga sak. Til møtet hadde ein og invitert styremedlem i Gilde Norsk Kjøtt Sveinung Svebestad, til å orientera om marknadssituasjonen for svinekjøtt.

Med grunnlag i denne orienteringa, anna informasjon om situasjonen og innspel frå fleire hald til styret, vart saka grundig drøfta i styret. Ut frå kjennskap til at styret i Norges Bondelag og skulle drøfta saka på møte seinare i månaden, sende styret eige brev til Norges Bondelag. Her gav ein uttrykk for at fylkesstyret følte saka var svært

kompleks og at styret var usikker på kva tiltak ein først og fremst bør prioritera. Styret sende likevel følgjande signal:

- Som eit **strakstiltak** vil vi føreslå **etableringsstopp** for utviding av eksisterande produksjon av gris og nyetableringar - både for smågris- og slaktegrisproduksjonen. Forutan å stoppa den generelle utvidinga og nyetableringa av produksjonen, vil eit slikt tiltak også dempa satsinga på griseproduksjonen med oppføring av nye slakteri. Den samla slaktekapasiteten i Norge er meir enn stor nok og med nye slakteri slik det er planar om, vil aktuelle selskap truleg gå aktivt ut og stimulera til auka produksjon i nærområdet til evt. nytt slakteri.
- For stor produksjon av smågris er på mange måtar hovudproblemet. Rogaland Bondelag vil ut frå det føreslå at det på nytt vert vurdert å **knytta kon-**

sesjonen for svinehaldet til talet på smågris.

- Bruk av sterke **prisregulerande tiltak**.

I brevet oppfordra fylkeslaget elles Norges Bondelag å arbeida vidare med denne alvorlege saka. Etter styret si vurdering er det viktig at tunge tiltak vert sett i gang snarast mogleg. Styret gav og uttrykk for at ein er glad for at Norges Bondelag og Gilde Norsk Kjøtt engasjerer seg så sterkt i saka.

Norges Bondelag har og arbeidd mykje med saka og då saman med m.a. Gilde Norsk Kjøtt. Fleire møte er haldne og det er å vona at tiltak som er planlagde for 2007, vert sett i verk for å unngå den tunge nedgangen i svinenæringa som elles vil koma dersom ein ikkje får betre kontroll på produksjonen.

Regionalt miljøprogram for Rogaland

Regionalt miljøprogram - RMP - for jordbruket i Rogaland 2005 - 2009, vart utarbeidd i løpet av 2004 og endeleg godkjent i januar 2005. Fylkeslaget deltok på fleire møte i utarbeidingsa av planen. Orgsjefen var med i prosjektgruppa medan fylkesleiaren var med i styringsgruppa. På grunnlag av planen vart det utarbeidd søknadsskjema for bøndene. 20 mill kr var til fordeling i fylket.

Med grunnlag i erfaring og oppsummering av søknadsrunden i 2005, hadde prosjektgruppa møte i februar for

å gjennomføra ei evaluering og koma med innspel til programmet for 2006. For 2006 var det 24 mill kr til disposisjon.

I styret si oppsummering før dette møtet peika dei på følgjande punkt:

- Det har vore uheldig at informasjonen ut mot bøndene har vore ulik frå kommune til kommune.
- Det er for mange ordningar og ein bør prøva å redusera talet.
- Tiltaka bør vera meir målretta
- Styret gjekk i mot at det skal setjast minstebeløp på kr 1000 pr tiltak for å få utbetalt tilskot.

- Søknadsprosessen bør gjerast enklare. Signal tilseier at fleire bønder har valt å ikkje søkja fordi dei ikkje vil ta seg tid til det.
- Det er problematisk at andre utafor bruket skal vurdera om tunet er ryddig eller ikkje
- Styret gjekk inn for å ta ut punktet om tilskot til årleg kompensasjon for tap av avling for område som vert avsett til frie beiteområde for gås og svane. Det er ei eiga ordning nå som skal dekka det.

Innspel til programarbeidet til fylkestingsvalet 2007

Før dei politiske parti i fylket start sitt programarbeid sendte styret i Rogaland Bondelag innspel om jordbruket sine utfordringar. Hovudinnhaldet i dette var:

Rogaland er landets fremste landbruksfylke. Gode klimatiske forhold, eit aktivt fagmiljø og lange tradisjonar er grunnen. I fylket er det 5.300 gardsbruk. Verdiskapinga i primærnæringa i fylket er 2,5 - 3 mrd og i tilknytta industriverksemder ca 14 mrd. Rogaland har 9,7 % av jordbruksarealet i landet. Produksjonen

angåande dyrehaldet er frå ca 18 % til 30 % av landet (mjølk/egg). For planteproduksjonen varierer produksjonen frå 6 % til 85 %, (potet/agurk) av landet.

Rogaland er eit Norge i miniatyr. Innan turistnæringa, som er veksande i fylket, er det viktig å ha eit levande landbruk i heile fylket. Det er berre eit aktivt landbruk som kan hindre gjen groing og som held kulturlandskapet opent og fint. Mange fine turopplevingar får folk ute i skog og mark. Med auka ferdsel ute i naturen må det setjast fokus

på ansvar, pliktar og rettar ved ferdsel på inn- og utmark. Det er landbruket som er den viktigaste næringsgreina i bygdene og som opprettheld busettinga der.

Om lag 10 % av arealet i Rogaland er dyrka eller dyrkbar jord. Rundt dei fleste tettstadane i Rogaland er andelen dyrka/dyrkbar jord mykje høgare. Dette er ein ressurs som må forvaltas med respekt og som ikkje er fornybar. Fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren er eit viktig styringsreiskap innan jordvern i fylket.

Matfylket Rogaland er eit merkevare. Det inneber at det skal satsast på mat i Rogaland, både frå land og sjø. Det vert bygt opp nettverk mellom produsentar, foredlingsindustri, forsking, marknadsføring og fleire for å få større verdiskaping. Større bevisstgjering av mat som eit råstoff til innovasjon vil gje resultat. Det er det tradisjonelle landbruket som legg grunnlaget for nye arbeidsplassar innan vidareforedlinga. Det er den enkelte bonde som legg grunnlaget for satsinga som er på mat i Rogaland.

Landbruket er heile tida i endring. Då er det viktig med kompetansebygging. Nye brukarar må ha kunnskap om næringa, agronomi og driftsleiing. Eta-

blerte brukarar må få høve til å skaffe seg fagleg påfyll. Vidaregåande skule, Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer og UiS må motiverast og brukast innan utdanning og kompetansebygging.

Viktige satsingsområdar:

- Respektere langsiktig grense for landbruk som er lagt i fylkesdelpalan.
- Følgje opp nasjonal målsetting om halvering av forbruk av dyrka jord innan 2010
- Fortsette arbeidet med merkevarebygging Matfylket Rogaland
- Etablera og utvikle "Måltidets hus" til eit fagleg knutepunkt, også internasjonalt
- Bygge nettverk innan FOU, produk-

sjon, foredling og marknad.

- Merkevarebygging for lokale produkt.
- Halde fokus på verdiskaping i det tradisjonelle landbruket som grunnlag for nye arbeidsplassar innan vidareforedling.
- Bygge nettverk for å auka kompetansen innan nisjeproduksjon, lokal foredling, gardsturisme og økologisk gardsdrift.
- Utvikle fagbrev innan landbruk på vidaregåande skule.
- Deler av studiet - den kliniske delen ved veterinærhøgskulen - må verta lagt til fylket.
- Oppretthalda eit godt veg- og kommunikasjonsnett i fylket.

Økologisk matproduksjon

Rogaland ligg därleg ann når det gjeld målsetning om økologisk matproduksjon. Berre 0,6 % av jordbruksarealet i fylket er i dag økologisk areal - gjennomsnittet for heile landet er 3,5 % og det har auka frå 1,5 % i 1999. Rogaland hadde då 0,5 %. Målsetninga styresmaktene har sett er at 15 % av produksjonen og forbruket av mat skal vera økologisk produsert innan 2015.

Fylkesmannen Landbruksavdelinga tok hausten 2006 initiativ til å utarbeida ein ny handlingsplan for Økologisk produksjon. I forkant av dette ba dei om innspel og styret sende følgjande signal:

- Rogaland Bondelag er positiv til økologisk matproduksjon og ser det som viktig at norsk landbruk dekker det nasjonale behovet for økologisk produserte matvarer.
- Økonomien i produksjonen må betrast, men på sikt må den koma via høgare priser i markedet for økologisk produserte varer. Produksjonen må bera seg sjølv økonomisk.
- Avsette midlar til økologisk produksjon - også prosjektmidlar - må framover verta nytta til tiltak opp mot aktive bønder som driv økologisk matproduksjon.

Styret ba vidare fylkesleiaren om å vera fylkeslaget sin representant i arbeidsgruppa for handlingsplanen og mot slutten av året sende FMLA ut eit forslag på høyring.

I uttalen til den peika Rogaland Bondelag på at planen var svært omfattande.

For å gjera den meir handfast føreslo styret at det burde setjast opp ein plan for konkrete tiltak med ansvarsfordeling og tidsfristar. Denne bør innehalda tiltak retta mot produsentar, forbrukar, omsetningsledd og samhandling i verdikjeda.

RB etterlyste og konkrete tiltak som går på auka forståing og endring av haldningar hjå bønder til økologisk produksjon.

Skal ein lukkast med å auka produksjonen av økologiske dyrka varer, må økonomien i produksjonen betrast. Bøndene er sjølvstendig næringsdrivande og det økonomiske resultatet vil vera viktigaste drivkrafta for endring.

Styret såg og behovet med klyngeproduksjon for økologisk mjølk ut frå kostnadane med inntransport, men dessle må likevel ikkje verta for snevre i utbreiing slik at mange interesserte produsentar vert avskorne for å levera økologisk mjølk for vidare bruk som økologisk produsert mjølk og mjølkeprodukt.

I uttalen vert det og reagerer sterkt på noko av innhaldet i avsnitt om Økologisk potet- og grønsakproduksjon der det står:

"Samstundes veit ein at i grønsakproduksjon er bruk av sprøytemiddel stor. Derved er grønsaker ein av dei produksjonane der ein vil ha størst nytte av å fokusera på økologisk produksjon."

Styret peika på at desse setningane må bero på ein fullstendig mangefull

innsikt i korleis grønsakproduksjonen vert gjennomført i dag med stor vekt på integrert produksjon. Talet på sprøytingar er sterkt redusert med ofte berre 1 - 2 sprøytingar gjennom vekstsesongen. Dessutan er tillatne sprøytemiddel mindre farlege og doseringa svakare i dag enn for få år sidan. Mange grønsak-, frukt- og bærprodusentar kjenner seg ikkje att i den nemnde omtalen.

Rogaland Bondelag ga uttrykk for at det er svært uheldig at ein på dette punktet ikkje er oppdatert på den reelle situasjonen og på ein måte er med og skaper unødvendig og feil skilnad mellom konvensjonell og økologisk produksjon. Skal ein opparbeida truverdige haldningar til økologisk produksjon slik og RB ønskjer, må ein etter styret si vurdering, unngå slike klare feilsteg. Styret ba om at dette og evt. andre tilsvarande omtalar i rapporten, vart endra.

Krav landbruket står overfor

Rogaland Bondelag har ved fleire høve vore oppteken av dei mange krava landbruket står overfor og særleg krav som er relatert opp mot velferdsmeldinga for husdyrhaldet og som kjem fram i forskriftene om hald av ulike dyreslag. For å få oversikt over kor omfattande dette er, tok fylkeslaget kontakt med Norges Bondelag og konsulent Pia Borg laga ein slik oversikt.

Dei ulike krava og særleg kravet om lausdrift for storfe innan 2024, kravet om frittgåande høns innan 2012 og krav om brannvarslingsanlegg innan 1. januar for fleire dyreslag, er krav dei fleste innan husdyrhaldet er oppteken av. Desse tema har m.a. vore oppe på fleire av årsmøta i lokallaga i haust og på andre møte fylkeslaget har gjennomført.

Krav om lausdrift for storfe

Rett nok er det ein del år til før kravet om lausdrift for storfe trer i kraft, men etter Rogaland Bondelag si vurdering har dette kravet alt stor innverknad på tiltak mange bønder føretok seg. Slik vi oppfattar det er det m.a. dette kravet, saman med at dagens eigar ikkje har klare overtakarar av bruket sitt, som fører til usikkerhet hjå brukaren og fleire kvittar seg med kvoten og reduserer drifta på garden. Denne situasjonen har og samanheng med at det er gjengs oppfatning og krav hjå m.a. finansinstitusjonar i fylket, Innovasjon Norge inkludert, at skal ein byggja ny driftsbygning for mjølk, må ein opp i ein produksjon på 300.000 l og helst meir, for å få prosjektet lønnsamt. Ønskjer bonden ei moderat forbetring av fjøset, kjem han snart borti kravet om lausdrift ved vesentleg ombygging av fjøset.

Rogaland Bondelag er og oppteken av at næringa får ein betre oversikt over kva totale kostnadane som ligg for næ-

ringa ved innfriing av dei ulike krava og då særleg kravet om lausdrift for storfe og kravet fjørfsenæringa står overfor. I møte med Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga tok vi opp spørsmålet om dei kunne føreta berekningar av samla kostnadane dei ulike krave vil føra til for næringa. Tanken var å få det gjort for eit par kommunar i fylket. Kor vidt dei vil gjennomføra noko slikt er pr i dag noko usikkert.

Under drøftinga av denne saka kom ideen om at dette måtte vera ei aktuell oppgåve for NILF å føreta ei slik vurdering. Styret drøfta dette og ba Norges Bondelag om å vurdere ideen og evt. be NILF om å føreta eit slikt estimat slik at næringa kunne verta betre i stand til å vurdera det totale kostnadsbehovet for å følgja opp krava.

Eit anna element mange bønder og er opptekne av, er om ein bør arbeida aktivt for at mindre fjøs/besetningar bør få unnatak for kravet om lausdrift innan 2024. Det er vanskeleg å seia korleis den tekniske utviklinga vil gå framover, men truleg kunne ein ha fått meir ro og aksept hjå bønder dersom det vart klart at mindre bruk kunne rekna med å få unnatak av dette kravet, men at det trer i kraft ved oppføring av nybygg. Rogaland Bondelag ser det som rett at Norges Bondelag alt nå startar den strategiske vurderinga av korleis ein bør arbeida for å få det til. Etter styret si vurdering ville det roa situasjonen hjå mange og då spesielt hjå bønder i distrikta der busetnad og aktivt drift er viktige element i den generelle politiske debatten og for å unngå gjengroing.

Installering av brannvarslingsanlegg

Etter krava i haldforskriftene skal det vera installert brannvarslingsanlegg i

bygninga med meir enn ca 30 dyr frå årsskiftet 2006/2007 av. Styret er av den oppfatning at dei fleste bøndene vil innfri dette kravet utover våren, men at ein del vil avstå og då særleg på mindre bruk og spesielt for bygg med sau. Norges Bondelag tok saka opp med departementet og ba om å få to års utsetting. Resultatet vart at kravet vart utsett til 1. september 2007.

Mattilsynet har i eit eige notat av 30. oktober 2006 sagt noko om praktiseringa av regelverket. Bøndene føler seg likevel usikre på korleis dei skal forehalsa seg til kravet. Rogaland Bondelag ba difor Norges Bondelag om å få til ei betre avklaring om korleis regelverket skal praktiserast på ulike området - m.a. kva krav som vil verta sett til sjølve varslingsanlegget. Fylkeslaget såg det og som viktig at ein får lik praksis for alle fylka.

Etter styret si vurdering er det og viktig å få betre avklaring om korleis forsikringsselskap vil stilla seg dersom driftsbygningen brenn etter at kravet om varslingsanlegg har vorte gjeldande. Etter det fylkeslaget har oppfatta er signal sjølv frå Gjensidig noko ulik - frå at det vil verta føreteke reduksjon i erstatninga sjølv om kravet er eit offentleg krav - til at det ikkje vert noko reduksjon då det er eit offentleg krav og ikkje krav forsikringsselskapet stiller. Det er viktig å få betre avklaringar her og at det vert gjort kjent. Det bør og vera ei felles haldning hjå forsikringsselskapene til dette.

Signal går på at kontrollen av kravet om installering av brannvarslingsanlegg skal leggjast til KSL. Styret i Rogaland Bondelag ser det som uheldig og direkte feil dersom KSL-kontrollørane vert pålagd ein slik kontroll og oppfølging av dette pålegget. Det bør liggja **direkte** til Mattilsynet.

Energikostnadane for veksthusnæringa

Med grunnlag i at Rogaland har ca 85 % av tomatproduksjonen i landet, ca 1/3 av agurkproduksjonen og ein vesentleg del av blomstergartneria, har Rogaland Bondelag vore svært oppteken av veksthusnæringa generelt og spesielt av energikostnadane for næringa.

Fylkeslaget har teke saka opp ved fleire høve - i møte med Rogalandsbenken 30. januar 2006 og i uttalen Grøntutvalet sende i tilknyting til jordbruksforhandlingane. Saman med uttalen låg det med eit eige notat frå Rennesøy forsøksring veksthusrådgiving

ved ringleiar Ørjan E. Omdal ang. situasjonen for energikostnadane innan næringa.

Fylkesstyret tok og saka opp på nytt i haust. Rogaland Bondelag tok ny kontakt med Rennesøy forsøksring veksthusrådgiving for å høyra om det

hadde vore nok vesentleg endring ang. energikostnadane. Ringleiar Ørjan Omdal melde tilbake at prisutviklinga for naturgass følgjer stort sett utviklinga på propan og den har hatt ein prisauke omrent slik det var skissert i ovanemnde notat - ein auke på 75 % i forhold til 2002. Prisen på straum har i same perioden auka med 175 %. I forhold til 2005 har auken vore på 28 % på propan (65.000 kr pr årsverk) og 20 % for naturgass (38.000 kr pr årsverk).

Fylkeslaget har også hatt kontakt med konsulent Olav Syvertsen i Norsk Gartnerforbund. Med grunnlag i gjennomsnittstal frå 25 tomatprodusentar i fylket, har han kome til at med ein gjennomsnitts energikostnad på 23 øre/kWh, dekker ein så vidt kapitalutgiftene etter at ein har dekka arbeidet med ein moderat timesats på kr 140 pr timen. Dagens prisar på gass er 29 - 31 øre pr kWh og utgjer nær 35 % av dei samla

kostnadane i tomatproduksjonen. Etter kjennskap ein har til gassprisar i Holland betaler nederlandske gartnerar 12 - 13 øre pr kWh - godt under halvparten av det norske gartnerar må betala.

I brev til Norges Bondelag gir styret uttrykk for at ein er glad for at veksthusnæringa vart fritatt for CO2-avgift på gass i statsbudsjettet for 2007, men situasjonen for næringa er svært vanskeleg likevel. Det vert av og til vist til at veksthusnæringa bør ta i bruk bioenergi. Det er prøvd, men mengda som må til er enorme og det er praktisk svært vanskeleg å få til eit enkelt og praktisk opplegg for biomasse.

Nettet av gassrør utover Jæren og på fleire avøyane i fylket er etterkvar godt utbygd. Ut frå det vil det vera rett å satsa på gass som energikilde for veksthusnæringa evt. kombinert med elektrisk kraft.

Med grunnlag i utviklinga av energikostnadane innan veksthusnæringa, er styret i Rogaland Bondelag uroleg for den store auken i energikostnadane innan veksthusnæringa. Kostnadane både til oppvarming og lys er no så store at dette truleg ikkje er til å leva med. Situasjonen må karakteriserast som dramatisk for heile veksthusnæringa og i brev til Norges Bondelag peike ein på at det må setjast i verk tiltak relativt raskt for å hindra altfor store skadeverknadar.

I brevet til Norges Bondelag ber ein om at NB tek dette opp i dei naudsynte fora med siktemål å få sett inn tiltak i Statsbudsjettet for 2007 og eventuelt i jordbruksforhandlingane. Det vart og sendt brev direkte til Rogalandsbenken.

Målet med engasjementet til styret i denne saka er å få redusert den samla energikostnad for veksthusnæringa vesentleg og minst koma ned på ein pris på under 20 øre /kWh for næringa.

Prosjektsamarbeidet med Sparebank 1 SR Bank

Under styremøtet i oktober var Elin Garborg frå Sparebank 1 SR-Bank invitert til å snakka om banken sin utlånspolitikk. På slutten av innleget sitt inviterte ho Rogaland Bondelag til å koma opp med eit prosjekt som kan belysa problemstillingar for landbruket generelt og for bøndene spesielt. I så fall ville banken vera positiv til å gå inn med midlar til gjennomføringa.

Styret såg på dette som svært positivt og spennande og har arbeidd med eit aktuelt opplegg i eit par styremøte og vil møta Sparebanken 1 SR-Bank med følgjande disposisjon som grunnlag for vidare drøfting:

Hovudmål:

- Laga eit scenarium ang. utviklinga for landbruket i Rogaland for ein 10 års periode framover med bakgrunn i utviklinga innan næringa dei siste åra og med lys på mulege politiske rammevilkår framover.

Delelement

- Innleiingsvis gi ein beskrivelse av utviklinga innan landbruket dei siste 10 - 15 åra
 - Tal aktive bruk

- Endring i omfang for dei ulike produksjonane
- Fordeling av produksjonen innan fylket
- Den teknologiske utviklinga
- Verdiskapinga til landbruket

- Beskrivelse av nå-situasjonen
- Element som vil ha betydning for utviklinga framover innan landbruket
 - Landbruks- og samfunnspolitiske signal
- Liberalisering av regelverket for landbruket
- Konsesjonsgrensene for kraftforekvjande produksjonar
- Kvoteordninga for mjølk
- Fordelinga av produksjonen mellom landsdelar
 - Politisk vilje til økonomisk satsing og styring
 - Ulike krav/pålegg m.a.
- Dyrehaldet
- Spreiearealkravet
 - krav om N-rekneskap
 - Forbrukarinteresse

- Fordeling innan fylket
- Betydning for samfunnet og kulturlandskapet
- Betydning for utviklinga av distrikta i fylket

Konsekvensar og tiltak for å kunna styra utviklinga i ønska lei

Etter styret si vurdering må målet vera å laga eit dokument som kan nyttast i arbeidet med å påverka rammevilkåra for landbruket. Det gjeld i arbeidet opp mot politiske organ både her i fylket og på landsbasis, samt i arbeidet opp mot opinionen. Arbeidet må og vera eit ledd i å skapa optimisme innan landbruket. Styret ser det vidare som viktig at det som vert utarbeidd er truverdig. Opplegg for utføringa av arbeidet vil ein koma tilbake til.

Med grunnlag i disposisjonen legg ein opp til å drøfta saka vidare med Sparebank 1 SR-Bank og ein tek sikte på å starta opp arbeidet våren 2007.

Scenariet ang utviklinga framover

- Strukturutviklinga innan næringa

Ledige næringsbygg i landbruket?

Mange næringsbygg i landbruket står i dag tome. Fleire går i samdrift eller sluttar av med produksjonen sin av andre grunnar. Det fører til at blant anna løer/veksthus blir ståande tome. Kva anna næringsaktivitet skal vi tilrå blir etablert i desse bygga. Vil det bli behov for sanering av tome løer/veksthus? Skal det bli gitt tilskott til sanering?

Styret i Rogaland Bondelag har satt ned ei arbeidsgruppe for å koma med innspel på desse problemstillingane. Desse er med i arbeidsgruppa:

Leiar i gruppa er Arnstein Gilje frå styret, Leidulf Harboe frå Sandnes Bon-

delag, Reidun Oline Skadsem styremedlem i Tine Sør og Yvonne von Bettum frå Fylkesmannen si landbruksavdeling. Olav Sande er sekretær.

Arbeidsgruppa har fått følgjande mandat:

Med grunnlag i endring av bruksstruktur innan landbruket, danning av samdrifter og nedlegging av drifta på bruk, skal arbeidsgruppa danna seg eit best mogleg bilet av omfanget av ledig driftsbygningar eller andre næringsbygg innan landbruk og gartneri. Med grunnlag i det skal gruppa koma med forslag på korleis ein skal handtera slike ledige bygg.

Gruppa skal koma med innspel på kva alternativ næringsaktivitet ein bør kunna nytte/gi tillatelse til i desse bygningane til og kva tid ein bør gå inn på saneringstiltak. Bør det over jordbruksavtalen eller via andre kjelder gis støtte til ei slik sanning?

Arbeidsgruppa skal og gjera seg kjent med om tilsvarande arbeid er utført i andre fylket og om Norges Bondelag har vurdert denne problemstillinga.

Utalet skal leggja fram sitt forslag innan 1. mars.

Veterinære tenester – ansvaret frå stat til kommune

I dag er det staten som har ansvar for at bøndene og andre har tilfredstillande tilbod på veterinære tenester. Det vart lagt fram forslag om å overføra dette ansvaret til kommunane. I forslaget er det kommunane som skal definera kva som er tilfredstillande tilgang på teneste og personell. I praksis betyr forslaget at det er kommunane som får ansvar for at bonden får eit tilbod om veterinær både på dagtid og på kveld/helg.

Styret kom med følgjande innspel i høyringa:

- Det er viktig å ha ei god dyrehelsesteneste for produksjonsdyr i heile lan-

det av dyrevernsmessige grunnar. I dag fungerer denne tenesta godt og styret er skeptisk til å overføre denne tenesta til kommunane, tilbodet kan bli dårlegare der avstandane er store og dyretettheten er låg.

- Kommunane har liten kompetanse på behovet av desse tenestene for produksjonsdyr.
- Skal denne tenesta bli overført til kommunane må det utformast minstenormer som omhandlar tilgangen av til dømes veterinær ut på garden både på dagtid og i eit vaktsystem på kveld/helg.

- Skal kommunane få kompensert for dette ansvaret gjennom rametilskottet, må denne tenesta konkurrere om ressursar i eit stramt kommunebudsjett, og det kan fort gå utover dyrevelferden.
- Rogaland Bondelag er og skeptisk til å gå inn på ei ordning som vil fjerna den direkte forhandlingsretten veteranærforeninga har med staten.

Kapitaltilgangen frå private bankar til landbruket

Behovet for tilgang på kapital er stor for landbruket i Rogaland. På fleire møte som Rogaland Bondelag har arrangert har det kome fram spørsmål og kritikk på den manglende kapitaltilgangen som landbruket oppleve. Det er blitt hevda at det er uråd å få til dømes lån til ny driftsbygning på eit familiebruk. På bakgrunn av dette blei Elin Garborg, konsernansvarleg for landbruk i Sparebank 1 SR-Bank, invitert av styret for å orientera om banken sin utlånspolitikk for landbruket. Under debatten kom det fram interessante innspel og styret hadde ein god dialog

med Elin Garborg. Tema som blant anna ble diskutert var:

- Utfordringar i landbruket sett frå SR-Bank si side
- Investeringsbehov/kapitalbehov
- SR-Bank sine tankar ang. kravet om lausdrift frå 2024 - korleis kan ein halda på ein variert bruksstruktur også framover
- Økonomistyring hjå den enkelte bonden - får han god nok hjelp, rekneskapslaga sin funksjon i denne samanhengen

Styret har fått ein oversikt på oppgjers- og driftskreditordninga for landbruk, som blei etablert i 1967. Målet med denne ordninga er å gi bøndene kortsiktig kredit. I Rogaland er det om lag 3100 konti med driftskredit, med ei løyving på snaut 800 mill kroner. Det er mest ikkje mislighald eller tap på denne ordninga. På landsplan var det i 2005 eit mislighald/tap på 670.000 kroner, noko som er 0,006 % av løyvd kredit. Samvirkebedriftene som er med i ordninga, tek 50 % av dette tapet. Bøndene er solide og ansvarsfulle kundar for alle bankar!

Nedtrapping av tilskotet til Q-meieriet

Rogaland Bondelag har ved fleire høve vore opptekene av dei ekstra overføringane Q-meieriet får via prisutjamningsordninga for mjølk. Styret aksepterte støtta i oppstartingsfasen, men som intensjonen var frå starten av, skulle ordninga vera midlertidig. Med utgangspunkt i referat frå møtet 13.01 2001 mellom Landbruksdepartementet og Kavli/Q-meieriet vedrørende marknadsordninga for mjølk og referatet frå møtet same dag mellom Landbruksdepartementet og NB og NBS om saka, har styret drøfta temaet.

Ordninga fekk under forhandlingane i 2001 tilbakeverkande kraft til 1. juni 1999, og etter intensjonen skulle overføringane til Q-meieriet vera midlertidige.

I brev til Norges Bondelag gir styret uttrykk for at ein er kjend med at det har skjedd svært mykje i denne saka etter desse forhandlingane og at den økonomiske situasjonen for Q-meieriet har vore vanskeleg. Styret er samd med Norges Bondelag i at slik dei økonomiske disponeringane i Q-meieriet har vore opp gjennom åra, kan ikke ansvaret for den svake økonomien til Q-meieriet tilleggjast prisutjamningsordninga for mjølk. Utbetaling av særordningar til uavhengige aktørar i marknadsordninga for mjølk vert belasta mjølkeprodusentane.

Ut frå denne situasjonen ser styret i Rogaland Bondelag positivt på punktet i jordbruket sitt kravdokument til forhandlingane våren 2006 der det m.a. heiter:

"Med bakgrunn i konkurransesituasjonen som er etablert i melkemarkedet, mener Jordbrukets forhandlingsutvalg at tiden nå er inne for å starte en gradvis fjerning av særordningene for uavhengige aktører i markedsordningen for melk. Det foreslås en lineær nedtrapping av ordningen ned til 0 i løpet av 5 år."

Styret i Rogaland Bondelag støttar opp om denne vurderinga og ba Norges Bondelag stå fast på dette og vurdera kva tid det vil vera mest hensiktsmessig å gå vidare med forslaget.

Forbered deg til pensjonisttilværelsen



Usikker på hva du får i pensjon?

Gjør avtale om gjennomgang av dine pensjonsrettigheter allerede i dag.
Ta kontakt på telefon 02002 eller stikk innom din lokale SpareBank 1 bank.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Organisasjonssaker

Endring av kontingentsystemet til Norges Bondelag	s 24	Samanslåing av lokallag	s 27
Bygdekompasset	s 26	Organisering av arbeidet i styret	s 27
Aktive lokallagsmidlar	s 26	Strategiplan for Samarbeidsrådet	s 28
Arbeidsmiljøsatsing i landbruket	s 26	Kontakten med politikarar og ulike organisasjoner	s 28

Endring av kontingentsystemet til Norges Bondelag

Norges Bondelag sende vinteren 2005/06 ut forslag til endring av kontingentsystemet. Saka vart og sendt til lokallaga med høve til å koma med innspel. Til styret si behandling av saka låg det føre uttale frå Fellesstyret for bondelaga i Vindafjord kommune, Gjesdal, Time og Varhaug Bondelag.

I styret sin uttale peika ein mellom anna på følgjande punkt:

Bindinga til areal og produksjon

Styret har vurdert dei ulike alternativa for nytt kontingentsystem og er samd i at ein forutsigbar kontingentinngang framover er viktig ut frå budsjetteringa og utarbeiding av arbeidsplanar for organisasjonen.

Rogaland Bondelag er einig i at ein med fordel kan redusera satsen pr eining slik at utsлага ikkje vert så store om ein ikkje har heilt korrekte tal på areal og dyreeiningar for å koma fram til rett kontingent. Erfaringar gjennom mange år viser at det er vanskeleg å få dette oppdatert. Ut frå dette støttar ein forslaget om å redusera "enhetsverdien" både for arealdelen og for den produksjonsavhengige kontingensten.

Rogaland Bondelag er open for å kunna nytta opplysningar frå registeret til produksjonssøknadane for å få ajourførde tal. Styret er skeptiske til å gå ein ny runde til medlemmene for å innhenta tillatelse frå kvart einskilt medlem/produsent før ein kan dra nytte av desse opplysningane.

Utmarkskontingensten

Denne delen av kontingenst er det opp gjennom åra vorte stilt ein del spørsmål ved og ein har vore usikker på bruken av den. Ut frå det støttar Rogaland Bondelag forslaget om å fjerna "utmarks"-kontingensten.

Servicekontingenst

Rogaland Bondelag støttar innføring av servicekontingensten og ei differensiering av den. Denne differensieringa må vera klar. Noko av ankepunktet til forslaget er at arealet skal skilja mellom alternativa - 250 kr evt. 500 kr. Rogaland Bondelag stiller spørsmål ved om ein ikkje bør slå desse gruppene saman og bruka ein lik sats - t.d. 400 kr. Satsen for aktive produsentar bør vera som forslaget - evt. heva til 800 kr dersom foreslått omlegging for medlemmer utan produksjon, ikkje gir nok kontingenst.

Personleg del av kontingensten

Rogaland Bondelag støttar forenklinga med å ha berre to nivå og differansen mellom dei er og ok tatt i betrakning medlemsfordelane dei får. Fylkeslaget støttar og forslaget om å gi redusert personleg kontingenst til alle over 67 år.

Kontingenst for samdrifter, A/S og ulike samanslutningar

Generelt ser styret det som viktig at ein får eit system som er smidig og som kan ta opp i seg alle ulike kombinasjonar og

løysingar ang. drift- og eigarforhold ein alt har og nye som vil koma framover. **Fleksibilitet** må vera eit sentralt utgangspunkt ved endeleg utforming.

Rogaland Bondelag ser det difor som svært viktig at denne delen vert teke opp på eit breitt grunnlag då det har vore ein del problem og usikkerhet kring dette - då særleg kring tiltak enkeltmedlemmer i eit selskap/føretak har utanom sjølv gardsdrifta. Forslaget om å leggja all jord- og produksjonsretta kontingenst for samdriftene i eit og la den gå til samdrifta er positivt og særleg når ein utvidar intervalla for produksjonskontingensten.

Situasjonen for enkelte samdrifter er at sjølv drifta av samdrifta er eit føretak, medan driftsbygningen er eit eige A/S eller at ein av medlemmene eig bygningen alleine. I uttalen sin peika styret på fleire problemstillingar i denne samanhengen. Ein ba Norges Bondelag om å arbeida vidare med spørsmåla.

Etter styret si vurdering må det i framtidige opplegget gå klart fram at dersom ein medlem i ei samdrift har eigen produksjon på sin gard utanom det som går inn i samdrifta, må det leggjast til samdriftsdeltakaren sin eigen kontingenst. Dersom denne produksjonen er omfattande kan ein få tilfeller der hans eigen kontingenst kjem opp mot maks kontingenst i tillegg til at han er med og betaler ein omfattande kontingenst gjennom samdrifta. Problemstillingane har ein alt og ein vil få fleire. Styret ser det som viktig å få ei avklaring på korleis ein skal førehalda seg i slike tilfeller og at ein får ei fornuftig samordning av kontingensten i slike tilfelle.



4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59 - 975 40 520

**Forskaling og støying - Betong- og trearbeid
Salg og montering av elementer
- Armering - Tegning**

Bygdekompasset

Bygdekompasset er eit bedriftsutviklingsprogram som er basert på gruppearbeid (8 - 14 deltakarar) med rettleiar. Bygdekompasset er eit særskilt verkemiddel til bruka for å avklara kva som kan var det rette for den enkelte.

I løpet av 2006 har det vore to grupper som har gått gjennom opplegget i Rogaland. Ei gruppe omhandla samdrifter i mjølkeproduksjon og ei anna

gruppe omhandla nisjeproduksjon av matprodukt tilknytt lokalsamfunnet.

2006 er siste året Bygdekompasset er eit eige prosjekt i Rogaland Bondelag. Det er laga ein prosjektrapport og prosjektrekneskapen er avslutta. Det står att ein del prosjektmidlar. Desse vil stå til disposisjon for nye grupper som tek i bruk opplegget. Prisen vil vera den same som før - kr

1500,- for ein deltarar og kr 2 500, for to frå same bruk.

Bygdekompasset vil bli tilpassa betre dei tema som gruppa vil gå igjennom, til dømes mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon, økologisk produksjon eller tilleggsnæringer. Det er Bygdefolkets Studieforbund som vil administrera Bygdekompasset når Rogaland Bondelag avsluttar sitt prosjekt.

Aktive lokallagsmidlar

Vi skal alle vera stolte av arbeidet dei lokale bondelaga gjer for sine medlemmar og andre i mest alle bygder rundt omkring i Rogaland. Dette arbeidet er med og gjer det godt å bu i fylket. Norges Bondelag vil oppmuntre til engasjement i lokalmiljøet. Kvart år vert det sett av pengar sentralt til aktive lokallag. Rogaland Bondelag som er det største fylkeslaget, hadde for 2006 vel kr 160 000,- til fordeling. Om lag kr 40.000,- går til premiering av medlemsverving, og ca 100 000,- kr er fordelt ut etter søknad frå

lokallaga. Resten vil bli overført til 2007, eller blir brukt til aktivitetar mot lokallaga. Signalen er at ein vil få om lag same beløpet frå Norges Bondelag og i 2007.

Kriteria styret i Rogaland Bondelag sette for tildelinga var:

- Medlemsmøte i lokallaga
- Møte med politikarar og administrasjon i kommunen, fylket og storting
- HMS møte
- Open Gard arrangement

• Landbrukspelet

Det kom inn søknad frå 28 lag. Alle lag fekk tildelt midlar. 13 lag fekk tildelt ekstra midlar ut frå søknad på andre tiltak som til dømes arbeid retta mot barnehage, mange gode opplegg for skuleelevar eller andre sosiale- og miljøtiltak retta mot medlemmane.

Aktivitetar som tilførde lokallaga inntekt, til dømes stålinsamling, la ikkje grunnlag for tildeling av aktive lokallagsmidlar.

Arbeidsmiljøsatsing i landbruket

Det er viktig med godt arbeidsmiljø i alle bedrifter. Det som er spesielt med eit gardsbruk er at dette både er ein arbeidsplass og ein buplass. Dette stiller spesielle krav til oss som er i næringa. I landbruket er det for mange ulukker som påføre bonden og familien store lidingar og økonomiske belastingar. Vi må ha ein 0 visjon på dette området, ingen arbeidsulukker i landbruket.

Norges Bondelag ønskte innspel til utarbeiding av ny plan for arbeidsmiljøsatsinga. Styret i Rogaland Bondelag kom med desse innspela:

Bonden

Må fokusere på bondens ansvar som bedriftseigar og leiar. Bonden har ansvar for dei som oppheld seg og arbeider på garden. (både tilsett og innleidd arbeidskraft) Det må setjast fokus på barnas sikkerhet på garden. Han må kunne bekrefte at maten er produsert på ein miljø- og etisk god måte.

KSL

Med innføring av nytt system innan

KSL, Godt Norsk, Matmerk osv. bør arbeidsmiljøet ha større fokus enn i dagens KSL-ordning. KSL-betaling på produkt må også ha krav om aktivt HMS arbeid.

Varemottakarane

Dei forskjellelege bransjeorganisasjonane må gå saman og utarbeide KSL-krav som inneholder større oppfølging på HMS. Må ikke være konkurransevridande. Varemottakarane har eit ansvar med å profilera produkt som er produsert på ein miljømessig og etisk god måte.

Faglaga

Halde trykk på saken over medlemmenne, tillitsvalde og tilsette. Arbeide opp mot sentrale myndighet for å tilpasse lover og forskrifter til landbruket sitt behov for eit framtidsretta arbeidsmiljø. Ha eit aktivt eigarskap i Landbrukets HMS teneste. Velferdsordninga i landbruket må gi bonden og hans familie høve til ferie og fritid. Deltidsbonden kjem svært dårlig ut i sjukelønsordninga og refusjonsordninga for avløysar.

Undervisning og kompetansebygging

I landbrukets vidaregåande skular må arbeidsmiljø/tryggleik på garden ha sterkt fokus. IT basert verktøy innan HMS må vera ein del av undervisinga i alle fag på høgskular retta mot landbruket. Kompetansebygging for etablerte bønder, det må gi status og økonomisk utteljing.

Landbrukets HMS teneste

Tilby god rådgiving til bønder innan HMS. Gi rådgiving og tilpassa den til den enkelte garden/verksemda. Vera klar og praktisk orientert i si rådgiving.

Leverandørar av landbruksutstyr

Det er sjølv sagt at produkt som blir selde, følger kravstyre marktene sett til sikkerhet

Trykke på fabrikantane til å laga verneutstyr med god kvalitet. Gode praktiske ordningar for reperasjon av verneutstyr. Opplæring på bruk av maskinar som krev stor ørvåkenhet.

Samanslåing av lokallag

I løpet av meldingsåret har fylkeslaget behandla to saker ang. samanslåing av lokallaga. Etter vedtekten skal fylkestyret godkjenna samanslåing av lag etter at det har vore fleirtal for det i årsmøta eller på ekstraordinære årsmøte i lokallaga det gjeld.

Suldal Bondelag

I Suldal kommune har det lenge vore fire lokallag - Erfjord, Jelsa, Sand og Suldal Bondelag. Fleire av desse har drive tungt og det har vore vanskeleg å få til noko jamm aktivitet. Drøfting om samanslåing kom difor opp. Noko ulik interesse for samanslåing var det nok og mellom laga, men leiarane i dei fire lokallaga sette seg til slutt saman og drøfta gjennom eit opplegg om samanslåing av alle laga til eitt. Dette vart drøfta på dei einskilde laga sine årsmøte og godkjent av eit fleirtal i alle laga. 13. desember 2005 vart det så kalla inn til skipingsmøte av eit nytt Suldal Bondelag og nytt styre vart vald.

Søre Hå Bondelag

Ogna Bondelag har ei viss tid slite med å få personar til å stilla til val i styret og med aktiviteten. Dei tok difor kontakt med Vigrestad Bondelag og etter



Eit felles ekstraordinært årsmøte 28. februar 2006 gjorde samrøytes vedtak om å slå lokallaga saman til eitt lag. Det nye lokallaget heiter Søre-Hå Bondelag og har 213 medlemmar. På biletet er tillitsvalde frå dei gamle styra samla. Bak frå venstre: Bjørn Friestad, Per E. Haarr, Abraham Aarsland, Laurits Stokkeland, John Ingve Sandve og Ernst Magne Rimestad. Framme frå venstre: Paul Aniksdal, Ole Morten Høiland, Tom Steinsland og Einar Bjørn Oltedal.

drøftingar mellom dei to laga slo dei seg formelt saman og skipa eit nytt lag 28. februar 06. Det vart og namnet på det nye laget fastsett til Søre Hå Bondelag.

Styret godkjende samanslåingane og etter det ein kan sjå til nå har samanslåinga hatt positiv effekt både ang. mø-

teaktiviteten, men også for medlemsutviklinga. I begge laga har det vore ein fin auke i medlemstalet i løpet av 2006 - Suldal med 15 nye medlemmer og Søre Hå med 14 nye. Det er berre å ynskja dei to laga lykke til vidare med arbeidet.

Fylkeslaget har nå 45 lokallag.

Organisering av arbeidet i styret

Styret har i løpet av arbeidsåret ved fleire høve drøfta arbeidet sitt og korleis ein kan verta mest muleg effektiv og få til eit godt teamarbeid internt i styret og mellom styret og administrasjonen. Denne saka vart og drøfta i samband med gjennomgangen av instruksen for fylkeskontora.

Styret har sett seg som mål og ha klar føling med kva som skjer ut i fylket og meldia inn til fylkesleiaren og kontoret om saker som rører seg innan næringa ute hjå medlemmene og i lokallaga våre. Til kvart styremøte skal det vera med eit punkt om Open post. Denne skal nyttast til å ta opp saker som rører seg og som styremedlemmene har fanga opp ute i miljøet. Styret har og eit klart mål om at ein skal arbeida med dei mest aktuelle sakene til kvar ei tid.

Som eit ledd i dette legg styret mykje vekt på kontaktrundane dei har med lokallaga og at det vert nytta tid under styremøta til å føreta oppsummering etter desse kontaktrundane og elles når ein har hatt opplegg saman med lokallaga.

Styret vurderer administrasjonen si framlegging av saker m.m. for behandling i styret, som fagleg svært gode og dei ønskjer forslag til vedtak til dei fleste sakene.

Styret har og drøfta tidspunkt for styremøta og kor lenge dei bør vara. Med grunnlag i den drøftinga legg ein opp til at styra skal gå frå kl 10.00 til kl 16.00 og at styremedlemmene i størst mogleg grad tilpasser seg det.

Arbeidsutvalet skal nyttast etter behov, og det skal ikkje leggjast opp til at

AU skal behandla alle sakene som skal opp i fylkestyret. Til enkelte styremøte skal ein invitera personar utanom, men med tilknytning til landbruket for å orientera om saker og instanser styret ønskjer å få nærmere kontakt med og innføring i.

På fleire av møta i løpet av hausten har styret nytta ein time på kvart møte til å gå gjennom debatheftet Landbruks-samvirket - fra lokalsamvirke til globalisert landbruksindustri.

Styret vil og leggja opp til at ein har utveksling og kontakt med andre fylkeslag/-styre.

Strategi for Samarbeidsrådet

Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland er eit samarbeidsorgan for dei fleste landbruksorganisasjonane i Rogaland. Styret i rådet vedtok å gå gjennom strategiplanen sin for arbeidet framover. Dei strategiske måla er i dag:

- Vi skal styrke og utvikle landbruket i Rogaland
- Vi skal styrke og utvikle samvirket i Rogaland, der ein tek i vare den regionale dimensjonen
- Vi skal vere ein sterk beredskap for landbruket i Rogaland

Alle desse punkta er utfyllande kommentert i arbeidsplan.

Samarbeidsrådet blir finansiert med medlemskontingent. Utfordringa til Samarbeidsrådet er at dei store samvirkeorganisasjonane - med unntak av Felleskjøpet - er etablert som konsern og dei fleste vedtak også ang. bruken av økonomien, er lagt til sentrale organ.

Isitt innspel til arbeidet med revidering av strategiplanen sende Rogaland Bondelag ønskjer om at Samarbeidsrådet prioritærer følgjande arbeidsoppgåver.

- Vera eit felles fora for landbruket i Rogaland
- Ta seg av felles strategitenking og organisera møte/kurs der medlemsorganisasjonane kjem saman og drøftar landbruket sine felles mål i fylket
- Ta initiativ til ulike tiltak der det er naturleg for landbruket å samarbeida

Kontakten med politikarar og ulike organisasjonar

I løpet av meldingsåret har fylkeslaget hatt kontakt og møte med politikarar og ei rekke organisasjonar. Nedafor vil ein kort summa opp noko av dei viktigaste. Fleire av møta har dessutan ført til konkrete tiltak, nokre av desse er nemnde elles i årsmeldinga.

Møte med politikarar

Rogalandsbenken

Arbeidsutvalet og administrasjonen møtte ein nær samla Rogalandsbenk på møte i Stavanger 30. januar. Tema ein tok opp her var den generelle utviklinga innan landbruket i fylket regionvis frå 1999 - 2004, konsekvensar av ein evt. WTO-avtale, inntektsutviklinga innan næringa og utviklinga av energikostnadane for veksthusnæringa.

Via egen e-post vart Rogalandsbenken i nov. 06 oppmoda til å gjera noko med energikostnadane for veksthusnæringa i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2007.

Møte med enkelte stortingsrepr.

I samband med jordbruksforhandlingane i mai hadde vi først avtale om å møta fleire av Rogalandsbenken, men på grunn av møteaktivitet på Stortinget reiste nestleiar Sigmund Slettebø alleine inn og hadde samtalar med nokre av stortingsrepresentantar ang forhandlingane.

Møte med organisasjonar

Naturvernforbundet i Rogaland

tok initiativ til ei synfaring og møte om

skjøtsel og etablering av dammar og våtmark i jordbrukslandskapet på Nord-Jæren 28. mars. I frå fylkesbondelaget deltok Arnstein Gilje og org.sjefen. Org.sjefen hadde og innlegg om Bondelaget si vurdering ang. kulturlandskapet i jordbruksområde.

Bondelaget hadde og samarbeid med Naturvernforbundet stand under Glad mat festivalen i Stavanger. Temaet for standen var kulturlandskapet der det vart fokusert på verdien av dette.

Rogaland Fjørfeavslag

I forkant av fylkeslaget sitt arbeid med uttalen for jordbruksforhandlingane 2006 ba Rogaland Fjørfeavslag v/Nils Steinsland om møte med RB. I orienteringa si peika Steinsland på problema med fornying av innreiinga for verpehøns som må skiftast ut innan 2012. Skal ein kunna gjennomføra dette innan fristen må minst eit anlegg for 7.500 høns, ferdigstillast pr veke. Dessutan har mange produsentar anlegg som vil vera velfungerande også etter denne fristen.

Samrådingsmøte

med dei fleste samvirkeorganisasjonane og faglag i fylket i forkant av utarbeidninga av fylkeslaget sin uttale. Styremedlem i Norges Bondelag Tor Audun Bilstad deltok.

Besök hjå Gilde Norsk Kjøtt sitt anlegg i Egersund og møte med styremedlem Sveinung Svebestad

Som eit ledd med å ha eit felles opplegg med dei tilsette på kontoret, la styret møtet i september til Egersund der ein

del av første dagen gjekk med til omvisning på Gilde sitt slakteri. Etterpå hadde styre møte med styremedlem i Gilde Norsk Kjøtt Sveinung Svebestad. Hovudsaka då var marknadssituasjonen for gris. Styret drøfta saka vidare etterpå. Sjå eiga sak.

Rektor Paul Terje Haarr

- Øksnevad vdg. skole

var med på deler av styremøtet 8. mai og orienterte generelt om landbruksutdanninga i fylket og særleg om prøveprosjektet med landbruksutdanning og fagbrev. (Sjå nærmere omtale lenger bak i årsmeldinga)

Felles sekretær for MB, NBC

og Inn på tunet

Under styremøtet i august orienterte nytilsett prosjektleiar Kirsten Meyer-Knutsen om prosjektet og arbeidet framover.

Møte med landbruksansvarleg

i Sparebank 1 SR-Bank, Elin Garborg

Til møte i oktober inviterte styre Elin Garborg frå SR-Bank til møtet for å orientera om utlånspolitikken til SR-Bank. Under dette møtet kom ho og med tilbodet om økonomisk støtte til utredningsprosjekt i regi av Rogaland Bondelag. Sjå eiga sak.

I tillegg har særleg leiaren, men og andre i organisasjonen, delteke på ei rekke årsmøte og andre møte der bondelaget har vorte invitert til å delta - av og til og som foredragshaldar.



NORTURA

- norske eigarar og norske råvarer

Gilde Norsk Kjøtt har fusjonert med Prior og vorte til Nortura BA. Det nye selskapet er eigd av 28 000 produsentar av kjøtt og egg. Med 7000 tilsette, og anlegg i 41 kommunar og 18 fylker, er Nortura ei av dei desidert største næringsmiddelbedriftene i Noreg. Størrelse er ikkje noko mål i seg sjølv. Men vi trur dette kombinert med eigarforma er den beste måten å sikre norske bønder tryggleik for sal av sine råvarer til ein best mogleg pris – også i framtida.

Produkta skal vi naturligvis selje som Gilde og Prior - akkurat som før. Forbrukarane skal først og fremst merke denne fusjonen i form av endå betre vareutval. Målet er å lansere 100 til 150 nye produkt kvart år.



ADVOKATFIRMAET

HAVER

JURIDISK BISTAND FOR LANDBRUKET

ODELSRETT, EKSPROPRIASJON, SKJØNN, FAST EIENDOMS RETTSFORHOLD,
ARV/SKIFTE, GENERASJONSOVERDRAGELSER

FOR ØVRIG ALMINNELIG PRAKSIS

STAVANGER:

KIRKEGT. 2, 4006 STAVANGER
TLF: 51 55 44 10 WWW.HAVER.NO

ADVOKAT TOR HAVER
ADVOKAT ENDRE SKJØRESTAD
ADVOKAT ANDERS STORAKER
ADVOKAT TORALF HAVER
ADVOKAT KJERsti LUNDE
ADVOKAT ELLEN CECILIE MOSTAD
ADVOKAT SINDRE OFTEDAL
ADVOKAT JANNE EIDE ROALKVAM

I KONTORFELLESSKAP:
H.R. ADVOKAT ARNE PEDERSEN JR.
ADVOKAT OVE LANDA

BRYNE:

SKULEGT. 5. POSTBOX 443, 4349 BRYNE
TLF: 51 77 00 50 WWW.HAVER.NO

ADVOKAT CARL AASLAND JERSTAD,
ADVOKAT/SIV.ØK. MAGNUS JONSBRÅTEN
ADVOKAT ELISABETH NYGÅRD SOLVIK
ADVOKAT SVEN ANDERS STIGEN DRANGSHOLT

Andre saker

Forvaltningsplan for Frafjordheiane landskapsvernombåde	s 30	Læreplan for Vg2 - landbruk og gartneri	s 36
Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1	s 32	Deltakelse i prøveopplegg ang. landbruksutdanninga	s 37
Jakt og fangsttider	s 33	Ny eigenkapital til HBL	s 37
Medlemsskap i Avfallsforum Rogaland	s 33	Taksering av landbrukseigedommar i Stavanger	s 38
Dødpeilesendar for sau i Lund	s 33	Bruk av breie traktorar og reiskap på vegen	s 39
Jæren Kystkultursenter	s 34	Kulturhovudstaden Stavanger 2008	s 40
Utføring av drektighetskontroll med ultralyd på storfe	s 34	Agrovisjon 2007 - møt framtidbonden	s 40
Fylkesdelplan for byggeråstoff på Jæren	s 34	Fragmenteringsanlegget på Vigrestad i Hå kommune	s 40
Felles sekretariat for NBG, BM og Inn på tunet	s 35	Statens vegvesen sitt ansvar langs veg, undergangar og ugras	s 41
Endring av friskuleova	s 36		

Forvaltningsplan for Frafjordheiane

Fylkesbondelaget har arbeidd med vernesaka ang. Frafjordheiane over lengre tid. I årsmeldinga for 2001 er fylkeslaget sin uttale til verneplanen gjengitt. Hausten 2006 sende fylkesmannen ut forvaltningsplanen for området til høyring. I forkant av fylkeslaget sin uttale har ein hatt kontakt med dei tre involverte bondelaga - Forsand, Gjesdal og Sirdal.

Merknadar til framlagd plan

Rogaland Bondelag merka seg at det i framlagt utkast til forvaltningsplan for Frafjordheiane landskapsvernombåde, var det mange positive signal å registrera. I uttalen trekte ein fram følgjande sitat:

- Vernet av Frafjordheiane skal kombinerast med eit berekraftig landbruk.
- Forvaltninga skal söke å skape auka

respekt for vernet og dempa interessemotsetnadar.

- Grunneigarar har gjennom uminnelege tider skjøtta området på ein god og berekraftig måte, i første rekke ved omfattande sauebeite, skoghogst, brenning av gras og lyng, og tradisjonelle bygg og anlegg knytta til denne drifta. I stor grad er det derfor tale om eit verdifullt **kulturlandskap**, som krev framhald i denne type drift for å ta vare på landskapsverdiane i verneområdet.

- Det er relativt få konkrete konfliktar i høve til dagens bruk. Verneforskrifta er utarbeidd ut frå målsettinga om at tradisjonell bruk skal kunna halda fram.
- Det skal leggjast vekt på lokale interesser og ønskjer frå grunneigarar og kommunen.
- Vern av Frafjordheiane skal kunna

kombinerast med berekraftig landbruk og ny småskala næringsutvikling.

Rogaland Bondelag ser svært positivt på ovanemnde sitat frå planen og ba om at holdningar som vert lagt fram her også vert grunnleggjande for den praktiske gjennomføringa av forvaltninga av verneområda.

Generelt

Sjølv om det er fleire positive signal å registrera i planane, hadde Rogaland Bondelag likevel ein del synspunkt på innhaldet:

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2003 la dåverande Regierung fram forslag om ei rekke prinsipp som skal leggjast til grunn for framtidig forvaltning, bruk og større verdiskaping i og rundt verneområdet. Den såkalla Fjell-

teksten. Noko av prinsippa i denne er m.a følgjande:

- Styresmaktene skal sørgra for at det særleg innafor landskapsvernområde, skal det leggjast til rette for mindre miljøtilpassa turistverksemd innafor ramma av verneområdet.
- Styresmaktene skal leggja til rette for at vern av område og utvikling av nærliggjande lokalsamfunn i større grad skal sjå i samanheng med verneprosessen.

Dei politiske intensjonane om at det skal verta meir berekraftig næringsverksemd i verneområda er også stadfestat i nåverande regjering si Soria Morierklæring. Der heiter det:

"Regjeringa vil legge fram en handlingsplan for bærekraftig bruk og skjøtsel av nasjonalparker og andre verneområder. Det påbegynte arbeidet med å utvikle nasjonalparker som en ressurs for lokalsamfunnene og for lokal verdiskaping skal fortsette"

Med unnatak av vernet av dei to mindre områda Migaren og Ørestø, er resten av det aktuelle verna området landskapsvern - det mildaste vernet vi har. Med grunnlag i dette og dei nye politiske retningslinjene ein har nemnd noko frå ovafor, føler Rogaland Bondelag at ein i det framlagde forslaget ikkje har teke dei nye politiske signalene heilt inn over seg. Etter bondelaget si vurdering er det sett for mykje fokus på vernet og for lite på ressursane innan området og dei mulighetene dei kan gi.

Store endringar i jord- og skogbrukspolitikken dei siste åra har og ført til eit større behov og klar oppfordring til bondene om å utvikla nye næringar. Det kjem fram gjennom opplegg som "Landbruk Pluss" og "Landbruk - mer enn landbruk". Ut frå dette er det behov for å utvikla nye næringar.

I uttalen sin peika Bondelaget på at det på dette tidspunktet kan det vera vanskeleg å seia kva som kan vera aktuelt framover av næringsaktivitet tilpassa vernet innafor verneområdet. Når Rogaland Bondelag likevel trekkjer fram dei nye politiske signalene er det for at planen og praktiseringa av den, ikkje må stengja framtidig bruk av viktige ressursar innan verneområde så lenge det ikkje går på bekostning av sentrale punkt i sjølve verneforskriftene.

Vidare peika ein på at etter litteraturlista i forvalningsplanen for landskapsvernombrådet går det fram at utgangspunktet for utarbeidninga av planen er rapportar og handbøker frå DN stort

sett utgitt for fleire år sidan. Etter det Rogaland Bondelag kjenner til held Miljøverndepartementet og DN på med å føreta vesentlege endringar av dette ut frå dei nye politiske signalene. Oppfordring til Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernnavdelinga er at nye retningslinjer vert innarbeidd i den framlagde planen før den vert vedteken. Dessutan må ein og heile tida vera open for nye signal og ikkje binda seg for sterkt opp i element som gjeld på spesielle tidspunkt. Å vera fleksibel vil og i stor grad vera i samsvar med haldninga i sitata ein innleiingsvis viser til og til oppsett mål i utkastet til forvaltningsplan for Frafjordheiane.

Spesielt peika ein på følgjande punkt:

- Rogaland Bondelag vil be om at det ikkje vert lagt inn noko form for restriksjonar i randsona av det verna området. Verneområdet må ikkje indirekte verta utvida.
- Formalitetane ved forvaltninga av området må verta enklast muleg. Det må vera enkelt for grunneigarar å få kontakt med dei ansvarlege for forvaltninga - både på kommunenivå og på fylkesplan.
- Verneområdet omfattar tre kommunar. Det må vera lik praktisering av vernet og forvaltninga i heile området så sant ikkje heilt lokale forhold tilseier noko ulik forvaltning.
- Motorisert ferdsel i samband med næringsdrift inn i området, må vera enkelt å få tillatelse til. For spesielle tiltak må det kunna gis dispensasjon for ein 3-års periode, men med høve til å trekka dispensasjonen tilbake der som dispensasjonen vert misleghalden.

- Transport av varer inntil hytter i området må vera tillatt når dette vert gjort som oppdrag i næring.
- Bygningar innan landbruket bør kunna leiaut til andre ting enn tradisjonelt landbruk deler av året, dersom det ikkje går ut over verneforskriftene.
- Naturen i området er storslått. Ut frå det bør ein ikkje henga seg opp i for små detaljar der det er snakk om å leggja forholda til rette for jaging av dyr m.a. ved søknad om bygging av bruar, klopper og liknande.
- Grunneigarane må takast med i avgjersla om kor informasjonstavlene vert plasserte.
- Under avsnittet **Organisert ferdsel** står det: "Det er difor viktig at forvaltningsstyresmaktene følgjer utviklinga og er i tett dialog med aktuelle arrangørar". Her ber styr om at - "**og grunneigarar**" - vert teke med.
- Skal det drivast kommersiell aktivitet eller aktivitetar ut over allemannsretten, må det føreliggja tillatelse frå grunneigaren/ane.
- Kommunane må fortsatt ha ansvaret for forvaltninga. Ved å ta på seg dette ansvaret for fellesskapet, må dei få overført nødvendige midlar slik at dei er i stand til å ta seg av denne funksjonen.
- Forvaltertjeneste må så langt det er interesse for hjå grunneigarane, primært kjøpast av dei.
- Ang. forvaltningsplanen for Ørestø og Migaren har Rogaland Bondelag ikkje spesielle merknadar til og ein vil berre støtta opp om lokale innspel til den.

GRUDE BYGG

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

Tlf. 51 78 98 50

Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1

Forvaltninga av rovvilt er i Norge delt inn i 8 regionar der Rogaland er ein del av Region 1 saman med Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. For kvar region har Miljøverndepartementet etter forslag frå dei respektive fylkesutvala, oppnemnd ei felles Rovviltnemnd med sekretariat tillagt Fylkesmannen Miljøvernnavdelinga. Rogaland fylkeskommune sin representant i utvalet er Jarle Braut, Klepp. For Region 1 er det Miljøvernnavdelinga i Stavanger som har sekretariatet. Vinteren 2005/2006 la rovvnemnda for regionen fram eit forslag til forvaltningsplan for rovvil til høyring.

Fylkesbondelaga i regionen vart samde om å avgje ein felles uttale der også dei fylkesvise Sau- og Geitealslagga kunne vera med. Organisasjonssjefen i Sogn og Fjordane stod for utforminga av den endelige uttalen til planen.

Nestleiar og org.sjefen møtte og på eit drøftingsmøtet om forslaget Fylkesmannen i Rogaland inviterte til. Styret drøfta saka grundig og det vart sendt eit notat til Sogn og Fjordane Bondelag der ein peika på følgjande punkt:

Forvaltningsplanen må vera viltnemnda sitt produkt

Rogaland Bondelag var innleiingsvis prinsipielt betenkta på at det er viltforvaltaren hjå Fylkesmannen som hadde oppdraget med å utarbeida forslaget til plan. Ut frå arbeidsfordelinga mellom Rovviltnemnda og viltforvaltaren er det sistnemnd som skal gjennomføra tiltak nemnda vedtek samtidig som vedkomande i kraft av sin stilling, har tildelt viktige oppgåver i den samla forvaltninga av vilt i fylket - også rovvilt. Gjennom denne kombinasjonen ligg det til rette for at viltforvaltarane kan leggja svært avgjerande føringar for arbeidet til rovvnemnda gjennom forvaltningsplanen. Dette opplegget krev at rovvnemnda er svært beviste og klare i sine vurderingar skal dei kunna ha ei sjølvstendig vurdering av innhaldet i forvaltningsplanen og saker dei arbeider med. Med grunnlag i dette peika styret på at det er viktig at det er leiaren på vegne av rovvnemnda som underteiknar sjølv forvaltningsplanen.

Rulling av planen

I planen var det ikkje sagt noko om kor lenge planen skal gjelda og kva tid den skal rullerast. Styret føreslo at planen vert gjennomgått ein gong per valperiode og at interesseorganisasjonane må trekkast aktivt med då og.

Nært samarbeid med næringa og interesseorganisasjonar i den praktiske forvaltninga

Fylkesbondelaga rådde sterkt til at det både frå rovvnemnda si side, men og frå fylkesmennene/viltforvaltarane i fylka, vert lagt opp til eit ope samarbeid med næringa og interesseorganisasjonane. Dette samarbeidet må avspeglia respekt for kvarande sine vurderingar.

Lik vurdering og behandling i heile regionen

Under punkt 8.3 i planen om erstatning heiter det: "Korleis fylkesmannen hand-samar det skjønnsmessige tapet kan variere noko frå fylke til fylket." Etter fylkesbondelaget si vurdering kan det truleg vera gonger ein må vurdera spørsmål/problemstillingar noko ulikt etter kor ein er i regionen, men styret rådde sterkt til at det ikkje måtte skje ofte. Forvaltningsplanen må vera mest mulig likt praktisert i heile regionane og viltforvaltarane i dei fire fylka må samordna praktiseringa av planen

Vurdering/stadfesting av skadeårsak

Gjennom stell og ansvar for dyra sine kjenner dyreeigarane dyra sine godt, likeins områda dei som oftast ferdast i. Ut frå dette har dessverre mange dyreeigarar ved fleire høve opplevd at deira faglege innsikt og vurdering vert sett til sides når dødsårsak skal fastsetjast. Styret hadde forståelse for at det må vera ei viss rollefordeling og ansvar her, men når det ved vurdering av årsaksgrunn ved funn av døde dyr oftast vert sett "usikker", vert det oppfatta som uforståeleg og urimeleg. Dette fører til at dyreeigarane mister tilliten til forvaltninga og sluttar og melder frå ved funn av kadaver fordi dei har møtt lita forståing tidlegare.

I hovudsak ønskjer dyreeigarane å ha eit ope forhold til den offentlege viltforvaltninga, SNO-representantane inkludert, men fylkesbondelaga oppfordra rovvnemnda og viltforvaltninga til å gjea sitt til at samspelet og kontakten vert open og at ein har forståelse og respekt for kvarande sine vurderinger.

Rask oppfølging av melding om rovdyr

Bondelaget peika på at det må reagerast raskt frå forvaltninga si side når det vert meldt om rovdyrangrep eller ved av funn av kadaver.

Dekking av kostnadane ved felling av skadegjerande dyr

Det må vera det offentlege sitt ansvar til å dekka kostnadane ved felling av skadegjerande dyr det er vedtak om å ta ut. Det kan ikkje vera rett at det er den som søker og får fellingsløyve for det aktuelle dyret og må betala kostnadane med det. Dette kan ofte vera ein tidkrevjande prosess og det er urimeleg at interesseorganisasjonar eller andre private organ, skal risikera å vera sitjande med desse kostnadane.

Bestanden av kongeørn

Frå Rogaland Bondelag si side vart det peika på at bestanden av kongeørn er meir enn stor nok og tap p.g.a. kongeørn er eit aukande problem i fylket. I frå fagfolk vert det og uttalt at alle hekkeplassane for ørn i fylket er opptekne.

Jakt- og fangsttider for perioden 1. april 2007 til 31. mars 2012

Norges Bondelag ønskete innspel frå fylkeslaga på saka. Forslaget gjekk og ut på å overføre myndighet frå kommunane til fylkesmannen for å avgjera saker om fangstområde og fangsttider. Fylkeskontoret sendte saka ut til lokallaga med bakgrunn i at det i ein del lag er det klare jaktinteresser.

I uttalen sin peika styret på følgjande punkt:

Styret i Rogaland Bondelag går imot overføring av myndighet på fastsetting

av jakttid frå kommunane til fylkesmannen. Størst muleg del av denne forvaltinga bør leggast lokalt, det er kommunane som har best innsikt i lokale forhold.

Det er stor forskjell på storleiken av kommunane i landet. I store kommunar kan det vera store lokale variasjonar med omsyn til behov for uttak. Kommunane bør få myndighet til å utvide jakttid på elg og hjort i deler av kommunen.

Ærfuglbestanden er stor i Rogaland, det bør difor vurderast løye på jakt av ærfugl.

I frå lokallaga kom det ønske om fleksibel start for jakttid på rype, då starten på denne jakta kjem samtidig med sauesankinga. Jakt på beitande gjess er ei utfordring for dei som grenser mot verna sone for jakt.

Medlemsskap i Avfallsforum Rogaland

Avfallforum Rogaland (AFR), som fylkeskommunen administrerer, er eit nettverk for bedrifter i avfallsbransjen i Rogaland og skal bidra til utveksling av informasjon og kunnskap om avfallsreduksjon og vidare behandling av innsamla avfall. Avfallsforum Rogaland er eit av 8 regionale avfallsfora i landet.

Jordbruksrådet i Rogaland er ein stor "produsent" av avfall. Det vil vera rett at og bondelaget er med og skaffer seg kunnskap om avfallshandtering, regel-

verk og er med i eit miljø som arbeider i bransjen. Avfall frå jordbruksrådet er næringsavfall, og då er det bonden som har ansvaret for å inngå avtalar med organisasjonar/firma om sikker handtering av avfallet. Dokumentasjon om sikker avfallshandtering vil bli eit større tema i KSL-arbeidet frå revisorane si side.

Rogaland Bondelag, Forsøksringane og Avfallsforumet arrangerte i mars 06 kurs i landbruksavfall. Målgruppa var

tilsette i Forsøksringane og medlemmer i bondelaga. På kurset var det ein gjennomgang av gjeldande regelverk, korleis landbruksrådet bør arbeida med rett avfalls-handtering og leveringsmuligheter hjå offentlege og private aktørar.

AFR har sekretærfunksjonen i stylingsgruppene for Aksjon Jærvassdrag og Frivillige miljøtiltak i landbruksrådet. Rogaland Bondelag er engasjert i begge desse prosjekta.

Dødpeilesendar for sau i Lund

Lund østre beitelag i Lund kommune søkte via Lund Bondelag, fylkeslaget om økonomisk støtte til eit dødpeilesender-prosjekt i løpet av sommaren 2006.

Grunnlaget for prosjektet var at det i eit bestemt område i Lund har det vore ekstra store tap av lam og sau dei siste åra. Årsaka er dei noko usikre på, men antek at det er streifande rovdyr som er innom.

Beitelaget er oppteken av å få gjennomført ei registrering. Heile prosjektet hadde ei kostnadsramme på 475.000 kr. Fylkeslaget støtta prosjektet med 10.000 kr.

Sommaren 2006 vart det sendt 2800 sauar og lam i studieområdet som ligg mellom Sirdalsvatnet og Moi-Hovs-herrad dalføret. Totalt 314 sendarar vart nytta fordelt på 9 forsøksbesetningar. I

følgje den foreløpige rapporten vart det registrerte tapet av lam i studieområdet det lågaste på 10 år. Dødsårsakene hjå lam som var med i forsøket, fordelt slik: ulykker 67 %, kongeørn 6,7 % (usikker), sjukdom 13,3 % og 13,3 % ukjent dødsårsak. Fleire dyr mista sendaren.

Av fleire grunnar men og fordi eit enkelt år gir eit svakt bilet, skal forsøket gjennomførast og for beitesesongen 2007. Høgskulen i Hedemark har det faglege ansvaret og er såleis kopla inn i gjennomføringa og rapportskrivinga. Rapporten deira vil verta ferdig seinare.



Jæren Kystkultursenter

I frå Jæren Kystlag fekk Rogaland Bondelag oversendt ein grunnlagsrapport for oppføring av Jæren Kystkultursenter med forespørsel om Rogaland Bondelag kunne verbalt gi si støtte til prosjektet for å hjelpe dei med å skaffa til vefs nok midlar.

Rogaland Bondelag ser svært positivt på initiativet Jæren Kystlag har teke i denne samanhengen for å ta i vare og visa fram noko av dei tidlegare tradisjonane som utvikla seg i samspelet mellom hav og land langs kysten samt kombinasjonen av yrka bonde og fiskar - det ein mykje har kalla fiskarbonden.

I støttebrevet peikar bondelaget på om ikkje yrkeskombinasjonen er så vanleg i dag, var den langt meir utstrakt for rundt 150 år sidan og ei god tid framover til nyare tid. Det er ingen tvil om at sildefiske rundt 1850 og utover hadde mange gunstige verknadar på jordbrukskulturen og ikkje minst på Jæren. Det

skaffa tilskot av gjødsel og pengar som vart nytta til oppdyrkning av ny jord, kjøp av gardsbruk, reiskap og reising av bygningar. "Mange staselege lører og våningshus blei ført opp etter gode sildeår" skriv Svein Ivar Langhelle i boka Fra Vistehola til Ekofisk - Bind I.

Kombinasjonsyrket fiskarbonden har såleis hatt ein klar plass i samfunnet opp gjennom mange år både på Jæren, men og i Nord-Rogaland og Ryfylke - der yrkeskombinasjonen var vanleg langt lenger opp mot vår tid. Om sildefisket var den store tinga, var det og anna fiske som vart kombinert med gardsdrift opp til seinare tid der fiskaren sjølv reiste rundt på gardane og selde fangsten sin. For mange bønder langs kysten var og fiske ein viktig form for matauke i elles vanskelege og tronge tider i mellomkrigsåra og langt opp i mot vår tid.

Kystkulturen hadde og mange andre element i seg som båtbygging, tarebren-

ning og samling av ting havet skylte inn over land. I sum har såleis havet, kyststripa og aktivitetar knytta til dette, vore ein viktig del av kulturen på Jæren gjennom generasjonar. Dessverre er nok noko av dette i ferd med å gå i gløyme-boka nå. Fylkesbondelaget rår difor sterkt til at ulike instansar er med å yt økonomiske bidrag slik at Jæren Kystlag vert i stand til å byggja opp og driva senteret dei har planlagt.

Rogaland Bondelag ser det og som aktuelt at det vert nytta midlar frå dei såkalla SMIL-midlane - "Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbrukskulturen". Etter formålet med ordninga skal midlane m.a. nyttast til å "fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukskulturlandskap". Med utgangspunkt i dette og paragrafane 4 og 5 i nemnde forskrift, rår Rogaland Bondelag til at det vert nytta midlar også frå denne ordninga til Jæren Kystkultursenter.

Utføring av drektighetskontroll med ultralyd på storfe

Rogaland Bondelag blei kontakta av Time Bondelag med spørsmål om kvifor bare veterinærar kan drive drektighetskontroll på storfe med ultralyd.

Drektighetskontroll med ultralyd har den fordel i forhold til manuell kontroll, at den kan utførast ca 1,5 veke tidlegare, på 4-5 veker stadiet mot ca 6 veker på manuell kontroll.

Geno har sett i gang eit prøveprosjekt på Jæren med slik kontroll og 2 personar har vore i England for å få opplæring i bruk av dette utstyret.

Det er ei forskrift som omhandlar dette tema: Forskrift om kompetansekrav for bruk av særlege undersøkings- og behandlingsmetodar. Den har følgjande enkle utforming:

- § 1. Bare veterinær kan bruke ultralyddapparat til rektal undersøking av dyr.
- § 2. Overtredelse av bestemmelsene er straffbart, jfr. Dyrehelsepersonelloven § 37.
- § 3. Denne forskrift trer i kraft fra 1. mai 1995.

Geno ønskjer dispensasjon for personell som har nødvendige kompetanse for å utføre drektighetskontroll. Vanlegvis har ei forskrift ein paragraf som omhandlar dispensasjon, denne paragrafen er utegløymt i denne forskriften. Sidan Geno har sendt klage på eit vedtak, ønskjer dei at klagen blir behandla før Rogaland Bondelag eventuelt engasjerer seg meir.

Fylkesdelplan for byggråstoff på Jæren

Både grus og pukk blir klassifisert som mineralressurs. Mineralressursar blir å rekna som "ikkje fornybare ressursar". Mengdene av eigna pukkmateriell (fjell med rette kvalitetskrav) er relativt stort i Rogaland. Det er grus/sand som kan bli ein knapphetsressurs. Kalkulasjonar viser at med dagens uttak er det nok rå-

stoff i Jærregionen i om lag 25 år.

Rogaland fylkeskommune er difor i gang med utarbeiding av fylkesdelplan for byggråstoff. Hovudelementa i planen er disponering av sand- og steinuttak framover og korleis ein for framtida kan sikra forekomster av sand på Jæren. Eit utval nedsett av fylkeskommunen har

teke for seg 83 aktuelle uttaksområde og gått nærmare inn på 69 av desse. Det er uråd for Rogaland Bondelag å ha ei mening om alle desse områda, styret valde å gi ein generell uttale som kunne gjelde alle desse områda.

Om lag alle områda er det bønder som er grunneigarar og dei driv

landbruksproduksjon på forekomsten. Grunneigarane sine interesser må difor vega tungt ved framtidig disponering av områda. Uttak av desse ressursane kan tilføra garden nye verdiar som kan nyttast til vidare utvikling av bruket.

Det bør utarbeidast konsekvensanalyse for områda som er aktuelle. Ved

utarbeiding av reguleringsplan må ein sjå på kva type konfliktar som er i området og ta omsyn til det i regelverket for planen. Plan for tilbakeføring er viktig. Skal området førast tilbake til dyrka jord eller gjødsla beite, bør det settast opp krav om kvalitet på både agronomiske og arronderingsmessige forhold.

Behovet for deponering av reine gravemassar er i mange høve lik det som vert tilført av pukk og grus. Styret meiner det bør utarbeidast retningslinjer for deponering av reine gravemassar i samband med at det blir gitt løyve til masseuttak.

Felles sekretariat for Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Inn på tunet og Bondens Marked i Rogaland

Dette er eit 3-årig prosjekt der dei tre ovanemnde organisasjonane saman med Rogaland Bondelag, Fylkesmannens Landbruksavdeling i Rogaland og Innovasjon Norge har eit samarbeid. Hovudmålet med prosjektet er:

- Å skapa nye næringar og styrke landbruksrelaterte næringar
- Styrkja dei 3 organisasjonane og få fleire medlemmer
- Driva utadretta informasjon og marknadsføring
- Legga til rette for fagsamlingar og kurs
- Prosjektleiar skal kunna brukast som sekretær for styra i dei tre organisasjonane

Prosjektleiar Kirsten Meyer-Knutsen vart tilsett i mai 2006 og har fast kontorhald ved Rogaland Bondelag sitt kontor. Det første møtet i styringsgruppa var 16. juni og gruppa er sett saman slik:

- Synnøve Vadla, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat
- Helge Oftedal, Inn på Tunet
- Rolf Roda, Bondens Marked
- Eli M. Serigstad, Fylkesmannens Landbruksavdeling
- Svein Helge Harbo, Rogaland Bondelag som også er leiar for gruppa Sekretær - Kirsten Meyer-Knutsen

Det har vore tre møte i prosjektgruppa. Første viktige oppgåva var å få oppført medlemslister og e-postadresser. Kvar organisasjon vart så bedd om å setja opp mål og prioritering av dei. Det er eit stort ønskje frå alle å få fleire medlemmer og bruka tid på det. NBG og Inn på Tunet ønskjer og meir utadretta arbeid, oppsøkja medlemme-



Travelt, men inspirerande for sekretæren i Norsk Bygdeturisme og Gardsmat og Bondens Marked i Rogaland, Kirsten Meyer-Knutsen til venstre og tradisjonsmatttilbydar Marit I. Haddeland fra Torvløbakken Gard i Kvinesdal.

ne og potensielle medlemmer. Saman med organisasjonane har prosjektlearen og gjennomført fleire møte og samlingar der aktuelle tema er teke opp. Det har vore god tilslutnad til desse arrangementa.

Prosjektet har arbeidd med å få til etablerarkurs i Rogaland. I samarbeid med Etablererskolen i Rogaland er det utlyst etablerarkurs for landbruksrelaterte næringar med kursstart 8. februar 07.

Prosjektlearen har vore invitert til å orientera om prosjektet på møte til Suldal Bondelag. Det var stor interesse spesielt for Inn på Tunet. Ho har og delteke på møte til Sandnes Bonde- og

Småbrukarlag og presentert prosjektet der.

Endring av friskulelova

Kunnskapsdepartementet la hausten 2006 fram eit forslag om endring av Fri-skulelova. To av endringsforslaga ville få svært uheldig følgje for vinterland-bruksskulane i fylket. Kort går desse to punkta ut på følgjande:

- Krav om minimum 20 elevar i klassen.
- Forslag om at offentlege ikkje lenger skal betala for elevar som ønskjer å ta ei ny fagutdanning etter at dei tidlegare har nytta retten til å ta ei yrkes-retta utdanning.

I arbeidet med saka har fylkeslaget vore i kontakt med Vinterlandbrukskulen på Jæren. Saka gjeld og Vinterlandbrukskulen for Ryfylke og andre fri-skular som tilbyr fagutdanning for personar som tidlegare har teke anna yrkes-utdanning.

Med grunnlag i at deler av høyrings-forslaget rammer dei to vinterland-bruksskulane i Rogaland, tok Rogaland Bondelag opp saka og sende uttale direkte til Kunnskapsdepartementet.

I uttalen peika ein på at ut frå den naturlege livsrytmen på gardane, tek den yngre generasjonen vanlegvis ikkje over gardsdrifta og får ansvar for den, før dei har kome litt opp i alder. Difor er det naturleg og nødvendig at den unge gar-den på bruket tek seg ei anna fagut-danning for å gå ut i arbeidslivet før dei

skal ta over gardsdrifta etter foreldra sine eller ved kjøp på det frie markedet. Dessutan peika styret på at det er langt frå alle som i ein alder av 14/15 år, veit om dei ein gong framover skal overta gard og driva som bonde og dermed ha behov for agronomutdanning. Styret peika og på at det er heller få plasser i arbeidslivet utover gardsbruket, der agronomutdanninga er veleigna og tilpassa andre jobbar.

Landbruket er ei næring som i aukande grad krev ei brei utdanning. Som matprodusent vert bonden pålagde strenge krav. Bøndene står dessutan overfor store utfordringar m.a. på fagområde som driftsleiring for å kunna driva eigen økonomisk verksemد. Ut frå dette er tilbodet Vinterlandbrukskulen på Jæren og Vinterlandbrukskulen for Ryfylke svært godt tilpassa nett dette behovet. Ein bekrefte på det er at desse to skulane står for ca 70 % av utdanninga av nye agronomar i fylket.

Slik opplegget er lagt opp på desse skulane passer det elevane svært godt. Skulane gjennomfører kurset etter ein rulleringsplan mellom eigarkommunane, kursa er konsentrerte, det er svært moti-verte elevar - jamt over 20 - 30 år - og dei kan ta fagutdanning fordi dei kan kom-binera skulegang med å oppretthalda drifta på garden sin - ein gard dei oftast nett har teke over og det er viktig for dei å

halda oppe drifta. Ei svært god løysing på mange måtar - også samfunnsøkonomisk.

Etter styre si vurdering dekkjer dei nemnde skulane eit klart behov for næringa og må oppretthalda. Det vil vera svært uheldig om tilbodet fell vekk, fordi staten ikkje lenger vil gi økonomisk støtte for elevar som har teke ei anna yrkesutdanning på eit tidlegare tidspunkt. Fylkeslaget meiner difor at staten fortsatt må ha pengar i utdanningssystemet sitt til å dek-ka kostnadane for desse elevane, sjølv om dei frå før har teke ei anna fagutdanning. Styret rår difor til at forslaget til endring av lova må trekkjast tilbake.

Kravet om minst 20 elevar

Rogaland Bondelag har forståelse for at det må vera eit minimumstal for elevar på skulen før dei kan rekna med å få økonomisk støtte, men eit generelt krav på minst 20 elevar er etter styret si vurdering for høgt. Skal det setjast eit slikt krav, bør det vera langt lågare og det må vera lett å kunna få dispensasjon for eit evt. minste tal på elevar.

Eit langt lågare minimumstal er også viktig ut frå opplegget skulen har med å ambulera kurset mellom kommunane. Det desentraliserte opplegget vinter-landbrukskulane har ser Rogaland Bondelag på som svært viktig - ikkje minst for distrikta.

Læreplan for Vg2 - landbruk og gartneri

I tilknyting til opplegget som går under begrepet **Kunnskapsløftet**, vert det arbeidd med nye læreplanar for land-bruksutdanninga innan den vidaregåande skulen. Noko av det nye i opplegget er og at inndelinga for den vidare utdanninga frå hausten 2006 skal vera Vg1 (tidlegare grunnkurs), Vg2 og Vg3.

I frå Norges Bondelag fekk fylkeslaget tilsendt forslag til Læreplan i felles programfag i Vg2 landbruk og gartneri og Forskrift til fordyping for vidaregåande trinn Vg2, yrkesfagleg utdan-ningsprogram. I arbeidet med saka har ein hatt kontakt med Øksnevad vgd. skule.

I uttale til Norges Bondelag peika fylkeslaget på følgjande punkt:

Rogaland Bondelag ser positivt på at fagområde som innovasjon og entre-

prenørskap og ressursforvaltning og næringsdrift vert teke med i opplegget alt i Vg2, men styret stiller seg spørjande til om det er aktuelt at desse to fagområda kvar for seg skal ha 140 årstimar og i sum ein del meir enn det som går på produksjonsfaga innan landbruk og gartneri.

Elevane i Vg2 er stort sett 17 år. Etter RB si vurdering er elevane då for unge til å finna desse to fagområd interessa-nate nok til å ha dei i så stort omfang. Dei fleste ungdommane som vel landbruk/gartneri, er meir interesserte i fag knytta direkte til produksjonen og til tekniske tema ang. produksjonen. Etter styret si vurdering føreslo ein difor at talet på timar på dei to nemnde fagområda vert redusert noko - gjerne at dei og vert slegne saman til eit fagområde - men at

produksjonsfaga inkludert tekniske fag, vart utvida tilsvarende. Utviklinga og modningsfasen skjer fort hjå ungdommen i desse åra slik at det truleg vil vera mykje rettare å ta meir av dei to faga i neste trinn - Vg3.

Læreplan for Vg3 Naturbruk

Rogaland Bondelag har og fått forespørsel om å oppnemna ein person som skal vera med å vurdera utkast til læreplan for Vg3 Naturbruk/Landbruk. Leidulf Harboe, leiar i Sandnes Bondelag er beden om å gå inn i dette arbeidet. Etter at deira vurdering av forslaget er innarbeid i planforslaget, vil heile planen verta sendt på høyring og fylkeslaget vil truleg koma tilbake til saka seinare.

Deltakelse i prøveopplegg ang. landbruksutdanninga

Rektor Paul Terje Haarr ved Øksnevad vgd skole er oppteken av korleis ein kan gjera agronomutdanninga meir attraktiv for ungdommen slik at fleire ungdommar tek denne utdanninga. Situasjonen dei siste åra ved skulen har vore at det er berre 6 - 8 personar som fullfører VK2 Natur og landbruk og dermed tek full agronomutdanninga. Med grunnlag i det omfattande og sterke landbruket ein har i fylket, er dette svært skuffande. Etter kontakt med elevane har han fått tilbakemelding om at ungdommen ønskjer eit opplegg som endar opp med fagbrev slik mange andre yrkesretta utdanning gir.

Med grunnlag i dette inviterte rektoren ved Øksnevad til eit møte på slutten av året 2005 der m.a. Rogaland Bondelag var invitert - nestleiar og org.sjefen møtte. Her vart det skissert eit prøveopplegg som begge Trøndelags-fylka også hadde signalisert interesse for.

Som eit ledd i dette vart det og kalla inn til eit møte i Norges Bondelag 22. desember der repr. frå Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Rogaland Bondelag forutan repr. frå Norges Bondelag og fagskulane i dei tre fylka deltok.

Kort oppsummert var alle samde om at fagopplæringa med 2 år på skule pluss 2 år i lære - (2+2) - slik opplæringa for næringslivet elles i stor grad er lagt opp, truleg ikkje vil fungera for landbruket.

Spørsmålet er kva opplegg ein då bør gå for. Øksnevad og fagskulane i Trøndelag, ønskjer sterkt å prøva ut eit alternativt opplegg med 3 + 1. Eit slikt opplegg er kjent frå andre yrker med spesielle krav til utdanning.

Etter inntrykk Norges Bondelag har stårt den offisielle skuleetaten ved Ut-danningsdirektoratet sterkt på at næringa må velja enten eit ordinært 2 + 2 eller dagens 3-årige løp. Norges Bondelag stilt seg mellom anna ut frå dette, svært tvilande til å gå inn i noko prøveopplegg som ville føra til fagbrev og frykta at næringa/bøndene ville verta sitjande att med kostnadane og ansvaret for den praktiske opplæringa slik næringslivet har det ved det ordinære 2 + 2 opplegget. Norges Bondelag ville heller arbeida for å få til ein fleksibel 3-årig landbruksutdanning og gå aktivt inn i eit samarbeid med fagskulane gjennom nye fagplanar som er under omlegging. (Sjå anna stad i årsmeldinga.) Etter kontakt ein har hatt med Fagleg råd for Naturbruk får ein inntrykk av at det ikkje er så fastlåst som Norges Bondelag har inntrykk av.

Etter grundig drøfting i styret der og Norges Bondelag si vurdering var kjent, ønska styret likevel å gå inn i eit samarbeid med Øksnevad for å utvikla og gjennomføra eit prøveopplegg med 3 år teori og 1 års praksis og at dette skal leggja grunnlag for fagbrev innan land-

bruk. Profilen for fagbrevet vil ein drøfta nærmare. Styret ser det og som viktig at det er skulen som har ansvaret for opplegget også i praksisåret og at fleire gardbrukarar kan gå saman om å tilby ein elev praksisplass.

På eit seinare tidspunkt deltok rektor Paul Terje Haarr og på styremøtet og orienterte nærmare om opplegget og framdrifta av prosjektet.

Interessa på Øksnevad har vore stor for å kunna gjennomføra eit prøveopplegg. Etter tilbakemeldingar frå Trøndelag er det interesse for det også hjå Sør-Trøndelag Bondelag, medan Nord-Trøndelag har trekte seg.

I løpet av meldingsåret er det oppretta ei eiga styringsgruppe med representantar frå fylkeslaga og skulane i dei to fylka. Frå Rogaland møter rektor Paul Terje Haarr og organisasjonssjef Svein Helge Harbo. Denne gruppa har hatt fleire møte og arbeidd med opplegg og søknad for å få midlar til å gjennomføra eit felles prøveopplegg på Øksnevad og Skjetlein vgd skule i Sør-Trøndelag. Målet er å søkja om løyve og ekstra midlar til ein prøveperiode på 6 år, dvs gjennomføring av 5 lærlingekull. Målet er og at dei som starta på Vg1 Naturbruk hausten 2006 skal få tilbud om å gjennomføra dette opplegget og få fagbrev.

Rogaland Bondelag si viktigaste oppgåve vil vera å skaffa til vefs praksisvertar for elevane i praksisperioden.

Ny eigenkapital til Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer - HLB

Før Høgskulen kom inn med eigen og fast post i statsbudsjettet, sleit skulen tungt økonomisk og styret for skulen måtte gå til det skrittet at dei tærde av eigenkapitalen ulike organisasjonar og politiske organ hadde betalt inn til skulen ved etableringa. Rogaland Bondelag hadde kjøpt ein ande - 5.000 kr. Etter at skulen kom fast inn på statsbudsjettet, vart den økonomiske situasjonen langt sikrare og styret tok ny kontakt med lag og organisasjonar med spørsmål om å betal inn ny andelskapital.

Målet for skulen var å skaffa til veg 6 mill kr i ny andelskapital. Forventa støtte

frå Rogaland Bondelag låg i beløpet på 200.000 kr frå medlemsorganisasjonane i landbruket. Dette inkluderer både Norges Bondelag, fylkesbondelaget og lokallaga pluss bygdekvinnelaga i fylket.

Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer har ein plass i det totale utdanningssystemet innan landbruket - mellom den ordinære landbruksutdanninga/agronomutdanninga og Universitetsutdanninga på Ås eller på Veterinærhøgskulen. Med grunnlag i det såg fylkesstyret det som rett å stilla seg positiv til å vera med å skaffa ny eigenkapital og at ein og ville rá lokallaga til å gå inn med ny støtte ut frå den øko-

nomiske situasjonen kvart einskild lokallaga har. Styret bevilga kr 25.000 under forutsetning av at høgskulen også fekk andre aktørar med for å reisa ein vesentleg ny eigenkapital.

I brev til lokallaga har ein oppmoda lokallaga til å stilla seg positiv til å gå inn med ny eigenkapital.

Taksering av landbrukseigedommar i Stavanger

Etter at Stavanger kommune sende ut forslaget til ny taksering av eigedommar våren 2006, har Stavanger Bondelag og Rogaland Bondelag fått mange reaksjonar på grunnlaget for utrekning av eigedomsskatten på gardsbruk. Stavanger Bondelag arrangerte og møte på Hinna 22. mars om temaet og representantar frå prosjektet orienterte om arbeidet. Straks etter dette møtet vart det sendt melding til takseringsutvalet der Rogaland Bondelag peika på hovudpunktene i reaksjonane frå næringa og signaliserte at ein ville koma tilbake til saka.

I Lov om eigedomsskatt paragraf 7 går det fram at *kommunen kan frita desse eigedommane heilt eller delvis for eigedomsskatt* og i punkt e heiter det vidare: *Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk. Det er høve til å fastsetja at eigedomsskatten berre skal svarast av ein del av takstverdet for eigdommen av dei sistnemnde slaga.*

Mange kommunar nyttar seg av høve til å gjera unntak for dei ulike gruppene som er nemnd i paragr. 7. Når andre kommunar ikkje gjer det har dei sjølv sagt rett til det, men at kommunen

då **ikkje** tek omsyn til konsesjonslova og forbod mot frådeling av bygg som gjeld for desse eigedommane, er uakzeptabel. Reaksjonane vart difor stor og fordi Stavanger og hadde teke med all jordbruksareal tilknytta eigedommen samt driftsbygningen og då med fleire etasjar. I paragraf 4 i same lov går det fram kva det skal skrivast ut eigedomsskatt på. I opplistinga her er det ikkje nemnd noko om jord nytt til ordinær landbruksdrift. Driftsbygningar er heller ikkje nemnde. Ut frå det stilte Rogaland Bondelag seg spørjande til kva grunnlag kommunen har for å ta med både driftsbygning og jordbruksareal i grunnlaget for utrekning av eigedomsskatten.

Det Rogaland Bondelag likevel reagerer sterkest på er at det ved taksering ikkje var teke omsyn til at bustader på gardsbruk verken kan skiljast frå garden eller kan seljast til "markedspris". Slike eigedommar er underlagt både delingsforbodet i jordlova og reglane etter konsesjonslova om prisregulering.

Med reaksjonar frå tilsvarande takseringsopplegg i andre bykommunar i landet, tok Norges Bondelag opp desse problema i eit brev av 20. april 2005 med

Finansdepartementet. I svarbrev av 10. mars 2006 gir departementet klare føringar på korleis konsesjonslova og delingsforbodet skal slå inn ved verdisettinga av eigedommar tilknytta landbruk.

Både under møtet Stavanger Bondelag hadde om saka og i brevet til Stavanger kommune fylkesbondelaget sende, viste ein til brevet frå Finansdepartementet og peika på at dette gir føringar Stavanger kommune ikkje kan trekka seg unna. Ut frå det ba Rogaland Bondelag om at det vert føreteke ei ny taksering av alle landbrukseigedommar i kommunen - uavhengig av om eigar /brukar klagar på utsendt taksering eller ikkje.

På grunnlag av reaksjonane frå Bondelaget har takseringsnemnda føreteke klare endringar på opplegget sitt, men på slutten av året vart det sendt nytt brev frå fylkesbondelaget der ein peika på fleire punkt og ba om ei noko betre og fulldigare tilbakemelding om kva praksis som vert nytt og grunnlaget for vedtaket om endring.

Etter svar fra kommunen på dette brevet, har styret avslutta saka inn til vidare.



Bruk av breie traktorar og reiskap på vegen

I det vårvinna tok til våren 2006 fekk fylkeskontoret fleire telefonar frå personar som driv leigekjøring for bønder om at dei vart stoppa av Biltilsynet på grunn av at traktoren var for brei eller dei kjørde for langt. Med grunnlag i dette tok Rogaland Bondelag opp saka direkte med Vegdirektoratet i mars/april. Tilbakemelding og reaksjonen derifrå var fråverande og fylkeslaget tok saka opp på fleire hald først med Norges Bondelag, men og med Vegkontoret i fylket. Dei ramma landbruksentrepreneurane engasjert og advokat i dette arbeidet.

Sommaren gjekk og ennå fleire traktorar vart stoppa og episodar oppstod. Heile tida hadde organisasjonen rimeleg god kontakt med landbruksentrepreneurane. Etter fleire kontaktar frå Norges Bondelag si side til Vegdirektoratet fekk representantar frå Bondelaget eit møte med Vegdirektoratet i desember 06. Ved på møtet var Tarjei Gjesdal frå Gjesdal, som sjølv driv maskinstasjon retta mot landbruket, konsulent Johannes Ingvaldstad frå Norges Bondelag og organisasjonssjefen i Rogaland.

Under møtet var ein inne på mange generelle og detaljerte punkt knytta opp mot forskriftera for kjøretøy og landbruket sine unntak for desse forskriftene. Generelt vart det frå Vegdirektoratet innrømt at den tekniske utviklinga innan landbruket hadde gått langt forbi forskriftene og at det var klart behov for gjennomgang og revisjering. I tillegg har det vorte meir utbrett med samarbeid mellom bruk og fleire bønder satsar på innleige for å utføra stadig større del av traktorarbeidet på garden sin. Ei total gjennomgang var dei opne for, men det måtte takast opp som eiga sak i den samla arbeidsplanen for direktoratet. Det kunne fort ta tid - ja nokre år.

Viktig under møtet var og at ein unngjekk tilsvarande situasjonar som vi hadde våren 2006. Hovudgrunnane for episodane i vår/sommar var at traktorane/reiskapa var for breie og at det vart kjørt lengre enn 5 km på offentleg veg med utstyret. Forskriftene seier mellom anna at traktoren kan ha ein total bredde på opptil 2,55 meter og at reiskapen kan vera opp til 3,5 meter ved transport over kortare avstandar på

offentleg veg. Under møtet vart det frå Vegdirektoratet avvist at det er noko slik absolutt grense på 5 km, men at enkelte har definert begrepet "kortare avstandar" til 5 km. I frå vår side vart det og peikt på kor urimeleg denne avstandsbeskrivsinga er ut frå den tekniske utviklinga, meir samarbeid mellom bruk og meir bruk av oppdragskjøring. Ein var og inne på forholdet om at reiskapa kan vera 3,5 m breie, medan traktoren berre kan vera 2,55 m brei.

For å unngå same problema til våren lova Vegdirektoratet at dei før vinna kjem våren 2007, skulle gå gjennom dagens regelverk og praktisering av det på desse punkta og gå ut i sitt system med skriv om korleis dei einskilde regionavdelingane skal tolka reglane om brede og transportavstand.

Bondelaget er generelt oppteken av sikkerhet - også langs vegen. Kva utspeil Vegdirektoratet kjem med er vi alle spente på, men vi har tru for at ei betre avklaring på problempunktene frå i vår/sommar ikkje treng gå på bekostning av tryggheten i trafikken.

Utdanningsprogram naturbruk

Samspel med naturen

Tilbodet skoleåret 2007-2008:

Vg 1 naturbruk

Vg 2 landbruk og gartneri

Vg 2 hest og hovslagerfaget

Vg 2 anleggsgartnerar og driftsoperatør idrettsanlegg

VK II allsidig landbruk (agronom)

VK II naturforvaltning (studiekompetanse)

20 timars kurs allmenn påbygg (studiekompetanse)

Elevar på Vg1 naturbruk har mulighet til å fordyupe seg innan enten hest, anleggsgartnerar, landbruk eller natur og friluftsliv. Alle dei fire retningane kan føre til studiekompetanse, agronom eller ulike fagbrev. Du finn meir informasjon om dette på skolen si heimeside.

Vaksenopplæring foregår i regi av RKK avdeling Øksnevad. Informasjon om kurstilbodet finn du på skolen si heimeside.

Ta kontakt med skolen for meir opplysningar:
Tlf 51 78 80 00 eller
e-post oksnevad-vgs@rogfk.no

Søknadsfrist ordinære kurs: 1. mars

www.oksnevad.vgs.no



Øksnevad vgs

Kulturhovudstaden Stavanger 2008

Samarbeidsprosjektet mellom Senter for leseforskning på Universitetet i Stavanger og Rogaland Bondelag er blitt godkjent som eit prosjekt i Kulturhovudstaden 2008, og har fått ei økonomisk rame på kr 60 000,-.

Prosjektet er å laga ei strofe av Arne Garborg sitt dikt " Det stig av hav eit alveland....." med silorundballar på ei mark godt synleg for innflyginga til Stavanger lufthamn Sola. Denne strofa laga av silorundballar skal vera synleg frå november 2007 til februar/mars 2008. Det vil gå med om lag 600 rundballar til dette prosjektet. Område for plassering av rundballane er nå avklart i samarbeid

med folk frå flynavigasjonen på Sola. Vi har kontakt med ein grunneigar i Klepp kommune der siloballane kan plasserast.

Rogaland Bondelag har ikkje nokon økonomisk ansvar i dette prosjektet. Vi skal ha kontakt med grunneigar og gjere avtalar med bønder for å sikre nok rundballar. For å få dette prosjektet i hamn på ein måte vi kan vera stolte av, er vi avhengige av hjelp. Vi vil ta kontakt med aktuelle lokallag og andre for at dette prosjektet skal bli gjennomført etter planen. Prosjektet er spenstig og vi kan rekne med god mediadekning.



Agrovisjon 2007 – møt framtidbonden 26. – 28. oktober

Heilt sidan Fagforum for mat og drikke blei etablert i 1990, har eit av siktemåla vore å synleggjera det matindustrielle miljøet sin betydning for heile verdikjeden i Rogaland. Det siste har i stor grad alt lykkast då både Rogaland fylkeskommune og kommunane i Stavangerregionen har valt det matindustrielle miljøet som satsingsområde.

Den minst synlege delen av denne kjeden for verdiskapinga har til nå vore primærleddet innan landbruket. Det har mangla ein solid arena for landbruket og

den moderne og framtidsretta bonden/gartnaren i mat- og landbruksfylket Rogaland. Dette til tross for at 10 prosent av landets bønder og 18 - 20 prosent av produksjonen er her.

Med grunnlag i dette vart det hausten 2005 skipa til eit arrangement der fagforedrag vart kombinert med ei større utstilling - Agrovisjon 2005. Etter eit vellykka arrangement då vart det raskt vedteke at eit tilsvarende opplegg skulle gjennomførast igjen hausten 2007 - Agrovisjon 2007 - 26. - 28. oktober.

Rogaland Bondelag deltok med stand i 2005 og det er bestemt at Bondelaget skal gjera det også under opplegget hausten 2007. Styret meiner det er viktig at Rogaland Bondelag er tilstades på denne viktige møteplassen der heile Rogalandsjordbruket er på plass. Agrovisjon 2007 er utvida med ein dag og med lengre opningstider i forhold til Agrovisjon 2005.

Tema for Agrovisjon 2007 er **Møt framtidbonden!** Følg med på www.agrovisjon.no

Fragmenteringsanlegg på Vigrestad i Hå kommune

Spørsmålet om utviding av Småhaugane industriområde for etablering av fragmenteringsanlegg var ute på ny høyring. Styret i Rogaland Bondelag hadde saka om å plassera eit fragmenteringsanlegg på Vigrestad til behandling i 2004. Fylkesstyret gjekk då inn for at det måtte utarbeidast ein fyldig konsekvensutredning før endeleg vedtak om plassering vart gjort. Det var denne utredinga som vart lagt fram for høyringa.

Fylkesstyret gav følgjande tilbakemelding på høyringa:

Rogaland Bondelag har vurdert saka på nytt og vil ut frå ei prinsipielt vur-

dering stilla spørsmål ved om det er rett å leggja eit slikt anlegg i eit aktivt jordbruksområde. Vi ser at konsekvensanalysen i stor grad kjem fram til at omfang av utslepp av visse slag er under tillatne grenser. Likevel er ein skeptiske til denne plasseringa. Området ligg som kjent i eit aktivt jordbruksområdet med produksjon av mat. Landbruket vert stilt overfor strenge krav til kvalitet og innhald i produksjonen sin. Miljøet rundt er ein viktig faktor for å nå dette målet.

Styret meiner at å drive matproduksjon i nærleiken av eit slikt anlegg vil vere vanskeleg og svært utsett. Uhedlige

presseoppslag, uvisse kring kontroll med utslepp og negativ ryktespreiing vil kunne føra til uheldig skade for landbruksproduksjonen.

I eit land der berre 2 - 3 % av arealet er landbruksareal - for Hå er nok denne prosentsatsen ein del høgare - er det merkeleg at ein ikkje skal kunna finna andre eigna areal vekke frå jordbruksareal enn plassen ved Vigrestad tilseier. Sjølv i Hå burde det vera eigna areal andre stader i kommunen.

Statens vegvesen sitt ansvar langs veg, undergangar og ugras

Rogaland Bondelag har fått innspel frå fleire lokallag på desse tema. Styret bestemte at det bør avholdast eit møte med Statens Vegvesen for å få klarlagt ansvar i desse sakene. Fleire medlemmer i bondelaga i Dalane hadde konkrete utfordringar langs E 39. Representantar frå desse lag var med på møte med Statens Vegvesen 19. juni 2006. Frå Vegvesenet møtte distriktsvegsjef Hanne Hermanrud, Eivind Kommedal og Eddi Westad. Frå Rogaland Bondelag møtte Arna Høyland, Svein Helge Harbo og Olav Sande. Frå Bjerkreim Bondelag møtte Kåre Vaule og frå Helleland Bondelag Ove Østrem.

Fleire fe-undergangar:

På grunn av stor trafikk langs fleire av hovudvegane er det fleire bønder som har store problem med kryssing av veg med beitedyr. Fleire kan ikkje nyitta beite til mjølkekryr og beita blir difor ikkje nyitta optimalt. Vegvesenet er kjent med

problemet. Dei har registrert behov for 45 tiltak bare i Sør - Rogaland. Vegvesenet har ikkje ekstra midlar til dette formål, budsjett for mindre trafikksikringstiltak er på kr 2-3 mill.

Vedlikehald av gjerde langs veg.

Vegvesenet er i ferd med setja opp nytta autovern langs fleire vegar og enkelte avkjørslarvert med det stengde. Dette gjer at bøndene ikkje kjem til utmarka med traktor/reiskap for å drive vedlikehald av sine gjerder, eller anna vedlikehald på beita. Avkjørsler er rettar som den enkelte grunneigar har forhandla fram i samband med anlegg/utbetring av vegar. Vegvesenet takka for innspel - dei har ikkje vore klar over problemstillinga, og dei ønska dialog med grunneigarar. Vegvesenet opplyste at i deira sikkerhetsvurdering var slike forhold ikkje med.

Melding om skade på gjerde langs veg var og mangelfull. I desse tilfella var det best å ta kontakt med vedlikehalds-

entreprenør for å få til ei god løysing.

Forsøpling/ugrasklypping langs veg

Fleire lokallag har gitt melding om problem med forsøpling langs veg. Mykje boss vert liggjande langs gjerde og mellom veg og gang- sykkelsti er det mykje ugras. Bøndene legg ned mykje arbeid for å halda ugras borte på sine gardsbruk. Vegvesenet blei oppfordra til eit større engasjement der dei var grunneigarar. Ugras er ei utfordring for vegvesenet, det vert ikkje brukt kjemikaliar til ugrasbekjemping lenger. Dei var klar over at mekanisk ugrasbekjemping i mange høve ikkje vert gjort ofte nok. Dei skulle vidareformidla dette til vedlikehaldsentreprenør og be dei forbetra sine rutinar vedrørande desse problemstillingane så langt dette var muleg i forhold til anbud/arbeidsbeskrivingar.



Høyland - 4365 NÆRBØ
Tlf. 51 43 22 66 Fax: 51 43 22 65

Vi bekjemper rotter, mus, fluer m.m. Serviceavtaler for landbruk, bolighus og bedrifter.

*Lukt fri behandling mot stripet borebille (morr)
sopp og råte i driftsbygninger, bolighus og møbler.
Behandling med miljøvennlige vannbaserte preparater.
20 års garanti.
Gratis inspeksjon på trebaserte insekter*

PS! Vi kommer gjerne for å snakke om skadedyr og forebygging mot dette i alle fora.

Arbeidet i utvala

Info-utvalet

Informasjonsutvalet - Info-utvalet - har i meldingsåret hatt tre møte. Saker utvalet har arbeidd med:

Kurs for unge bønder

Med grunnlag i eit godt kurs for unge bønder hausten 2005, føretok utvalet ei evaluering av dette og la planar for eit tilsvarende kurs 20. - 22. oktober 2006. Det vart frå ulik hald arbeidd aktivt i planfasen og utvalet hadde god kontakt med Ungdomsrådet til Gilde Region Vest. Kurset var lagt til Jæren Hotell, Bryne og totalt var det nær 40 deltakarar på kurset.

Fredagskvelden hadde deltakarane først besøk av leiar i Norges Bondelag Bjarne Undheim som snakka landbrukspolitikk. Resten av kvelden gjekk med til middag og sosialt samvær med ost og vinsmaking først på TINE sitt ostelager på Klepp st.

Hovudinnlegget på laurdagen var spørsmål rundt eigarskifte - dei menneskelege sidene ved eigarskifte og forhold ut frå odelslova og konsesjonslova samt skatt og avgifter. Advokat Jan Bangen frå Norges Bondelag hadde eit engasjerande innlegg om desse tema. Elles var ein innom HMS-arbeidet på garden forutan at enkelte organisasjonane fekk tid til å presentera seg.

Søndagen vart nytte til innlegg der temaet Kvifor er samvirke viktig? Tidleigare leiar i TINE Norske Meieri, Jostein Frøyland innleia. Martin Svebestad frå Klepp Rekneskapslag tok for seg spørsmål rundt økonomien på garden.

Verveutvalet har hatt 2 møte i meldingsåret - 23. januar og 2 oktober. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeidet i fylkeslaget og gjennomføra den i samarbeid med lokallaga og fylkesstyret. Strategien vart vedteke vidareført for 2006. Utvalet vil diskutera strategien for verveutvalet 2007 og vidare framover på første møtet i 2007.

Utvtalet har gjennomført 2 ringrundar til lokallaga. Den første i februar. Ringerunden hausten 2006 vart gjen-

Deltakarane på
unge bønder kurset.



Ut frå evalueringsskjema ein fekk inn etter kurset var det svært positive tilbakemeldingar på opplegget. Ein hadde truffe godt både med annonseringa, tema og innleiarane. Utvalet tek sikte på å gjennomføra eit slikt kurs kvar haust i oktober månad.

Open Gard

Info-utvalet er ansvarleg for organiseringa av Open Gard i fylket. Dette er omtalt ein annan stad i årsmeldinga.

Foredragsserie om Landbruket i Rogaland

Gjennom utvalet fekk Tjalve Lekvam i oppdrag å arbeida med ein PowerPoint-serie ein kunne nyttja i ulike samanhengar der ein skal presentera landbruket i fylket samt organisasjonen. I

samarbeid med administrasjonen er denne serien nå ferdig og er til disposisjon for lokallaga til bruk i møte med politikarar m.m. Lokallaga kan be om eksemplar av den på CD.

Strategi for Info-utvalet

Utvtalet har sett som mål å utarbeida ny strategi for info-arbeidet til fylkeslaget. Av kapasitetsmessige grunnar har ein ikkje makta å gå inn på det ennå, men ein vil freista å gjera det i løpet av 2007.

På grunn av langvarig sjukemelding ved kontoret i løpet av 2006, har ein frå administrasjonen ikkje makta å følgja opp arbeidsoppgåvene til Info-utvalet slik ein burde gjort og har intensjon om å gjera. I frå administrasjonen si side vil ein beklaa dette og håper at det vert betre i løpet av 2007.

Verveutvalet

nomført frå 15. oktober til 1. november. Der lokallaga alt hadde avhelle årsmøte vart den nye leiaren kontaktta. Lokallaga er positive til denne kontakten. Utvalet ønskjer å ha ein god kontakt med lokallaga og heile utvalet deltek derfor på årsmøtet og leiarmøtet. Dette først og fremst for å skapa kontakt med leiariene i lokallaga. Under distriktsmøta deltek ein frå utvalet for å informera om opplegget for vervearbeidet.

Ragnhild Dyngeland og Atle Tjåland var på Øksnevad vdg skule for informera

elevane om bondelaget og om samvirke. Det vart i ettertid diskutert om elevane kanskje var for unge og at ein kanskje heller burde ha denne informasjonen i dei enkelte klassane på vinterlandbrukskulane.

Oppsummering av vervearbeidet og medlemsutviklinga er omtalt lengre bak i årsmeldinga.

Under årsmøtet i fylkeslaget i mars 2006 vart det delt ut vervepremier for godt vervearbeid i 2005. Det var delt ut gávepremie til dei lokallaga som hadde

størst %-vis og størst netto auke i talet på medlemmer.

- Gåvesjekk på 750 kr og innramma diplom til Kvitsøy Bondelag for størst %-vis auke i medlemstalet med 28,6 % og til Bjerkreim Bondelag som

hadde størst netto auke i talet på medlemmer - netto auke på 24 medlemmer.

- Beste verva Hermund Lende, Time fekk genser for å ha verva 10 medlemmer.
- Det vart og delt ut genser til dei som

hadde verva 5 eller fleire medlemmer. I 2005 hadde Stein Pettersen, Bjerkreim verva 8 medlemmer.

Norges Bondelag støtta arbeidet i verveutvalet til Rogaland Bondelag med 15 000 kr i 2006.

Grøntutvalet

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag tok og i år initiativ til å halde eit delvis ope møte i samband med at utvalet skulle utarbeidet fråsegna si til jordbruksforhandlingane. Medlemmene i utvalet var inviterte forutan representantar for ulike faglag og rettleiingstenesta innan den grøne sektoren i fylket - 12 personar møtte. Til å innleia hadde ein fått med seg leiaren i Grøntutvalet til Norges Bondelag, Per Asbjørn Andvik, Vestfold.

Først orienterte Andvik frå saker utvalet sentralt arbeidde med. Etterpå gjekk han gjennom ein del saker og problemstillingar som vil stå sentralt i samband med den grøne sektoren og dei komande jordbruksforhandlingane og utviklinga framover.

Før møtet hadde ein sendt ut Norges Bondelag sitt notat "Grunnlagsmateriell for grøntsektoren" til aktuelle høyriingspartar. Til møtet førelåg det ikkje uttale frå nokon av desse, men under møtet vart Ørjan E. Omdal i Rennesøy forsøksring veksthusrådgivinga oppmoda til å senda inn eit notat ang. utviklinga av

energikostnadane for veksthusnæringa. Det notatet følgde som vedlegg til utvalet si fråsegn til vårens forhandlingar. Utvalet sin uttale er gjengitt lengre framme i årsmeldinga.

Støtte til forsking innan veksthusnæringa

Rogaland Bondelag ser det som vært viktig at Bioforsk Vest Særheim får tildelt midlar og forskingsoppgåver der dei kan vidareutvikla kompetansen sin innan veksthusnæringa. Etter forespørsl fra Bioforsk Vest Særheim ba fylkeslaget Norges Bondelag om å støtta opp om søknaden Bioforsk Vest Særheim hadde sendt til Norsk Forskningsråd om midlar til eit forskingsprosjekt innan veksthusnæringa. Tittelen på prosjektet er "Market orientated production of Norwegian greenhouse tomatoes". Bioforsk Vest hadde søkt om det same prosjektet året før og utan at det vart tildelt midlar.

I brevet til Norges Bondelag rådde Rogaland Bondelag v/Grøntutvalet

sterkt til at Særheim fekk tildelt midlar til prosjektet. Ein peika på at Rogaland er det største veksthusfylket og særleg når det gjeld tomat- og agurkproduksjonen. For denne produksjonen er Bioforsk Vest Særheim eit svært viktig forskingssenter. Bondelaget peika og på at næringa er under press. Fagleg utvikling og dyktige produsentane så vel som innan forskinga og hjå rettleiingstenestad, er tiltak som er viktige for å sikra framtida for produksjonen. Ved at prosjektet vert lagt til og gjennomført av Bioforsk på Særheim, er ein og sikra at heile næringa og alle produsentane kan få ta del i resultata. Ein peika og på at veksthusnæringa betaler inn midlar til bruk i forskinga, men det har til nå fått lite att for det.

Ved tildeling i haust lukkast det for Bioforsk Vest og det vart bevilga midlar til gjennomføring av forsøket som vil starta opp i 2007 og gå fram til 2011. Prosjektet har ei økonomisk ramme på 12 mill kr.

Jordvernutvalet

Utvalet har ikkje hatt møte i meldingsåret. Leiaren og medlemmene av utvalet følgjer utviklinga innan jordvernet og er stadig bekymra over situasjonen med nedbygging av god jordbruksjord fleire stader i fylket, men først og fremst på Nord-Jæren.

Sentralt i debatten rundt forvaltningen av areal på Nord-Jæren står Fylkesdelenplanen for langsiktigbyutvikling på Jæren. Den vart vedteken i statsråd i mai 2001. Etter fem års virke tok fylkeskommunen initiativ til å føreta ein gjennomgang av planen og vurdera ei revidering av den. Det vart mellom anna kalla inn til ein konferanse 13. november 2006 der Rogaland Bondelag vart spurd om å føreta ei oppsummering frå landbruket si side.

I innlegg sitt peika org.sjefen på at respekten for at planen har eit 40-års perspektiv over seg ikkje har gått heil inn hjå fleire kommunar. Ein har inntrykk av at enkelte kommunar kjører på og tek sikte på å bruka opp tilmålt areal i løpet av heller få år og at dei vil bruka mangel på areal som brekkstang for å utvida grensene lenge før 40-års perioden er ute.

Ein viste vidare til fylkeskommunen si målsetting av at Rogaland skal vera Mat-fylket. Det krev at ein tek vare på jordbruksjorda.

I ei evt. evaluering av planen peika bondelaget på at ein måtte ta opp følgjande konkrete punkt:

- Dei langsiktige grensene for jordbruksområde må stå fast

- Planen må verta juridisk bindande
- Bru over Gansfjorden må realiserast snarast
- Jordbruksareal i aksen Vatne - Austrått - Hove i Sandnes må vernast som jordbruksareal.
- Det må utviklast betre system for registrering av bruken av areal

Jordvernutvalet har fastsett møte i førsten av februar og ein vil der følja opp noko av desse punkta og senda dei over til Fylkeskommunen som innspel for deira vidare arbeid med evt. revisjon av fylkesplanen.

U-landsutvalet

U-landsutvalget er sett sammen av ein representant fra Rogaland Bondelag, Rogaland Bygdekvinnelag, Rogaland 4-H og Samarbeidsrådet. Formålet er å ivareta internasjonalt arbeid i organisasjonane.

Det vesentlege av arbeidet har foregått i Kamerun i samarbeid med Det Norske Misjonsselskapet og Den Kamerunesiske Kirken. Det tok til med nå avdøde biskop Bjørn Bue sitt opplegg på "Rogalandsgarden" i 1963 og har nå i mange år gått under namnet "Gadjwan-prosjektet".

Prosjektet arbeider med jordbruksopplæring, helseundervisning, bygging av bruer og vegar og ikkje minst graving av brønner. Reint vatr er og der svært viktig og det er konstatert stor nedgang i vassbårne sjukdommar. Bygging av vegar og bruer gir høve til å få varene bøndene produserer fram til større markeder, det gir betre prisar. Betre vegar gir også større høve til skulegang og helsetjeneste. Bygging av lager til avlinga er også viktig, slik at ikkje heile avlingen må seljast om hausten.

Holdingene i befolkningene har og endra seg i positiv retning. Dei får etter kvart eit eigarforhold til det som vert bygd opp. Det fører og til eige ansvar og langt betre vedlikehald. Dei to ansatte i prosjektet, Asta Pauline og Iya Paul arbeidet godt. Rapportane viser god oppslutning om arbeidsgruppene dei har



Her ser vi en ferdig brønn slik prosjektet bygger. Ved siden av står det ofte et skilt som forteller at denne brønnen er bygd med hjelp fra bønder i Rogaland.

starta. Spesielt gledeleg er at talet på kvinner som deltar har steget. Nå vert det akseptert at kvinnene tar ordet i forsamlingar der det og er menn tilstade.

I februar 2006 deltok tre personer fra U-landsutvalget på ein evalueringstur til Kamerun. Dei besøkte både Gadjwan og Galim området, der hjelpearbeidet har pågått lengst. Asta Pauline og Iya Paul hadde forberedt befolkningen på at prosjektet kommer til å verta flytta til eit nytt område.

Iya Paul har besøkt dette nye området, som heter Sambo Labbe, og gjort undersøkelser om interessa for hjelp. Området har dårleg vegforbindelse og er svært tilbakeståande. Der er lite skular, området er muslimsk og kvinnene er lite synlege.

Dei hadde hørt om hjelpeprosjektet vårt og var svært interessert i hjelp. Dei var også innforstått med at dei måtte yta noko selv for å få hjelp. Iya Paul og Asta Pauline er også villege til å flytte til den nye plassen og starta opp arbeidet.

U-landsutvalget vil takke for den store støtta i 2006, kr 218.948,50 er samla inn. I løpet av året er kr 210.000 sende til prosjekt. Håpet at alle fortsatt vil støtta arbeidet. Mål for støttebeløpet for 2007 er 175.000 kr.



Halvferdig bro. Byggearbeidet stanset fordi det ikke var vann i elva til støyting. Når vi hadde reist skulle arbeidet startes opp igjen.



HLB
HØGSKULEN
LANDBRUK OG
BYGDENÆRINGAR

Fagkunnskap for framtida

*Handlingskompetanse
Landbruksøkonomi og leiing*

Husdyrproduksjon

Pelsdyr

Matkultur

Nyskaping

Leiing av kultur- og naturbasert turisme

Praktisk pedagogisk utdanning

Søknadsfrist 1. juni,
deretter rullerande opptak til studiestart

Høgskulen landbruk og bygdennæringar BA

Tårnvn 9, Nærlandparken, 4365 Nærø
Tlf 51 79 94 00 Fax 5179 94 01

E-post: post@hlb.no



Søknadsfrist 1. mai

Vinterlandbrukskulen på Jæren

Tårnvn. 9, Nærlandparken, 4365 Nærø

Tlf. 51 79 94 00 Fax 51 79 94 01

E-post: post@vlj.no

www.vlj.no

Nybygg eller rehabilitering?

Ta kontakt med AH Bygg A/S

**Vi har solid erfaring med
alle typer bygninger til landbruket**



**Møllevn. 12 - 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 85 79 Fax: 51 79 85 78**

Organisasjonsarbeidet

Årsmøta i lokallaga

Årsmøta i lokallaga vart i år stort sett gjennomført i løpet av oktober månad - nokre få før og andre seinare. På dei langt fleste årsmøta har det vore med representantar frå fylkeslaget - styret eller administrasjonen. Tema ein har teke opp har vore noko ulikt, men på dei fleste årsmøta har ein vore inn på endringa av kontingentsystemet til Norges Bondelag, næringspolitiske tema m.a. jordbruksavtalen og viktige saker for bondelaget framover.

Som deltakar under årsmøta har representantane frå fylkeslaget også ein viktig funksjon med å lytta etter signal i lokallaga. Ein var interessert i å få tilbakemelding på arbeidet til fylkesbondelaget og organisasjonen sentralt. Under årsmøta kom det elles fram mange tema fylkeslaget var bedd om å arbeida vidare med og som styret vil ta opp på ulike måtar, ikkje minst i samband med fylkeslaget sin uttale til jordbruksforhandlingane 2007. Andre saker er nöttere og har eller vil verta arbeidd vidare med av fylkeslaget.

Ut frå oppsummeringa styret gjorde etter årsmøterunden, har styret eit svært



Frå årsmøtet til Rogaland Bondelag mars 2006.

godt inntrykk av årsmøta. Ingen spesielle saker har dominert, men det har jamt over vore godt med spørsmål og ein god debatt. Frammøtet varierer noko. I større lag ligg frammøteporsenten på rundt 10 % av medlemmene, medan mindre lag ofte har noko større prosentvis deltaking.

Årsmøterunden har ført til at det er nye leiarar i 16 av dei 45 lokallaga i fylket. Sidan fleire valde å stå eit år lengre i fjor hadde ein frykta noko større utskifting, men det er gledeleg og ein styrke for organisasjonen at ein har ri-

meleg god stabilitet hjå leiarane i lokallaga. Det er nå kvinnelege leiarar i fire lokallag det same som i førre arbeidsår. Ved gjennomgang av tilbakemeldingane om vala og konstitueringa i lokallaga i haust, er det noko skuffande å registrera heller få kvinner i lokallagsstyrta. Nokre få lag har to direktevalde kvinner med i styret, medan mange styre har berre menn. Det må vera ei klar oppmoding til valnemndene rundt i lokallaga om å arbeida meir for å få kvinner inn i lokallagsstyrta samtidig som kvinnene og må vera meir villege til å ta på seg slike verv.

Distriktsmøta

Som vanleg vart distriktsmøta arrangert i slutten av oktober. Møta ble haldne på Bøndenes Hus i Sandnes 19. oktober, Landbruksenteret på Helleland 23. oktober og på Tysværtunet i Tysvær 24. oktober.

Opplegget var som tidligare år, same program på dei tre møta. Dette året var programmet vesentleg romslegare enn i fjor, noko som deltakarane sette pris på. God tid til drøs og diskusjon. Som vanleg var det lokallaga sine to minutt. Denne posten er godt innarbeida og lokallaga får her eit godt høve til å fortelja om aktivitet sin og til å ta opp saker som dei vil samarbeida med andre lag på, eller kontoret bør sjå vidare på. Vi skal vera stolte over alt arbeidet som vert lagt ned av lokallaga i bygdene rundt omkring i Rogaland. Det hadde merkast godt om alt dette arbeidet opphøyrt. Kontakt med barnehagar og skular er det fleire lag som legg ned mykje arbeid i. Enten med Landbrukspelet i skulen eller eigne

opplegg der ein får vist fram landbruket på ein fin måte, både for dei som er i barnehage, småskule eller ungdomsskule.

Landbruket er for mange ein einsam arbeidsplass, det er mange lag som lagar til sosiale møteplassar for sine medlemer. Det er frå bondetrim til bondepub eller opplegg der heile familien deltar.

I laga sine 2 minutt var det og fleire som orienterte om kontakten med politikarar og administrasjon i kommunen. Mange nytta høvet på den store norske matdagen til å overlevera mattine med lokalprodusert mat til ordførar/rådmann med ei orientering om kor viktig landbruket er for verdiskapinga i kommunen.

På distriktsmøta ble det orientert om nytt kontingentsystem, det var mest forholdet til berekning av kontingent på samdrifter som skapte engasjement. Som vanleg var Gjensidige og orienterte om nokre av sine tilbod til medlemmane i bondelaget.

Rogaland Bondelag blei bedne om å arrangera kurs i handtering av høyring av kommuneplanar og andre kommunale planar. Det kom og fram ønskje om kurs i styrearbeid. Samvirkebatten er i gang på bakgrunn av studiehefte laga av Norsk landbruksamvirke. Fleire lag meinte det burde arrangerast "stormøte" på dette tema, som inspirasjon til arbeid og diskusjon i lokallaga.

Målfrid Husebø hadde ein eigen seksjon for studieleiarane/rep. frå lokallaga. Dette er ei ordning som både BSF og deltakarane frå lokallaga er fornøygde med. Det er styra i lokallaga som vert innkalla til distriktsmøta. I år møtte 36 av 45 lag med 86 personar, i fjor var det 34 av 49 lag som møtte og 93 personar. Best frammøte var det på Helleland der alle 10 innkalla lag møtte. I Sandnes møtte 16 lag, 4 lag meldte forfall. I Tysvær møtte 12 lag, 5 lag hadde meldt forfall.

Leiarmøtet

Det var 35 representantar frå lokallaga som deltok på møtet. I tillegg møtte styret i Rogaland Bondelag, leiar i valkomiteen, representantar frå TINE, Gilde, Prior, Norsvin, Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer og kontoret. Styremedlem Steinar Klev og org.sjef Harald Velsand møtte frå Norges Bondelag - til saman 43 personar. Leiarmøtet kolliderte med Agroteknikk messa i Lillestrøm. Det var fleire lokallagsleiarar som prioriterte den og fleire lag var difor representert med eit styremedlem. Det var sett av god tid til diskusjon på landbrukspolitikk. Her innleia styremedlem i Norges Bondelag Steinar Klev til debatt. Debatten synte god kunnskap om landbrukspolitikk hjå lokallagsleiarane.

Stortingsrepresentant Magnhild Melteit Kleppa innleia til debatt på verke-

middel som den rød/grøne regjeringa ville foreta for å nå måla sine i landbrukspolitikken. Tilbakemeldinga var klar: Inntektsnivået må opp for den norske bonde! Det var store forventningar til at lovnadane som er gitt i Soria Moria-avtalen, vert haldne.

Andre foredrag var om "Verdiskapingsforum MAT" ved Elin Schanche og Landbrukssamvirke sine utfordringar ved Tor Inge Eidesen. Harald Velsand frå Norges Bondelag og Per Inge Egelund som lokallagsleiar i Hjelmeland, hadde innlegg før gruppemøte. Tema deira og oppgåvene til gruppearbeidet var korleis driva godt og motiverande lokallagsarbeid. Frå gruppearbeidet kom det inn mykje godt. Dette er sendt ut til lokallaga for bruk i arbeidet sitt.

Det var ikkje utarbeida evalueringskjema til leiarmøtet, men signal som

kom frå talarstol og elles var at årets leiarmøte var sett saman med gode faglege innlegg som grunnlag for diskusjon, og sosialt er det alltid kjekt å treffast.

Etter eit godt leiarmøte vert ein endå meir motivert for arbeidet i lokallaget.

Samling for nye leiarar

Kvelden før det ordinære leiarmøte - 2. november, var alle nye lokallagsleiarar inviterte. Det var middag og godt drøs om kvelden. Om morgonen etter var det gjennomgang av oppgåver, informasjon og rutinar i Bondelaget. Dette tilbodet vart godt mottatt. Det var 10 nye leiarar som deltok på delar eller heile dette opplegget.

Arbeidet i lokallaga og kontakten med fylkeslaget

Arbeidet i lokallaga har også i år vore omfattande og krevjande. Fylkeslaget og Norges Bondelag har pålagt lokallaga omfattande arbeidsoppgåver dei har takla på ein god måte. Ein kan berre nemna: medlemserving, markeringar i forkant av forhandlingane og førebuing av aksjonar ved evt. brot. Om vi ikkje hadde så mange Open Gard-arrangement i år er det eit stort løft for dei som har slike arrangement. Også ved fleire andre høve når fylkesstyret og kontoret har hatt behov for hjelp til gjennomføring av konkrete oppgåver, har lokallaga stilt opp.

Både fylkesstyret og administrasjonen vil retta ein stor **takk** til lokallaga med leiarane i spissen, for velviljen og stå på viljen dei viser i mange samanhenger. Dette er utan tvil eit solid grunnlag for heile organisasjonen og det er viktig for oss på fylket så vel som på sentralt hald, å pleia denne kontakten og stimulera og leggja forholda til rette frå vår side til ein fortsatt brei innsats på lokallagsnivået. Medlemmene og lokallaga er grunnfjellet i organisasjonen.

Arbeidet på lokalplanet er eit teamarbeid, men av og til er det nok einskilde eldsjeler som legg ned ein større innsats

enn andre. Vi rettar ein spesiell takk til desse.

At aktiviteten i lokallaga er omfattande viser både orienteringane under distriktsmøta - lokallaga sine 2 minutt - og tiltak som vart lagt til grunn ved søknad om aktive lokallagsmidlar. Kreativiteten og omfanget er stort. Fylkeslaget ser det som viktig at lokallaga engasjerer seg i saker medlemmene er interesserte i. Dette vil i framtida vera svært viktig i og med at kommunane har fått større forvaltingsansvar. Fylkeslaget har alt registret at lokallaga har fått ein betre kontakt og dialog med kommunepolitikarane. Dette må utviklast vidare. Positivt er det og at lokallaga gjennomfører tiltak som legg grunnlag for sosialt fellesskap mellom bøndene.

Fylkesbondelaget ser det som svært viktig at ein har god kontakt med lokallaga. Forutan dei tradisjonelle samlingane, har fylkesstyret difor også fordelt lokallaga seg i mellom og lagt opp til å ringja/kontakta leiarane to gonger i løpet av året, for å slå av ein prat med dei og få tilbakemelding om saker lokallaga er opptekne av og gi innspel frå fylkeslaget si side. Etter desse rundane vert det føreteke ei oppsummering i styret der saker vart drøfta gjennom.

Styret vil m.a. på nyåret 2007 ta opp spørsmålet om korleis fylkeslaget kan hjelpe lag som slit med å få til aktivitet.

I løpet av året har ein og starta opp med å senda posten elektronisk til lokallag som ønskjer det i staden for den tradisjonelle måten. 14 lag har teikna seg på lista for å få posten den vegen. I løpet av året når spesielle ting pågår og under sjølve jordbruksforhandlingane, bruker kontoret ofte e-post og/eller SMS for å nå raskt ut med informasjon. Etter tilbakemeldingar vi får vert dette positivt motteke.

Administrasjonen ser det og som svært positivt at lokallagsleiarar, andre frå lokallagsstyrta og enkeltmedlemmer tek kontakt pr telefon eller stikk innom kontoret.

Fylkeslaget vil til slutt takka alle i lokallaga for eit svært godt samarbeid og for det enorme arbeidet som er nedlagt til beste for medlemmene og for organisasjonen.

Open Gard- arrangement 2006



Klar for kalvemønstring under Open Gard i Stavanger

Det vart i år halde 5 Open Gard arrangement i fylket 13. august pluss ein i Bjoa 27. august. Besøkstalet på dei ulike plassane var:

- Ca 2.100 på Øksnevad vgd. skule - Bore Bondelag hadde hovudansvaret for denne.
- Ca 600 hjå Liv Jorun og Oddvar Wølstad i Stavanger - ansvarleg Stavanger Bondelag
- Ca 600 hjå Milrid og Ole Andreas Aarsland, Dysjaland - ansvarleg Varhaug Bondelag
- Ca 700 hjå Jan Egil Skjørestad, Dale - ansvarleg Sandnes Bondelag
- Ca 3.000 på Finnøy. Gjennomføringa var på laurdagen 12. august og det var eit ledd i Tomatfestivalen på Judaberg - ansvarleg Finnøy Bondelag

Opplegget Bjoa Bondelag gjennomførde to veker seinare enn dei andre, har vi ikkje fått noko tilbakemelding frå.

Fylkesbondelaget gjekk tidleg ut og oppmoda lag til å planleggja Open Gard. Nokre melde seg heller rask. For å få opplegg fordelt over heile fylket, tok Informasjonsutvalet kontakt med fleire lag i distrikt det ikkje var meldt inn opplegg frå for å få til Open Gard der og. Det lukkast ikkje i år, men målet er å få til opplegg rimeleg fordelt over heile fylket framover.

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget i alle fylke i mange år nå og i år er det 17. året vi har slike arrangement i Rogaland. For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det ein krevjande jodd, men det har utan tvil ein stor verdi for landbruket sitt biletet utad. Rogaland Bondelag vil retta ein varm takk til dei som har teke dette på seg - både vertane som opnar tunet sitt og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsatt kan få ha slike arrangement i fylket.

Med grunnlag i oppsummering av opplegget i år, sende styret brev til Norges Bondelag der ein oppmoda til at den faste datoene for arrangementet vart to veker seinare i august jamført med datoene i år. Ein oppmoda Norges Bondelag og om å vurdera å opna opp for at godkjende medlemmer av Bondens Marked får sleppa til med sal av sine produkt under desse arrangementa.



Reime

REIME AGRI AS

Reime Agri AS

Jernbaneveien

4365 Nærø

www.reimeagri.no

Markedsledende brannalarmanlegg for norsk landbruk

Brannalarmspesialisten gjennom 15 år

FG-godkjent grunnpakke, fra **Kr 15.450,-**



TRÅDLØS, FOR DEG SOM IKKE
ØNSKER HULL I VEGGER OG TAK



KABELBASERT MED ALLE
STYRINGSMULIGHETER



VELPRØVD OG MED ALLE
FASILITETER INKLUDERT



Voice FP 400, BENYTTERES HVOR
MINIMUMSLØSNING ER NØDVENDIG



BARON, GODKJENT FOR
BRUK UTEN DRIFT

Pakken inneholder brann-
alarmsentral, aspirasjons-
detektor med rørutstyr,
sløyfemotorer og sløyfemotorer.

Priser er ekskl. mva. og montering

5 års prisgunstig fastrentefinansiering

 **ELOTEC**
Alarm og overvåking

Kontakt oss for uforpliktende tilbud, klikk deg inn på www.eloshop.no
Elotec AS – Industriveien 6, 7340 Oppdal – Tlf: 72 42 49 00 – e-post: info@elotec.no

Medlemsutviklinga

På tredje året på rad har Rogaland Bondelag hatt ein fin auke i talet på medlemmer. I løpet av året har totalt 346 personar meldt seg inn, 166 har meldt seg ut og 27 har gått ut fordi dei ikkje har betalt kontingenget for 2005 og 2006. Dette gir ein **netto auke** på 153 medlemmer i løpet av 2006. Talet på medlemmer pr 31. desember 2006 er såleis 6.179 mot 6.026 ved inngangen av året. Oversikt på lokallagsnivå finn ein lenger bak i årsmeldinga. Av nye medlemmer har 91 produksjon/bruk dei betaler kontingenget for, 75 er såkalla husstandmedlemmer og fleire av desse er nok og kobla opp mot medlemmer med bruk. 175 av dei nye medlemmer betaler berre personleg kontingenget.

Vervearbeidet i lokallaga har vore jamt god i alle laga - berre to lag har ikkje hatt innmelding av nye medlemmer. Flest ny-innmeldingar har Sandnes Bondelag med 31. Elles er det mange lag - 15 - som har 10 eller fleire ny-innmeldingar i løpet av året.

Ser ein på nettoendringa av talet på medlemmer i lokallaga er det 32 lag som har hatt auke med Sandnes som størst netto auke på 19 medlemmer. Tre lag har det same talet på medlemmer ved utgangen av året som ved start og 10 lag

Deltakarane frå
Rogaland under
årsmøtet til Norges
Bondelag juni 2006



har hatt nedgang.

Samla utlikna medlemskontingenget hjå medlemmene i Rogaland Bondelag er på vel 13,5 mill kr og innbetalingsprosenten er tilnærma 100 %. Eit **svært** tilfredsstillande resultat.

Rogaland Bondelag er fortsatt det klart største og einaste fylkeslaget som har over 6.000 medlemmer. Etter oss kjem Nord-Trøndelag og Oppland med henholdsvis 5.402 og 5.382 medlemmer ved årsskiftet. Rogaland er også det fylket som har hatt fleste ny-innmeldingar i løpet av året med 346 personar. Akershus ligg nærmast opp mot oss med 343 ny-innmeldingar. Fire andre fylke - Hedemark, Oppland, Sør-Trøndelag og

Nord-Trøndelag - har over 200 ny-innmeldingar. Resten av fylka har færre.

Medlemsutviklinga viser at det bles ein positiv vind for Bondelaget og at lokallaga med vårt eige Verveutval, har gjort ein fantastisk jobb i løpet av året. Fleire av dei andre fylka har også hatt hjelp av profesjonelle telefonvervarar, noko Rogaland til nå ikkje har gått inn på. Etter oppfordring frå Verveutvalet, vil styret på nyåret av 2007 drøfta om ein skal endra haldning til telefonverving og gjennomføra eit slikt opplegg her og.

Ved denne drøftinga konkluderte styret at ein fortsatt skulle vera avventande med å gå inn på telefonverving.

Serigstad

I 142 år har vi produsert maskiner og redskap for landbruket, - det akter vi å fortsette med!

Vi kommer stadig med nye løsninger som letter bondens arbeid - du finner det meste på vårt nettsted;

www.serigstad.no

Tlf. 51 77 21 00 - fax; 5177 21 31 e.post; ts@serigstad.no

Lyse

Prosjekt Utmarksbasert Reiseliv i Rogaland

Det er aukande interesse hjå grunneigarar og lokale reiselivsbedrifter å utvikle markedstilpassa produkt basert på utmarksressursane. Samtidig er det ein viktig trend blant turistar at interessa for natur og kulturbaserte aktivitetar stig. Med grunnlag i dette har Skogeigarlaget Vest og Rogaland Bondelag i fleire år arbeidd saman i ulike prosjekt retta mot reiselivsnæringa.

Hausten 2005 starta dei to organisasjonane opp eit treårig prosjekt "Utmarksbasert Reiseliv i Rogaland." Prosjektet er med i den landsomfattande satsinga i regi av Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund som skal bidra til å utnytta ressursane som ligg i utmarka knytta til jakt, fiske og andre opplevelsesbaserte aktivitetar. Prosjektet er spesielt retta mot grunneigarar som driver eller har planar om å utvikle utmarkstilbod.

Sekretær og prosjektleiar Jostein Nørstebø, er tilsett i Skogeigarlaget Vest og har kontorstad i Årdal. Kjell Høyvik er Rogaland Bondelag sin representant i styringsgruppa, han er og leiar av gruppa.

Prosjektet har eit tett samarbeid med Bygde- og Næringsutviklingsprosjekta som Fylkesmannens Landbruksavdeling har på Haugalandet, Indre og Ytre Ryfylke og i Dalane. I tillegg er destinasjonsselskapa Reisemål Syd Vest, Reisemål Ryfylke og Haugaland Reiseliv, samt andre markedsføringskanalar og reiselivsaktørar viktige samarbeidspart-



narar i dette arbeidet. Prosjektet knyttar til seg spisskompetanse etter behov.

Saman med medarbeidarane skal prosjektet arbeida med:

- Ressurskartlegging
- Forretningsplan
- Søknadar og kontraktar
- Markedsretta produktutvikling
- Fagsamlingar, kurs, studieturar, nettverk m.m. innan utmarksbasert reiseliv
- Markedsføring, sal og etablera kontakt med andre

Eit viktig arbeid med prosjektet er å utvikla såkalla fyrtårntilbydarar og det er nå etablert kontakt med 4 slike:

- Alt i fisk - Vats-opplevelser
- Eventus AS, Suldal
- Mo feriehytter, Suldal
- Mo laksegard, Suldal

I løpet av året er det arrangert fagsamlingar innan utmarksbasert reiseliv. Via prosjektet er det og oppretta nettverk for ulike grupper av entreprenørar. Her har ein og god kontakt med prosjekt innan utmarksnæring i Hordaland.

Bygdefolkets Studieforbund - Rogaland

Bygdefolkets Studieforbund (BSF) er eit felles studieforbund for Norges Bondelag, Norges Bygdekvinnelag, Norges Bygdeungdomslag, Norges Skogeigarforbund, Norsk Sau og Geit, Landbruks Forsøksringer, Norges Birøkterlag, Norsvin, Norges Pelsdyralslag, GENO, TINE, Norsk Kjøttsamvirke, Gartnerhallen, Prior Norge, Honningsentralen, Norske Felleskjøp, HOFF Norske Potetindustrier og Gjensidige Forsikring.

BSF ønskjer å vera eit godt serviceorgan for brukarane og vera eit godt

verkty i deira arbeid med opplæring og arbeider aktivt for å få til eit godt tilbod med opplæring for vaksne i bygdene. Styret er samansett av representantar frå medlemsorganisasjonane. BSF Rogaland har i meldingsåret avvikla fire styremøte.

I 2006 vart det sentralt sett ned eit utval som skulle sjå på organiseringa, og koma med forslag om korleis BSF skal organiserast i framtida. Rapporten skal ut på høyring i medlemsorganisasjonane våren 2007.

Studieaktiviteten syner ei dalande kurve, mange lag har ikkje hatt aktivitet, mens andre har stor aktivitet.

Rogaland Bondelag har ved fleire høve som t.d. på årsmøta i lokallaga og på distriktsmøta, teke opp studiearbeidet som eit sentralt tema og oppmoda til auka aktivitet. Det kan vera med og få nye og meir aktive medlemar i laga.

Viser elles til årsmeldinga for Bygdefolkets Studieforbund i Rogaland med meir informasjon om studiearbeidet i fylket.

Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved landbruksrekneskapskontora i fylket - 22 lag har avtale med Norges Bondelag - vart halde på Rica Maritim Hotell, Haugesund 23. og 24. november. I fra rekneskapslaga møtte det nær 160 personar. Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske biten av arrangementet, medan Norges Bondelag har ansvar for den faglege delen.

Av viktige tema som var opp var mellom anna skatteopplegget for 2006 - lovar og forskrifter, samt element i ny skattereform. Andre tema Mari Gjølstad og Arnstein Tveito fra Norges Bondelag foreles om var aktuelle dommar og uttalelser i frå ulikt hald i løpet av det siste året samt element rundt trygd og pensjon. Representantar frå fylkesskattekontoret hadde og som vanleg ein time av programmet og gjekk gjennom viktige element ang. Alt inn og andre sentrale postar.

Med rundt 160 deltakarar i salen er kurset heller stort. For å dela opp kurset noko vart det første dag gjennomført parallele seksjonar der deltakarane sjølv valde kva opplegg dei ville følgja. Tema på dess seksjonane var:

- Skattereformen - aksjonærmodellen
 - ansvarleg Norges Bondelag
- Obligatorisk tenestepensjon
 - ansvarleg Gjensidige
- Ansvarleg selskap - deltakarmodellen
 - skatt, avgift og rekneskapsreglar
 - ansvarleg NB
- Effektivitetskontrollen for ku
 - samarbeidet med rekneskapsførarar
 - ansvarleg TINE

To og to av kursa gjekk parallelt.

Kurset er stort, men det er også viktig at rekneskapsførarane frå heile fylket får koma saman. Den sosiale biten er såleis også viktig og under middagen første dagen hadde ein og leidd inn "Han innante" for ein halv times underhaldning.

Framtidas regnskapskontor

Temaet for det tradisjonelle ekstrakurset i år - 22. november - var Framtidas regnskapskontor. Forelesar var rekneskaps-sjef ved Vekstra AS, Endre Jørgensen. Han gjekk grundig gjennom element som legg grunnlag for rekneskapsføringa og kva krav det bør stillast til

kontor som skal stå for reknskapsføring og den økonomiske rettleiing framover. 40 rekneskapsførarar deltok på dette ekstrakurset.

Samrådingsmøtet

Tradisjon tru vart styremedlemmene i rekneskapslaga også i år inviterte til samrådingsmøtet. 20 styremedlemmer deltok. Sidan temaet for ekstrakurset var Framtidas regnskapskontor, var det naturlig å leggja første dag av samrådingsmøtet til dette kurset. Andre dag var Endre Jørgensen med styremedlemmene ekstra frå morgonen av og drøfta same temaet med vekt på styremedlemmene sin plass og ansvar for utviklinga av rekneskapskontora.

Siste del av samrådingsmøtet vart nytta til å drøfta dei lokale lønnsforhandlingane og felles ting for styra i rekneskapslaga.

Samarbeidet mellom Rogaland Bondelag og Gjensidige Forsikring

Samarbeidet byggjer på den sentrale avtalen mellom Gjensidige Forsikring og Norges Bondelag der det m.a. heiter at det skal vera eit samarbeidsorgan i kvart fylket og at dette skal ha minst to møte. Vidare skal det utarbeidast ein fylkesvis arbeidsplan. Samarbeidsutvalet i Rogaland har hatt to møte.

Arbeidsplan for 2006

I arbeidsplanen er det lagt opp til konkrete mål både for vergearbeidet til bondelaget og for tilslutning til bondelaget si gruppelivsordning. Ang. førebyggjande tiltak som møte om helse og sikkerhet, er det også sett klare mål.

I planen vert det lagt stor vekt på arbeid med trygging av familien med fokus på unge bønder. Vidare har ein følgd

opp saker medlemmene har teke opp.

Ekstra i år var gjennomføring av eit eige kurs på Bryne 25. oktober for tilsette ved rekneskapskontora. Rundt 20 frå rekneskapslaga deltok og tema her var forsikring av bygningar, avbrotsforsikringar, maskin og traktorforsikringar og personskadeforsikring. Representantar frå Gjensidige foreles. Det var ein grundig gjennomgang av oppsette tema der deltakarane nytta høve til å utdjupa temaet gjennom spørsmål. Deltakarane fekk også med seg eigen kursperm.

Sikkerhet og helse

I løpet av meldingsåret har fleire lokal-lag gjennomført møteopplegg med vekt på sikkerhet og helse. I september gjen-

nomførde Bjerkeim Bondelag eit eige møte etter opplegget utarbeidd sentralt ang. Helse og Miljø. På dette møtet og andre stader har Gjensidige saman med andre, delteke med faglege innslag og sett fokus på viktige element ang. førebyggjande helsetiltak samt brannføre-byggjande tiltak som vedlikehaldsavtalar for det elektriske anlegget og brannvarslingsanlegg. Landbrukets HMS-teneste har også delteke på fleire av desse møta.

Distriktsmøta

Ein frå Gjensidige deltok på alle distriktsmøta. Temaet for dei var forsikringsavtalen mellom Gjensidige og Norges Bondelag.

Personalet



Personalet ved kontoret hausten 2006. Frv.: Gislaug S. Sele, Signe Henriksen, Olav Sande, Svein Helge Harbo, Marlen Hognestad og Målfrid Husebø. Prosjektleiar Kirsten Meyer-Knutsen arbeider og ved kontoret. Sjå biletet side 35.

I løpet av året har det ikkje vore noko skifte i det faste mannskapet ved Rogaland Bondelag sitt kontor. Med grunnlag i oppstartinga av eit prosjekt med felles sekretariat for organisasjonane Bondens Marked, Norsk Gardsmat og Bygdeturisme og Inn på Tunet vart Kirsten Meyer-Knutsen tilsett som prosjektleiar her. Ho tok til i stillinga 20. mai og har fast kontorstad ved bondelaget sitt kontor.

Følgjande har hatt sitt arbeid ved kontoret gjennom året:

- Organisasjonssjef Svein Helge Harbo
- Førstekonsulent Olav Sande
- Førstekonsulent Signe Henriksen
- Sekretær Gislaug Søyland Sele - 90 % stilling
- Studieinstruktør Målfrid Husebø - 60 % stilling
- Organsasjonssekretær for RBU Marlen Hognestad - 50 % stilling
- Prosjektleiar Kirsten Meyer-Knutsen - 60 % stilling

Målfrid Husebø har gått i full stilling frå 1. sept til ut året for å ta Gislaug Søyland Sele sin del av jobb overfor Rogaland Bygdekvinnelag i perioden ho var delvis sjukemeld.

Spesielt i år ang. dei tilsette har vore at både Signe Henriksen og Svein Helge Harbo har arbeidd i Bondelaget i meir enn 25 år. Svein Helge tok til 1. februar og Signe 17. februar i 1981. Dette vart behørleg markert under middagen til fylkesårsmøtet våren 2006. Etter tradisjon frå Norges Bondelag, vart dei og saman med sine respektive ektefelle,

inviterte til den tradisjonelle julemid-dagen styret i Norges Bondelag har i samband med styremøtet i desember. Her vert tilsette som har vore i Bon-delaget si teneste i 25 år i løpet av året, inviterte. Også her vart det retta varmt takk for lang og solid innsats for orga-nisasjonen. Blomster og gaver - bonde-sølv - vart overrekt.



Ved overrekkinga av
gaver til Signe
Henriksen og Svein
Helge Harbo for 25
års teneste i Rogaland
Bondelag. Kjell
Høyvik til venstre.

Rekneskapen 2006

Inntekter:	Rekneskap 2005	Budsjett 2006	Rekneskap 2006	Utgifter:	Rekneskap 2005	Budsjett 2006	Rekneskap 2006
Avgiftsfritt varesal	2 569,00	3 000	1 546,50	Avgiftsfritt varekjøp	2 969,91	3 000	636,00
Årsmøtet, deltakaravgift	51 300,00	54 000	55 400,00	Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling	202 000,00	220 000	140 000,00
Leiarmøtet. deltakaravgift	129 450,00	28 000	27 285,00	Daggodtgjersle - styret	198 100,00	211 500	244 550,00
Leiarmøtet, tilskot	105 000,00			Arbeidsgjeveravgift - styret	26 837,10	32 000	35 077,05
Tilskot Nye bønder kurs frå NB og SR	61 784,50		53 471,32	Møte- og reiseutgifter - styret	67 567,00	109 000	93 605,20
Agrovisjon - refusjonskrav	20 000,00			Servering styremøte m.m.	48 933,50	50 000	44 596,96
Annonseinntekter, årsmeldinga	51 400,00	48 500	48 500,00	Ymse møte	11 040,20	12 000	12 495,00
Tilskot til vervearbeit 2006 frå NB	15 000,00	15 000	15 000,00	Utvala, daggodtgj., møte- og reiseutg.	35 152,30	60 000	77 729,45
Rammebevilgning frå Norges Bondelag	714 200,00	729 000	728 500,00	Årsmøtet	126 109,00	125 000	131 075,85
Refusjon kontorteneste:				Leiarmøta	309 030,50	60 000	80 763,10
RBK	65 000,00	65 000	45 000,00	Distriktsmøta	19 450,50	20 000	16 182,00
RBU	40 000,00	40 000	35 000,00	Nye brukar kurs	61 784,50		56 750,92
Godtgj. for arb. med Inn på Tunet konferanse			18 450,00	Årsmeldinga	46 960,00	52 000	49 450,00
Prosjektet - felles sekretariat Note 1			226 338,73	Nye aktiviteter/Agrovisjon	36 882,50		
Tilskot Samarbeidsrådet/sponsormidler	42 000,00	42 000	42 000,00	Valmøta	25 447,70		
Tatt av tidlegare avsetningar	1 491,10			Ymse kostnader	2 172,00		11 666,00
Renteinntekter	12 653,00	13 000	20 257,00	Informasjonsmateriell/internett	3 000,00	4 000	3 750,00
Bruk av eigenkapitalen		18 000		Telefongodtgjersle - styret	4 500,00	7 500	7 500,00
Avsette midlar til:				Representasjon	6 117,20	12 000	21 374,00
Vervearbeit (tatt av avsette midlar)		12 709	7 915,30	RB sin del av fylkesleiars reisebudsjett	10 957,00	50 000	58 931,00
EU-arbeidet			8 281	Open Gard	1 800,00	2 000	1 586,00
Avsett til PowerPoint		10 000		Støtte til JordvernF/Sør-Øst-Asia	6 000,00		
Avsett til utadretta informasjon		20 000		Støtte til Høgskulen/ Dødpeilesender Note 2			35 000,00
Rest aktive lokallagsmidlar		106 092		Prosjektet - felles sekretariat			226 338,73
Sum inntekter	1 311 847,60	1 212 582	1 324 663,85	Gebyr	3 913,00	4 000	2 962,90
Underskot 2006			61 937,61	EU-arbeidet/rest avsetning		8 281	
			1 386 601,46	Verveutvalet	16 491,10		22 915,30
				Vervearbeitet/rest avsetning + tilskot NB		16 209	
				Støtte til Prosjektet - felles sekretariat Note 1		18 000	11 666,00
				Avsett til PowerPoint serie Rog.		10 000	
				Avsett til utadretta informasjon for fylkesl.		20 000	
				Rest Aktive lokallagsmidlar		106 092	
				Udisponerte midlar/ overført eigenkap	38 632,59		
				Sum utgifter	1 311 847,60	1 212 582	1 386 601,46

Noter til rekneskapen for 2006

Note 1:

Prosjektet - felles sekretariat er eit prosjekt Rogaland Bondelag har starta opp i samarbeid med Bondens Marked, Norsk Gardmat og Bygdeturisme, Inn på tunet i Rogaland og Fylkesmannen landbruksavdelinga for å styrke sekretariatsfunksjonen for dei nemnde organisasjonane. Hovudfinansieringa kjem frå BU-midlar, men kvar av dei tre organisasjonane og Rogaland Bondelag skal bidra med ein viss eigenkapital. Prosjektet er nærmere omtalt lenger framme i årsmeldinga.

Rekneskapen for prosjektet vert ført av Rogaland Bondelag og er ein del av den totale rekneskapen. Samla kostnadar for perioden av prosjektet inkludert utlysinga av prosjektstillingen, er kr 226.338,73. Mesteparten av dette er dekkja opp via bidragsytarane, men ved årsskiftet har Rogaland forskottert kr 62.452,-. (Sjå post i status.) Dette beløpet vil ein be om vert refundert frå FMLA med det første.

Note 2:

Styret har gitt tilskot på kr 10.000,- til ein dødpeilesendar for sau i Lund og kr 25.000,- til fornying av eigenkapitalen til Høgskulen Landbruk og Bygde- næringer. Begge tiltaka er nærmere omtalte lenger framme i årsmeldinga.

Status pr. 31 desember 2006

Eigedeler:	2005	2006	Skuld og eigenkapital:	2005	2006
Andelar Jæren Folkehøgskule	4,00	4,00	Eigenkapital pr. 01.01.	369 693,97	408 326,56
Andelar Høgskulen på Jæren	5,00	5,00	Underskot 2006	38 632,59	-61 937,61
Andelar Fagforum for mat og drikke	1,00	1,00	Eigenkapital pr. 31.12.	408 326,56	346 388,95
Andelar A/S Nationen	1,00	1,00			
Mellomrekning RBU		35 000,00	Skuldig forskottstrekk	38 482,00	62 115,00
Andre kortsiktige fordringar	63 956,00	15 990,00	Skuldig arbeidsgjeveravgift	14 391,75	28 718,01
Prosjektet - felles sekretariat - krav Note 1	20 000,00	62 452,73	Avsett til medlemsverving	12 708,43	4 793,13
Kasse	2 318,90	1 382,00	Avsett til EU-kamp	8 281,40	8 281,40
Sparebank 1 SR-Bank	470 920,82	390 874,84	Ubetale rekningar	15 017,75	7 051,25
Nortura Gilde Vest BA - innskot	51 629,68	52 791,68	Mellomrekning Norges Bondelag	10 957,00	
Konto for skattetrekk	39 186,76	704,76	Rest "aktive lokallag"	106 092,22	66 248,22
			Velferdsmidlar til dei tilsette	3 766,05	5 611,05
			Avsett til PowerPoint serie om RB	10 000,00	10 000,00
			Avsett til utadretta informasjon	20 000,00	20 000,00
			Sum skuld	239 696,60	212 818,06
Sum	648 023,16	559 207,01	Sum skuld og eigenkapital	648 023,16	559 207,01

Stavanger, 31. desember 2006

Signe Henriksen
rekneskapsførar

Svein Helge Harbo
organisasjonssjef

Revisjonsfråsegn:
Revisjonsfråsegn: Rekneskapen er revidert og funnen i orden

Stavanger, 1. februar 2007

Bjørn Vistnes

Svein Levik

Styret
Stavanger, 25. januar 2007

Arna Høyland
leiar

Sigmund Slettebø
nestleiar

Arnstein Gilje

Tjalve Lekvam

Vigdis B. Nes

Anne B. Kyllingstad (RBK)

Rune Lode (RBU)

Leiarane i lokallaga

	Leiarane 2005/2006	Leiarane 2006/2007
1101 01 Eigersund	Øyvind Voilås	Øyvind Voilås
1101 02 Helleland	Torbjørn Birkeland	Sigrunn H. Rundevold
1102 01 Sandnes	Leidulf Harboe	Leidulf Harboe
1102 02 Riska	Sigmund Svendsen	Sigmund Svendsen
1103 01 Stavanger	Erling Bjørnsen	Karl Anders Nilsen
1106 01 Skåre	Johannes Alne	Johannes Alne
1111 01 Sokndal	Gaute Urdal	Gaute Urdal
1112 01 Lund	Svein Arne Hamre	Svein Arne Hamre
1112 02 Heskestad	Per Børge Ollestad	Øivind Mikkelsen
1114 01 Bjerkreim	Stein Pettersen	Stein Pettersen
1119 01 Ogna	Laurits Stokkeland	Miriam Sør-Reime
1119 02 Nærø	Miriam Sør-Reime	Ole Andreas Aarsland
1119 03 Varhaug	Peter Vagle	Abraham E. Aarsland
1119 04 Vigrestad/Søre Hå	Abraham E. Aarsland	Ståle Østrem
1120 01 Klepp	Berit Braut	Odd Sele
1120 02 Bore	Odd Sele	Sven P. Erga
1120 03 Orre	Sven P. Erga	Christian Aasland
1121 01 Time	Christian Aasland	Ingvald Tjetland
1122 01 Gjesdal	Ola Andreas Byrkjedal	Malvin Hebnes
1124 01 Sola	Arne Rege	Jarmund Harestad
1127 01 Randaberg	Trond Vistnes	May Ann M. Levik
1129 01 Forsand	May Ann M. Levik	Paul Tore Barkve
1130 01 Strand	Paul Tore Barkve	Per Inge Egeland
1133 01 Hjelmeland	Per Inge Egeland	Arild Hebnes
1134 01 Suldal	Arild Hebnes	Ola Magnar Birkeland
1135 01 Sauda	Ola Magnar Birkeland	Kai Petter Flesjå
1141 01 Finnøy	Sverre Vanvik	Rasmus Bø
1141 03 Fogn	Rasmus Bø	Jon-Arne Vadla
1141 04 Sjernarøy	Jon-Arne Vadla	Oddgeir Vestersjø
1141 05 Ombo	Oddgeir Vestersjø	Olav T. Bø
1142 01 Rennesøy	Olav T. Bø	Jostein Bjarne Reianes
1142 02 Mosterøy	Jostein Bjarne Reianes	Anders Nordbø
1144 01 Kvitsøy	Anders Nordbø	Louis Medhaug
1145 01 Bokn	Louis Medhaug	Arild Hopland
1146 01 Tysvær	Arild Hopland	Karl Magnus Kirkhus
1149 01 Nord-Karmøy	Karl Magnus Kirkhus	Eirik Langåker
1149 04 Sør-Karmøy	Eirik Langåker	Bjarne Austrheim
1151 01 Utsira	Bjarne Austrheim	Stein Tore Lillemo
1154 01 Vikedal	Stein Tore Lillemo	Magne Økland
1154 02 Sandeid	Magne Økland	Arne Svandal
1154 03 Imsland	Arne Svandal	Arve Mjølhus
1154 04 Vats	Arve Mjølhus	Johannes Hustveit
1154 05 Skjold	Johannes Hustveit	Henrik Nerheim
1159 01 Ølen	Henrik Nerheim	Ernst Grønnestad
1159 02 Bjoa	Ernst Grønnestad	Inger H. Bjordal
1159 03 Vikebygd	Inger H. Bjordal	Inger H. Bjordal

Medlemsoversikt

	Medlemstal 01.01.2006	Ut	Inn	Stopp ubetalt	Medlemstal 31.12.2006
Fylkeslaget direkte	7	1	1	0	7
Eigersund	73	2	6	0	77
Helleland	99	3	5	0	101
Sandnes	436	11	31	3	455
Riska	82	2	6	0	86
Stavanger	128	2	12	1	137
Skåre	28	5	0	0	23
Sokndal	41	1	2	1	41
Lund	53	2	5	0	56
Heskestad	46	3	0	0	43
Bjerkreim	335	9	18	3	341
Nærø	341	12	5	1	333
Varhaug	286	5	4	5	280
Søre Hå	211	5	14	1	219
Klepp	201	4	8	0	205
Bore	114	4	3	0	113
Orre	157	6	6	1	156
Time	521	12	18	3	524
Gjesdal	253	4	17	0	266
Sola	217	6	12	1	222
Randaberg	159	4	8	1	162
Forsand	50	0	3	0	53
Strand	138	2	14	0	150
Hjelmeland	199	4	19	0	214
Suldal	228	7	15	0	236
Sauda	63	1	5	0	67
Finnøy	221	7	12	1	225
Fogn	36	1	2	0	37
Sjernarøy	50	1	5	0	54
Ombo	29	1	3	0	31
Rennesøy	132	4	10	0	138
Mosterøy	84	1	7	1	89
Kvitsøy	9	0	1	0	10
Bokn	36	0	1	1	36
Tysvær	209	7	13	2	213
Nord-Karmøy	107	6	3	0	104
Sør-Karmøy	89	4	3	0	88
Utsira	2	0	0	0	2
Vikedal	57	2	5	0	60
Sandeid	84	5	5	1	83
Imsland	45	0	7	0	52
Vats	119	2	10	0	127
Skjold	106	5	12	1	112
Ølen	77	2	9	0	84
Bjoa	37	0	1	1	37
Vikebygd	31	1	0	0	30
	6026	166	346	27	6179

Gardsrekneskapslag i Rogaland

Lag/kontor	Rekneskapssjef	Lag/kontor	Rekneskapssjef
Bjerkreim Rekneskapskontor AS Nesjane 4389 Vikeså 51 45 21 88 - fax 51 45 21 58 - post@bras.no	Jostein Røysland	Nærbø Gardsrekneskapslag Jadarvegen 15 4365 Nærbø 51 79 97 50 - fax 51 79 97 60 - naerbo@grl.no	Karl-Olav Tufteskog
VS Regnskap Strandgt. 44 B 5528 Haugesund 52 72 70 22 - fax 52 71 25 49 - vsregn@online.no	Vigdis Ø. Sandsgaard	RegnskapService Haugaland AS Jan Thomassen Postboks 185 4297 Skudeneshavn 52 84 65 00 - fax 52 84 65 01 - skudenes@regnskapservice-haugaland.no	
Finnøy Økonomi AS Landbrukets Hus 4160 Finnøy 51 71 45 00 - fax 51 71 45 01 - post@finnøy.com	Elise Lunde	Rennesøy Rekneskapslag Vikevåg 4150 Rennesøy 51 72 00 00 - fax 51 72 00 01 - everone@rennrekn.no	Gunnar Todnem
Fogn Rekneskapslag 4164 Fogn 51 71 09 10 - fax 51 71 09 41 - ottsanda@frisurf.no	Ottar Sandanger	Vik Rekneskapskontor 4174 Helgøysund 51 71 20 00 - fax 51 71 20 09 - karin@rederi-regnskap.no	Torbjørg Karin Vik
TF-Rekneskap Fiskåvn. 2, 4120 Tau 51 74 48 80 - fax 51 74 48 81 - odd@tf-regnskap.no	Odd Jøssang	Sola Regnskap BA Postboks 135 4097 Sola 51 71 99 30 - fax 51 71 99 31 - srl@broadpark.no	Sven Olav Borgen
Gjesdal Regnskap AS Postboks 166 4339 Ålgård 51 61 80 44 - fax 51 61 74 72 - gjesdal@grl.no	Lars Helleland	FMS Regnskap DA Postboks 243 Sentrum 4002 Stavanger 51 90 69 10 - fax 51 90 69 11 - post@fms-regnskap.no	Harald Selvåg
ØkoRegn Ryfylke Økonomisenter AS 4137 Årdal i Ryfylke 51 75 27 12 - fax 51 75 27 48	Leif Livastøl	Suldal Økonomi og Rådgiving AS Ola Jelsa Postboks 54 4239 Sand 52 79 05 30 - fax 52 79 05 31 - suldal.okonomi@nam.no	
Høyland Gardsrekneskapslag St. Olavsgt. 2 4319 Sandnes 51 68 62 00 - fax 51 66 27 21 - hg@hgregnskap.no	Geir Borgen	Time Rekneskapslag Håland 4340 Bryne 51 77 18 00 - fax 51 77 18 01 - post@time-rekneskapslag.no	Ingvar Reime
Hå Gardsrekneskapslag Møllevei 4 4360 Varhaug 51 43 06 55 - fax 51 43 01 12 - haa@grl.no	Per Herikstad	Tveit Regnskap AS 5574 Skjold 52 76 71 00 - fax 52 76 71 09 - regnskap@tveit.no	Jarle Tveit
Klepp Rekneskapslag Postvegen 209 4353 Klepp St. 51 78 69 90 - fax 51 78 69 91 - klepp@grl.no	Martin Svebestad	Tysvær Rekneskapslag Postboks 74 5575 Aksdal 52 77 54 15 - fax 52 77 77 17 - post@tysvaer-rekneskapslag.no	Svanhild S. Eide
Økonor Dalane Øyevollveien 10 4460 Moi 51 40 94 00 - fax 51 40 94 01 - asbjorn.tjellesvik@okonor.no	Asbjørn Tjellesvik		

Notater

Notater

Notater

Notater

Notater

Notater